



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	946 670 081
Organisasjonsform:	Sparebank
Foretaksnavn:	SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE
Forretningsadresse:	Langebruvegen 12 6800 FØRDE

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2022 - 31.12.2022
-------------------------	-------------------------

Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	IFRS
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	IFRS

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Ingeborg Aase Fransson
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	30.03.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.06.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kredittinstitusjonar og fi		102 047 536	17 450 350
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar		1 214 853 132	891 323 639
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av renteberande verdipapir		156 381 785	54 863 402
Andre renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden		82 806 961	52 433 163
Sum renteinntekter og liknande inntekter	20	1 556 089 414	1 016 070 554
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på gjeld til kredittinstitusjonar og finansierings		18 396 913	8 577 382
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		307 014 697	104 447 952
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på utskrivne verdipapir		166 292 694	127 154 084
Andre rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden		70 921 441	45 757 674
Øvrige rentekostnader		37 837 805	32 458 620
Sum rentekostnader og liknande kostnader	20	600 463 550	318 395 712
Netto renteinntekter		955 625 864	697 674 842
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	21	163 613 024	146 717 696
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	21	31 016 266	27 895 816
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument		61 529 064	65 755 732
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap		193 000 000	155 000 000
Sum utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	22	254 529 064	220 755 732
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på utlån og krav		-161 123 761	-94 266 086
Netto verdiendring og vinst/tap på renteberande verdipapir		-44 856 509	-7 342 655
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og andre		-6 698 609	86 276 416



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
eigenkapitalinstrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på finansielle plikter (med unntak av finansielle derivat)		120 429 691	81 681 678
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat		48 132 049	41 008 592
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	22	-44 117 139	107 357 945
Andre driftsinntekter	23	12 138 872	11 427 012
Lønn og andre personalkostnader	24,25, 26	256 320 262	244 044 184
Andre driftskostnader	24	186 507 689	168 867 933
Av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar			
Avskrivningar		33 216 176	39 317 333
Vinst/tap		886 024	-845 431
Sum av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar	33,34, 35	-32 330 152	-40 162 764
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til verkeleg verdi over resultat		1 019 409	581 731
Kredittap på garantiar og ubenyttta rammekreditter som ikkje målast til verkeleg verdi over resultat		21 873 008	-38 428 579
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	15	22 892 417	-37 846 848
Resultat før skatt frå vidareført verksemd		812 722 899	740 809 378
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	27	141 475 732	107 941 705
Resultat etter skatt frå vidareført verksemd		671 247 167	632 867 673
Resultat før andre inntekter og kostnader		671 247 167	632 867 673
Andre inntekter og kostnader			
Estimatendringer knytta til ytelsesbaserte pensjonsordninger			0
Sum andre inntekter og kostnader		0	0
Totalresultat for rekneskapsåret		671 247 167	632 867 673



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
---------------------	-------------	-------------	-------------



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar		19 071 799	22 448 949
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		5 032 350 846	1 866 217 754
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	3,17,2 8	5 032 350 846	1 866 217 754
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til verkeleg verdi		3 684 924 465	4 012 909 955
Utlån og krav på kundar til amortisert kost		29 587 224 526	30 034 434 862
Sum utlån og krav på kundar	3,7- 16,28	33 272 148 991	34 047 344 817
Renteberande verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi		7 259 493 306	8 871 232 111
Sum renteberande verdipapir	3,29	7 259 493 306	8 871 232 111
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	3,30	716 321 644	214 886 587
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	3,31	758 088 310	765 257 840
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar			
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar	32	2 552 000	2 552 000
Eigarinteresser i konsernselskap			
Eigarinteresser i konsernselskap	32	2 212 210 489	1 812 210 489
Immaterielle eigedelar			
Immaterielle eigedelar	33	13 554 976	23 939 974
Varige driftsmiddel			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Eigarnytta eigedom		25 968 132	16 083 575
Andre varige driftsmiddel		53 152 451	63 255 311
Sum varige driftsmiddel	34-35	79 120 583	79 338 886
Andre egedelar			
Egedelar ved utsett skatt	27	29 334 801	18 468 767
Andre egedelar	36	158 860 163	44 488 809
Sum andre egedelar		188 194 964	62 957 576
Anleggsmiddel og avhendingsgrupper holdt for salg			
SUM EIGEDELAR		49 553 107 908	47 768 386 983
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		639 882 271	642 357 267
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	3,17,2 8	639 882 271	642 357 267
Innskot og andre innlån kundar			
Innskot og andre innlån frå kundar til verkeleg verdi		1 507 003 900	1 012 294 997
Innskot og andre innlån frå kundar til amortisert kost		33 362 569 077	31 555 544 740
Sum innskot og andre innlån frå kundar	3,28,3 7	34 869 572 977	32 567 839 737
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til verkeleg verdi		2 467 041 986	3 081 568 696
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost		3 349 483 667	4 226 104 461
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir	3,28,3 8	5 816 525 653	7 307 673 157
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	3,30	680 259 503	162 444 902
Anna gjeld			
Anna gjeld	39	167 145 285	205 901 089



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Avsetjinger			
Pensjonsplikter	25	43 018 045	39 907 167
Pliktar ved periodeskatt		153 031 064	121 336 389
Avsetjinger på garantiar og unyttta rammekredittar		19 888 348	14 775 878
Andre avsetjinger		42 618 234	51 597 207
Sum avsetjinger	39	258 555 691	227 616 641
Ansvarleg lånekapital			
Ansvarleg lånekapital til amortisert kost		603 397 167	601 601 500
Sum ansvarleg lånekapital	40	603 397 167	601 601 500
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		0	0
Sum gjeld		43 035 338 547	41 715 434 293
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital/eigarpartskapital		2 210 318 700	2 210 318 700
Behaldning av egne aksjar/eigenkapitalbevis		-2 841 235	
Overkursfond		15 608 378	15 608 378
Kompensasjonsfond		438 304 978	383 460 943
Fondsobligasjonskapital		350 000 000	350 000 000
Sum innskoten eigenkapital	48	3 011 390 821	2 959 388 021
Opptent eigenkapital			
Fond for vurderingsskilnader		194 479 353	53 667 204
Fond for urealiserte vinster		374 757 788	400 418 399
Utjammingsfond		2 689 343 155	2 452 130 383
Annan eigenkapital		247 798 244	187 348 683
Sum opptent eigenkapital		3 506 378 540	3 093 564 669
Sum eigenkapital		6 517 769 361	6 052 952 690
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	48	49 553 107 908	47 768 386 983



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kredittinstitusjonar og fi		8 605 532	471 858
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar		1 946 683 130	1 335 499 291
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av renteberande verdipapir		139 828 964	32 371 261
Andre renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden		80 991 714	51 724 898
Sum renteinntekter og liknande inntekter	20	2 176 109 340	1 420 067 308
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på gjeld til kredittinstitusjonar og finansierings		11 913 776	7 230 485
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		306 822 703	104 361 818
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på utskrivne verdipapir		598 265 643	283 823 779
Andre rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden		70 292 976	45 013 203
Øvrige rentekostnader		41 313 442	35 113 824
Sum rentekostnader og liknande kostnader	20	1 028 608 540	475 543 109
Netto renteinntekter		1 147 500 800	944 524 199
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	21	165 846 565	148 934 122
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	21	31 016 266	27 895 816
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument		61 529 064	65 755 732
Sum utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	22	61 529 064	65 755 732
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på utlån og krav		-161 593 247	-95 654 809
Netto verdiendring og vinst/tap på renteberande verdipapir		-48 411 266	-8 396 520
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og andre eigenkapitalinstrument		-6 698 609	86 276 415



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Netto verdiendring og vinst/tap på finansielle plikter (med unntak av finansielle derivat)		315 006 743	195 890 515
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat		-159 377 346	-71 351 400
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	22	-61 073 725	106 764 201
Andre driftsinntekter	23	31 481 351	35 635 004
Lønn og andre personalkostnader	24,25, 26	275 808 331	262 960 350
Andre driftskostnader	24	199 170 005	181 624 049
Av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar			
Avskrivningar		29 787 781	36 884 912
Vinst/tap		5 658 053	-1 637 762
Sum av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar	33,34, 35	-24 129 728	-38 522 674
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til verkeleg verdi over resultat		1 015 018	482 385
Kredittap på garantiar og ubenyttta rammekreditter som ikkje målast til verkeleg verdi over resultat		34 710 530	-37 084 506
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	15	35 725 548	-36 602 121
Resultat før skatt frå vidareført verksemd		779 434 177	827 212 490
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	27	176 972 045	161 035 254
Resultat etter skatt frå vidareført verksemd		602 462 132	666 177 236
Resultat før andre inntekter og kostnader		602 462 132	666 177 236
Andre inntekter og kostnader			
Sum andre inntekter og kostnader		0	0
Totalresultat for rekneskapsåret		602 462 132	666 177 236



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar		19 071 799	22 448 949
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		713 926 223	717 024 097
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	3,17,2 8	713 926 223	717 024 097
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til verkeleg verdi		3 680 284 052	4 040 913 986
Utlån og krav på kundar til amortisert kost		57 503 740 629	53 302 901 821
Sum utlån og krav på kundar	3,7- 16,28	61 184 024 681	57 343 815 807
Renteberande verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi		7 466 877 203	6 602 552 900
Sum renteberande verdipapir	3,29	7 466 877 203	6 602 552 900
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	3,30	375 474 383	184 735 939
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	3,31	758 088 310	765 257 840
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar			
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar	32	2 552 000	2 552 000
Immaterielle egedelar			
Immaterielle egedelar	33	15 593 275	26 395 790
Varige driftsmiddel			
Eigar nytta eigedom		56 043 786	54 804 435
Andre varige driftsmiddel		31 909 857	36 949 705

**Konsernets balanse**

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Sum varige driftsmiddel	34,35	87 953 643	91 754 140
Andre egedelar			
Egedelar ved utsett skatt	27	20 480 488	11 357 269
Andre egedelar	36	179 621 077	39 721 711
Sum andre egedelar		200 101 565	51 078 980
SUM EIGEDELAR		70 823 663 082	65 807 616 442
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak			
Innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak til amortisert kost		503 776 617	500 211 129
Sum innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak	3,17,2 8	503 776 617	500 211 129
Innskott og andre innlån kunder			
Innskott og andre innlån fra kunder til verkeleg verdi		1 507 003 900	1 012 294 997
Innskott og andre innlån fra kunder til amortisert kost		33 339 436 228	31 523 237 175
Sum innskott og andre innlån fra kunder	3,28,3 7	34 846 440 128	32 535 532 172
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til verkeleg verdi		7 251 024 901	5 094 041 116
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost		19 917 855 634	20 241 143 554
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir	3,28,3 8	27 168 880 535	25 335 184 670
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	3,30	611 631 335	120 736 051
Anna gjeld			
Anna gjeld	39	173 042 949	214 201 857
Avsetjingar			
Pensjonsplikter	25	45 102 637	41 607 769
Pliktar ved periodeskatt		186 784 562	171 609 817



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Avsetjinger på garantiar og unytta rammekredittar		20 132 109	14 912 510
Andre avsetjinger		19 619 539	23 195 100
Sum avsetjinger	39	271 638 847	251 325 196
Ansvarleg lånekapital			
Ansvarleg lånekapital til amortisert kost	40	603 397 167	601 601 500
Sum ansvarleg lånekapital	40	603 397 167	601 601 500
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		0	0
Sum gjeld		64 178 807 578	59 558 792 575
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital/eigarpartskapital		2 210 318 700	2 210 318 700
Behaldning av egne aksjar/eigenkapitalbevis		-2 841 235	
Overkursfond		15 608 378	15 608 378
Kompensasjonsfond		438 304 978	383 460 943
Fondsobligasjonskapital		350 000 000	350 000 000
Sum innskoten egenkapital	48	3 011 390 821	2 959 388 021
Opptent egenkapital			
Fond for vurderingsskilnader		194 479 353	53 667 204
Fond for urealiserte vinster		374 757 788	400 418 399
Utjamningsfond		2 689 343 155	2 452 130 383
Annan egenkapital		374 884 387	383 219 860
Sum opptent egenkapital	48	3 633 464 683	3 289 435 846
Sum egenkapital	48	6 644 855 504	6 248 823 867
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		70 823 663 082	65 807 616 442





Innhald

3	Hovudtal, konsern
4	Adm. direktør har ordet
6	Fakta om Sparebanken Sogn og Fjordane
7	2022 ei kort oppsummering
9	Berekraftsrapport 2022
16	Samfunnsnytt 2022
21	Årsmelding frå styret
40	Styret
42	Resultatrekneskap
43	Balanse
44	Kontantstrømoppstilling
45	Eigenkapitaloppstilling
47	Notar
117	Erklæring frå styret og adm.dir
118	Revisjonsmelding
123	Kvartalsvis resultatutvikling konsern
124	Hovudtal, morbank
125	Resultatrekneskap i prosent av GFK
127	Tillitsvalde
128	Organisasjonskart / Leiargruppa
131	Berekraftsvedlegg
153	GRI-indeks
166	Kontaktinfo SSF



FOTO:

Sparebanken Sogn og Fjordane, Vegard Fimland, Vidar Helle, Photoevent, Sigve Brochmann Rasmussen, Michaela Klouda

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS



Hovudtal, konsern

TAL I MILL. KR.

	2020	2021	2022
RESULTATREKNESKAP			
Netto renteinntekter	907	945	1 148
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument	114	173	0
Andre driftsinntekter	138	157	166
Driftskostnader	491	483	499
Resultat før nedskrivning (inkl. verdipapir)	668	791	815
Resultat før nedskrivning (ekskl. verdipapir)	554	618	815
Nedskrivning på utlån og garantier	112	- 37	36
Resultat før skatt	557	827	779
Skatt	113	161	177
Resultat etter skatt	444	666	602
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0
Totalresultat	443	666	602
BALANSE			
Eigedelar			
Brutto utlån til og krav på kundar	54 883	57 651	61 498
Nedskrivning på utlån	- 353	- 307	- 314
Verdipapirplasseringar (aksjar, rentefond, sertifikat og obligasjonar)	7 166	7 368	8 225
Gjeld og eigenkapital			
Innskot frå og gjeld til kundar	30 665	32 536	34 846
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	25 012	25 835	27 673
Eigenkapital	5 727	6 249	6 645
Forvaltningskapital	62 661	65 808	70 824
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	60 722	64 604	68 515
NØKKELTAL			
Lønsemd			
Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,49 %	1,46 %	1,67 %
Andre driftsinntekter (eks. res. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,23 %	0,24 %	0,24 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,81 %	0,75 %	0,73 %
Resultat før nedskrivning i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,10 %	1,22 %	1,19 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,92 %	1,28 %	1,14 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,73 %	1,03 %	0,88 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,73 %	1,03 %	0,88 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. res. frå fin. instrument	46,96 %	43,87 %	37,99 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. res. frå fin. instrument	42,33 %	37,93 %	37,98 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (resultatført)	0,20 %	- 0,06 %	0,06 %
Eigenkapitalavkastning før skatt 1)	11,05 %	15,38 %	13,21 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)	8,80 %	12,39 %	10,21 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)	8,80 %	12,39 %	10,21 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis (vekta) i kr	19,93	29,91	26,98
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	6,00	9,00	12,00
1) EK-avkastninga er rekna av inng. EK ekskl. hybridkapital			
Soliditet og likviditet			
Kapitaldekningsprosent	18,88 %	19,44 %	20,15 %
Kjernekapitalprosent	17,02 %	17,66 %	18,39 %
Rein kjernekapitalprosent	15,94 %	16,62 %	17,36 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	8,59 %	8,86 %	8,65 %
LCR (Likviditetsindikator)	157 %	140 %	165 %
NSFR konsern			122 %
Balansutvikling			
Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	8,54 %	5,02 %	7,62 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	7,42 %	5,04 %	6,67 %
Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)	7,23 %	6,10 %	7,10 %
Innskot i % av brutto utlån	55,87 %	56,44 %	56,66 %
Tilsette			
Årsverk pr. 31.12.	276	273	283

Adm. direktør har ordet



Framtidsretta og offensiv

Vi går inn i 2023 med krig i Europa, stigande renter, inflasjon og global resesjonsfrykt. Som marknadsleiar i kjerneområdet vårt, lever banken i eit skjebnefellesskap med kundane og lokalsamfunnet. Når verda rundt oss er uroleg, skruv vi opp beredskapen vår for å sikre at vi og kundane våre kan møte det som treff oss offensivt.

Godt resultat i 2022

Sparebanken Sogn og Fjordane kan sjå tilbake på nok eit år med god vekst og resultatutvikling. Eit resultat før skatt på 779 millionar kroner er vi godt nøgd med, sjølv om det er ein nedgang frå eit svært sterkt resultat i 2021.

Vi har ei sterk utvikling i resultatet frå kjerneverksemda vår. Vi har over mange år jobba for ein stabil og god vekst, og haustar godt av dette i 2022. Med framleis god vekst i utlån og innskot, kombinert med eit stigande rentenivå, fekk banken ein sterk auke i rentenettoen. Dette kombinert med god utvikling i andre inntekter og god kostnadskontroll gjer at resultatet blir godt, trass lågare resultat frå finansielle instrument og auka tapsavsetningar i høve til 2021.

God resultatutvikling er eit avgjerande grunnlag for vidare vekst, ikkje minst mot næringslivet. Resultatet

etter skatt for 2022 gir ein eigenkapitalavkastning på 10,2 %. Vi har hatt stabilt gode resultat over fleire år no og har i løpet av dei siste 5 åra ein gjennomsnittleg eigenkapitalavkastning på 10,8 %. Dette gir grunnlag for utbytte til eigarane våre, samstundes som vi sikrar utlånskapasitet til å finansiere kundane våre i åra som kjem.

Stabilt næringsliv

Næringslivet i Sogn og Fjordane har normalt vore mindre volatil enn resten av Norge i urolige tider. Det gjeld også for 2022. Nokre bransjar er prega av høgare priser, lengre leveringstid og renteauke, men hittil har næringslivet stått seg godt og har investert vidare for framtidig vekst. At vi har auka utlåna våre til bedriftsmarknaden med 1,1 milliard kr, det siste året, viser nettopp dette.

Ein sentral del av samfunnsoppdraget til banken er nettopp å vere ei solid finansieringskjelde og ein støttespelar for næringslivet i Sogn og Fjordane. Lokalsamfunna er avhengig av eit velfungerande næringsliv. Bransjekunnskap og kortreiste avgjersler er ein styrke der vi følgjer bedriftskundane våre i utvikling over tid. Banken har solid bransjekunnskap om dei viktige næringane i vårt område, og følgjer situasjonen i næringslivet tett.



Den viktige kunderelasjonen

Å vere tett på og kjenne kundane våre er eit viktig utgangspunkt for å levere god rådgjeving til både person- og bedriftskundar. Vi har ein svært sterk posisjon som marknadsleiar i Sogn og Fjordane, men samtidig leverer vi smarte digitale tenester til privatkundar over heile landet. Dei siste åra har vi styrka satsinga vår på privatmarknaden, utanfor kjerneområdet vårt, og i 2022 kom 8 av 10 nye privatkundar frå andre plassar enn Sogn og Fjordane.

I den nasjonale kundeundersøkinga på personmarknaden frå EPSI Rating, fekk vi førsteplass på omdømme for fjerde år på rad. Denne tilliten er ein motivasjonsfaktor for våre tilsette, og vi jobbar kvar einaste dag for å levere på forventningane.

Endringsdrivar på berekraft

Vi har dei seinare åra tatt strategiske grep for å sikre at vi som institusjon bidrar til å stoppe klimaendringane. Berekraft er naturleg implementert i strategiar, retningslinjer og vi har ei stadig meir omfattande berekraftsrapportering.

Det siste året har vi sett ned fleire kortsiktige og langsiktige mål. Vi har som mål å bli utsleppsfrie i heile banken innan 2050, og skal jobbe aktivt for at Norge skal nå sitt mål om utsleppsreduksjon med minst 55 % innan 2030. Vi jobbar med fleire av FN sine berekraftsmål og har sett opp konkrete tiltak for å bidra for å nå desse. Vi og samfunnet rundt oss har ein lang veg å gå før vi når null-utsleppsmåla, og berekraft vil stå høgt på vår strategiske agenda framover.

Organisasjon og samfunn

Banken har tilsett 150 nye dei siste 4 - 5 åra, og vi har vore gjennom eit betydeleg generasjonsskifte.

I 2022 vart alle tilsette eigarar i banken, gjennom lansering av eit spareprogram i eigenkapitalbevis. Vi ønskjer at tilsette skal ta del i verdiane som vert skapt og kjenne eit eigarskap til sin eigen arbeidsplass.

Vi er også ein pådrivar for å skape god aktivitet. I 2022 gav vi, saman med eigarstiftingane våre, om lag 56 millionar tilbake til samfunnet i form av gåver til kultur, idrett, helse og næringsutvikling. I tillegg har vi 50 sponsoravtalar fordelt over heile regionen.

Blikket fram

Visjonen vår om å vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane står fast. For å realisere denne visjonen skal vi skape verdiar for, og leve opp til forventningar frå eigarar, kundar, tilsette, långjevarar, styresmakter og lokalmiljøa i kjerneområdet vårt. Dette er ein avgjerande føresetnad for å utvikle banken vidare. Vi bygger vidare på dei viktigaste konkurransefortrinna våre: Gode digitale løysingar, sterke kunderelasjonar med den trygge rådgjevinga og samfunnsengasjementet vårt. Vårt samfunnsengasjement og satsinga mot næringslivet er konsentrert mot vårt kjerneområde, medan vi har ein nasjonal vekststrategi på personmarknaden. Strategien for korleis vi skal realisere offensive ambisjonar for 2023 er no rulla ut, og den strategiske retninga vår er lagt.

Eg vil gjerne takke eigarar, tilsette, kundar og samarbeidspartnarar for samarbeidet i 2022. Banken har ein kompetent organisasjon som er motivert og klar for å vidareutvikle banken og regionen i 2023.

Trond Teigene
adm. dir

Fakta om Sparebanken Sogn og Fjordane

Marknadsområde, forvaltningskapital, årsverk

Sparebanken Sogn og Fjordane er den største banken i regionen Sogn og Fjordane i Norge med ein forvaltningskapital på 70,8 milliard kr og sysselset 283 årsverk. Banken har 12 salskontor i Sogn og Fjordane. I tillegg har banken kontor i Bergen.

Privatmarknaden

Banken er den dominerande aktøren på privatmarknaden i Sogn og Fjordane. Det er lånt ut 46,2 milliard kr til personar i Sogn og Fjordane og i resten av landet. Desse utlåna utgjer 75 % av dei totale utlåna til banken. Samla innskot frå personkundane er på 20,8 milliard kr og utgjer 60 % av dei samla innskota. Banken har regionale kontor med tilbod innan finansiering, plassering, eigedoms-mekling og forsikring. Ein stadig større del av veksten, dei siste åra, har komt utanfor det geografiske kjerneområdet vårt. Banken har ein eigardel på 9,9 % i Frende Forsikring AS, og nyttar dette selskapet som leverandør av ulike forsikringsprodukt. Vidare har banken ein eigarpost på 8,0 % i SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS. Banken eig også 10,9 % i Balder Betaling AS. Banken har i drift 9 minibankar/kontantautomatar og 79,520 nett-bankavtaler er teikna.

Bedriftsmarknaden

Banken har ytt lån på 15,3 milliard kr til verksemdar, i hovudsak i Sogn og Fjordane. Dette utgjer 25 % av dei totale utlåna til banken. Innskot frå næringslivet utgjer 11,4 milliard kr.

Offentleg/finansiell sektor

Mange kommunar i regionen har Sparebanken Sogn og Fjordane som hovudbank. Samla innskot frå offentleg sektor er på 2,1 milliard kr. I tillegg har banken 0,6 milliard kr i innskot frå finansielle verksemdar.

Banken som drivkraft for Sogn og Fjordane

Sparebanken Sogn og Fjordane har som visjon å vere ei drivkraft for regionen Sogn og Fjordane. Gjennom god rådgjeving, tilføring av kapital til sunne prosjekt for næringslivet, og folk flest, skal banken oppfylle visjonen.

Banken har eit breitt kulturelt engasjement og ser verdien av kulturelle bidrag i vid forstand, for at lokalsamfunna skal utvikle seg. Banken er sponsor for dei fleste store kulturarrangementa i Sogn og Fjordane. Av overskotet for 2022, er det foreslått utdelt 247,8 mill. kr til utbytte og gåver. Ein del av dette skal understøtte det frivillige lagsarbeidet. Stikkord for vårt bidrag er mangfald, trivsel og nyskaping.

I 2021 fekk vi på plass GRI-indeks (global reporting index) i årsrapporten og utvida berekraftsrapportering. I 2022 er det arbeidd målretta vidare med å integrere berekraft i bankdrifta. Banken har ein offensiv tilnærming til det grønne skiftet. Dette går klart fram av årsrapporten for 2022.

Finansiell kalender

Venta offentleggjering av kvartalsrekneskapstal for 2023 er 03.05.23 (1. kvartal), 14.08.23 (2. kvartal) og 25.10.23 (3. kvartal).

Rapportane vil bli lagt ut på våre heimesider www.ssf.no og vil også ligge føre på engelsk.

Konsern

Forutan morbanken driv konsernet si verksemd gjennom 3 dotterselskap: Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS og Bankeigedom Sogn og Fjordane AS.



Lars Solnørdal

Handsrekning til landbruksnæringa

Nytt kontor i Øvre Årdal

Totalt 2 millioner til BUA

2022

EI KORT OPPSUMMERING

Her er noko av det vi har vore med på siste året:

Januar, februar og mars

Vi var med på opninga av Årdal Teknologipark, der mange bedrifter og forskingsmiljø i Årdal er samlokalisert. Vi hadde med ei gåve på ein million kroner frå bankoverskotet, til etablering av laboratorium i teknologiparken.


Årets største gåve vart delt ut i januar då den kommande fotballhallen i Hafstadparken i Førde fekk sju millionar kroner frå oss og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Vi lanserte nye og miljøvennlege bankkort, som reduserer bruken av plast i korta våre.

Lars Solnørdal starta i jobben som banksjef, for privatmarknad i Indre Sunnfjord.

I mars presenterte vi totalresultatet for 2021. Det var på 666 millionar kroner.

Som ei handsrekning til landbruksnæringa, tilbydde vi rentefritt lån på inntil 300 000 kroner til bønder.



April, mai og juni

Ei gåve på 375 000 kroner frå overskotet gjorde til at 8.-klassingar i Nordfjord, Ytre Sunnfjord og Ytre Sogn fekk gratis skyss til ViteMeir på Kaupanger.


Alle tilsette fekk tildelt eigenkapitalbevis gjennom eit nyoppretta spareprogram og vart dermed eigarar av eigen arbeidsplass.


Svanøy Hovedgård skal rustast opp, og til dette fekk dei fem millionar kvar frå både oss og Sparebanken Vest.

I juni flytta vi inn i heilt nye kontorlokale i sentrum av Øvre Årdal.

I 2021 fekk BUA-utstyrssentralane i Sogn og Fjordane 1,9 millionar kroner. I 2022 var suksessen følgt opp med nye 2 millionar.

I andre kvartal hadde vi ein stor utlånsmilepæl då vi for første gong passerte 1 milliard i netto utlånsvest til privatkunder i eitt kvartal.





Juli, august, september

På Sandane flytta vi ut av banken og inn i mellom-bels lokale på gamle lensmannskontoret. I 2023 flyttar vi tilbake i banken, når den er ferdig oppussa.

14 forsamlingshus i Sogn og Fjordane fekk pengar til opprusting av husa sine. Totalt vart det delt ut 1,5 millionar.

Nok eit år med flotte resultat i bransjeundersøkinga EPSI Rating. For fjerde året på rad kom vi aller best ut på omdømme.

Administrerande direktør Trond Teigene sit i juryen for den grønne innovasjonsprisen Drivprisen, og i september var han med og delte ut førsteplassen til Brødrene Aa frå Hyen.


Oktober, november og desember

Desse månadane var dei yngste kundane våre sine festmånader. Vi hadde familiearrangement i Sunnfjordparken i Førde, ViLVite i Bergen og ViteMeir på Kaupanger, i tillegg til gratis julekino på 17 stader i Sogn og Fjordane og Bergen.

Totalt har den nye kaldhallen i Dale fått 5,9 millionar kroner frå overskotet vårt gjennom Sparebankstiftinga Fjaler. I oktober var det endeleg offisiell opning.

Turngruppa til Stryn TIL har fått sin eigen flunkande nye basishall. Vi var med på opninga og feira også med å signere ein treårig samarbeidsavtale.

Saman med PwC arrangerte bedriftsmarknaden hos oss seminar for næringslivet i både Førde, Stryn og Florø. Her var temaet «Kjøp og sal av verksemder».



Svelgen Samfunnshus fekk gåve

Signert avtale med Stryn Turn

Opning av ny hall i Dale

Familedag på ViLVite

Berekraftsrapport 2022

Styring og strategi

Samfunnsansvar og berekraft er ein integrert del av banken, og ansvaret er fordelt gjennom strategiar, tiltak og aktivitetar banken planlegg og gjennomfører. Hovudstrategien til banken vert årleg vedteken i styret og legg overordna føringar for berekraftsarbeidet vårt. «Vi skal i 2023 tydeleggjere standpunkta våre og kanskje ta nokon nye. Vi må sikre at vi er pådrivar for endring, for vi har eit ansvar for å vere drivkraft for berekraftig utvikling», står det i strategien for 2023. I 2022 vedtok banken også ein eigen berekraftstrategi med konkrete mål og tiltak som strekker seg fram til 2024.



Vi har ei tverrfagleg berekraftsgruppe som vert leia av berekraftsansvarleg. Berekraft skal vere tatt omsyn til i alle rutinar og policyar i banken, og det skal vere ein naturleg del av banken si drift. Kwart fagområde har ansvar for at dette vert tatt omsyn til i arbeidet sitt. Berekraftsgruppa har utarbeidd ein eigen strategi for berekraftsarbeidet til banken, med mål og tiltak for alle fagområda. Strategien er vedtatt i konsernleiinga i banken, og berekraftsgruppa har ansvaret for å følge opp planen og halde denne ved like. Dette skal ikkje vere eit statisk dokument, og vil bli oppdatert med nye mål og tiltak. Sjå måla våre og tiltak på www.ssf.no/berekraft/berekraftsstrategi/. Styret får jamleg oppdatering på arbeidet med strategien til banken. Styret behandlar berekraftsrapporten saman med årsrapporten til banken.

FN sine berekraftsmål er ein vesentleg del av strategiarbeidet vårt. Vi arbeider aktivt med FN sine berekraftsmål, og har valt ut fire mål som vi har ekstra fokus på, og som vi ønsker å ha ekstra innverknad på. I strategien vår har vi sett opp konkrete mål og tilhøyrande tiltak for å nå desse. I vårt berekraftarbeid jobbar vi både med oss sjølve og eiga drift, og kundar, leverandørar og andre samarbeidspartnarar. Gjennom 2022 har vi arbeidd med fundamentet for å stake kursen for banken sitt berekraftsarbeid dei neste åra. Vi har gjennomført vesentlegheitsanalyse for å komme fram til våre vesentlege berekraftstema, både kva tema som er viktig for banken, men og kva tema som er viktige for våre interessentar. Dette er viktig for å kunne vere ei verksemd som bidreg til omstilling til eit meir klimavennleg og berekraftig samfunn. Dette kan du lese meir om i berekraftsvedlegget til årsrapporten.

Våre vesentlege berekraftstema

Vi har gjennomført ei analyse for å identifisere våre vesentlege berekraftstema. Dei fire mest vesentlege tema ser de i modellen nedanfor. Den fullstendige analysen finnast i berekraftsvedlegget vårt. Nokre tema har utvida informasjon der.

Våre vesentlege tema	Ansvarleg utlån	Økonomisk kriminalitet	Anti korrupsjon	Likestilling og mangfold
Berekraftmål				
Våre resultat i 2022	<p>325.140 tonn CO₂ utslepp frå bedrifts-porteføljen</p> <p>0 i netto utslepp frå utlånsporteføljen før 2050 er ambisjonen</p> <p>30 % andel næringsbygg som er grøne i tråd med EU taks-onomien</p>	<p>100 % av dei tilsette har fått opplæring om anti-kvitvask</p>	<p>44 % kvinner i leiande stillingar i banken</p>	

Miljøfyrtårn og klimarekneskap

Vi er sertifisert som miljøfyrtårn, og i 2022 resertifiserte vi oss etter nye kriterie for finans. Banken skal stille krav til leverandørar og samarbeidspartnarar, om å ha eit bevisst forhold til berekraft. For å kunne krevje det av andre, må vi ha kontroll i eige hus. Vi er stolte av å kunne seie at alle kontora våre er miljøfyrtårnsertifiserte. Vi ønskjer å sikre kontinuerleg redusert miljøbelastning frå eiga verksemd. For å kunne følgje opp dette har vi årleg rapportering av klimarekneskap. Det er basert på GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol), som er den mest brukte rapporteringsstandaren til berekning av ei verksemd sitt utslepp av klimagass. Les meir om våre utslepp i berekraftsvedlegget vårt.



Miljøfyrtårn®



Ansvarleg samfunnsaktør

Sparebanken Sogn og Fjordane sitt viktigaste samfunnsansvar er å levere tilfredsstillande inn-tening. Dette for å kunne bidra til vekst og utvikling i Sogn og Fjordane. Overskotet til banken kjem Sogn og Fjordane til gode. Banken skal tilføre kapital til sunne prosjekt for næringslivet og folk flest, slik at vi kan vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane. God lokalkunnskap og nærleik til kundane skal komme det lokale næringslivet til gode. Delar av overskotet blir nytta til gåver, for å skape aktivitet i lokalsamfunna våre.

Gode kredittmodellar er eit av dei viktigaste verk-tøya våre for ansvarleg kredittgjeving. Modellane bereknar kundane sine evner og vilje til å betene låna. Vi skal tilby riktig kredittgrense til riktig kunde. Rådgjevarane våre skal vere opne når dei kommuniserer om produkt, vilkår, renter og gebyr.

Gjennom utlånsverksemda kan vi vere med å bidra til ei berekraftig utvikling. Vi skal vere ein ansvarleg samfunnsaktør som skal hjelpe kundane våre til å ta berekraftige val. Eit tiltak for å oppnå dette, er å tilby grønne produkt til gunstige vilkår.

Banken har som ledd i berekraftsstrategien utarbeidd eit grønt rammeverk for utferding av grønne obligasjonar. Rammeverket er felles for Sparebanken Sogn og Fjordane og Bustadkreditt Sogn og Fjordane. I tråd med banken sin berekrafts-strategi er satsing på finansiering av grønne egedelar viktig. Kvart år vil vi lage ein rapport som viser effekten av dei grønne egedelane i form av redusert CO₂-utslepp og korleis volumet av grønne egedelar utviklar seg. Les meir om det grønne rammeverket vårt på www.ssf.no/berekraft

Bedriftsmarknaden

Sparebanken Sogn og Fjordane skal gjennom si verksemd bidra til at lønsame prosjekt og investeringar får finansiering, og gjennom dette bidra til økonomisk vekst i Sogn og Fjordane og i landet elles. Vi tilbyr grønne næringslån til verksemd, og bidreg til grøn omstilling i regionen vår.

Berekraft inngår i kredittprosessen for bedrifts-kundar. Vi brukar ein eigen ESG og klimarisikomodul i kredittsaker for bedriftskundar. Der vurderer vi verksemdene i forhold til alt som omhandlar berekraft. Vi har med oss Environmental (Miljø) Social (sosiale) og Governance (styresett) i vurderingane våre. I 2022 har vi hatt mykje fokus på å auke kompetansen rundt berekraft. Alle kundefrådgjevarane på bedriftsmarknaden har vore gjennom kurs om berekraft og ESG og EU sin taksonomi. Vi har hatt fagsamlingar med workshopar, om korleis vi skal vurdere klimarisiko og korleis vi skal vere ein god rådgjevar på berekraft for kundane våre. I 2022

har vi jobba mykje med å konkretisere forventingane vi har til kundane våre. Berekraft har blitt ein større del av kundesamtalen og vi jobbar saman med næringslivet for å bli meir berekraftige. I året som har gått har vi kartlagt utslépp i utlånsporteføljen vår, som gir oss ein betre oversikt over korleis vi som bank kan vere med på å bidra til lågare utslépp. Mange av bedriftskundane som banken yter kreditt til, driv verksemd som kan ha ein påverknad på miljøet. Gjennom kredittgjevinga har banken indirekte påverknadsmoglegheiter på det ytre miljøet. Derfor legg banken sin kredittstrategi vekt på å sjå kunden sin kredittverdighet i eit langsiktig perspektiv. Kredittgjevinga skal inkludere vurderingar av kundane sin påverknad på klima, miljø og sosiale forhold.

Vi vil i 2023 fullføre og publisere ein policy for samfunnsansvar og berekraft for bedriftsmarknaden, som vil sette ein endå meir tydeleg retning for arbeidet vårt. Vi vil fortsette å bevisstgjere bedriftskundane våre på korleis dei blir påverka av klimaendringar og påverke kunden til handlingar, for å redusere risiko og eigne utslépp. Vi vil arrangere kundearrangement med berekraft og klimarisiko som tema for å opplyse og skape dialog, på denne måten vil vi og vere ei drivkraft i regionen vår. Vi tilbyr grønne næringslån til bedrifter som ønskjer å gjere berekraftige investeringar, eller som treng finansiering, for å omstille verksemda til det grønne skiftet.

På bakgrunn av samfunnsansvaret og verdiane til banken, er det enkelte næringar og aktivitetar som vi ikkje ønskjer å yte finansiering til. Andre næringar kan ha høgare risiko knytt til miljø-, samfunns-, og verksemdsstyrings spørsmål. Då stiller vi ekstra krav til desse. Vi ønskjer til dømes ikkje å finansiere verksemdar som opererer innanfor følgjande bransjar:

- Spelselskap
- Omstridt våpenproduksjon og våpen- og ammunisjonsprodusentar, utan statleg godkjenning
- Tobaksindustri
- Selskap som produserer eller bidrar til spreing av pornografisk materiale

Les meir om vårt arbeid i vår policy for berekrafts- og samfunnsansvar for bedriftsmarknad på www.ssf.no/berekraft

Les meir om våre grønne utlån og arbeid med klimarisiko i vedlegga om taksonomirelatert informasjon og Klimarisiko TCFD



Ansvarleg utlån til privatmarknaden

Privatmarknaden sine mål innanfor berekraft er i tråd med banken sine mål.

Sparebanken Sogn og Fjordane ønskjer å fremje berekraftige val hos kundane ved å tilby grønne produkt til gunstige vilkår. Via Sparebank 1 Finans Midt Norge tilbyr vi grønne billån. Her gjev vi kundar, som vel miljøvennlege bilar, gunstigare vilkår enn for vanlege billån. Vi tilbyr grønne bustadlån som gir gunstigare vilkår til kundar som kjøper energieffektive bustader, med energimerke A eller B.

Med klimalån ønskjer vi å tilby lån med gunstig rente til kundar som oppgraderer bustaden sin med energisparande tiltak. Ved å utføre eit eller fleire tiltak, som å skifte glas, varmepumpe, vassboren varme, etterisolering, eller solcelleanlegg, kan kunden få klimalån. Banken tilbyr også berekraftige verdipapirfond av ulike slag gjennom samarbeidet med Norne og fondsleverandørar til Norne. For kundane våre mellom 0 til 18 år tilbyr vi grøn sparekonto, vi garanterer at pengane dei sparar vert brukt til grønne utlån. Slik er dei med på å bidra til ei berekraftig utvikling, berre ved å ha ein vanleg konto i banken. I 2022 tok vi i bruk nye bankkort som er laga av 82 % biomateriale, dette fører til at utsleppa i produksjonen av korta er redusert.

Vi ønskjer at berekraft skal vere ein naturleg del av kundesamtalen, og vi vil ha fokus på å standardisere dette i 2023. Vi skal jobbe med berekraftskompetansen vår, som skal komme kundar og samfunnet til gode, ved å utøve god kundeforhold.

Ansvarleg innkjøp

Vi i Sparebanken Sogn og Fjordane stiller etikk- og miljøkrav til leverandørane våre. Ved å stille krav er vi med og motiverer og bidrar til at leverandørane våre følgjer internasjonale arbeidslivskonvensjonar, og dermed reduserer sine klimaavtrykk.

Det blir jobba for at leverandørane våre skal følgje nasjonale lover og reglar, samt internasjonale FN- og ILO-konvensjonar, prinsipp om klimanøytralitet og miljøkrav gjennom avtaleverk og ISO-sertifisering. Banken har i overkant av 150 større leverandørar, i hovudsak IT-leverandørar.

Sparebanken Sogn og Fjordane er i gong med, i samsvar med plikter i openheitslova, å gjere aktsemdvurderingar av leverandørar og andre forretningssamband med omsyn til at dei tek i vare grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve og følgjer opp leverandørar med identifisert risiko.

Vi krev at leverandørane våre skal:

- gi informasjon om sine underleverandørar
- følge SSF sine etiske retningslinjer for leverandørar
- rapportere inn eventuelle avvik
- forplikte seg til å rette avvik og
- at det er føresegn om hevingsrett dersom pliktene i punkt 1-4 ikkje vert etterlevd



Oppfølging av leverandørane våre

Vi kartlegg alle leverandørane våre, og denne kartlegginga vil lage eit grunnlag og er ein premiss for å gjennomføre aktsemdsvurderingar av leverandørar og forretningssamband. Til dei leverandørane og forretningssambanda som gir høg risiko for brot på grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidstilhøve, skal det gjennomførast aktsemdsvurdering og oppfølging. For leverandørar med middels risiko skal det sendast ut spørjeskjema der banken følgjer opp svara. For leverandørar med låg risiko skal det gjerast ei fornya vurdering dersom vi vert kjende med forhold som aktualiserer ei ny vurdering, og elles minst som ledd i årleg vurdering av alle leverandørar.

Leverandørar med brot på retningslinjene

I dei tilfella banken får kjennskap til faktiske uønskte hendingar eller åtferd vil banken undersøke vidare og følge opp med relevante tiltak for å påverke den aktuelle leverandøren i rett retning. Leverandørar med konstatert brot skal følgast opp minimum kvartalsvis for å sjå etter om iverksette tiltak verkar etter intensjonen. Leverandørar med konstatert brot skal legge fram ein plan for korrigering og tiltak for å unngå avvik.

Dersom tiltak ikkje har tilfredsstillande effekt vil vi vurdere å avslutte samarbeidet med den aktuelle leverandøren/forretningssambandet i ei samla

vurdering, der mogleg framtidig påverknad i positiv retning er eit moment som kan tale for å oppretthalde avtalen.

I 2022 har vi kartlagt alle leverandørane våre. Per 31.12.22 var det sendt ut spørjeskjema til fem leverandørar som kom ut med middels eller høg risiko i kartlegginga. Det har ikkje vore avdekt forhold som har ført til oppseiing av leverandørforhold. Kartlegginga av leverandørane vil fortsette i 2023, og er ein kontinuerleg prosess. Vi vil oppdatere arbeidet vårt med leverandørane og aktsemdsvurderingar på våre nettsider i løpet av året. Sjå vår policy for innkjøp på www.ssf.no/berekraft

Ansvarleg marknadsføring

I berekraftsarbeidet skal banken også gjennom marknadsføringsarbeidet sikre at produkta og tenestene som banken er tilbydar av vert kommunisert og marknadsført på ein måte som støttar oppunder FN sine berekraftsmål, styrkar konkurransekrafta og reduserer ESG-risiko. I dette ligg mellom anna å handle ansvarleg i måten vi kommuniserer med dei ulike kundane våre i det daglege gjennom rådgjevarar og i ulike digitale kanalar. Banken har utarbeidd ein eigen marknadsføringspolicy som også har fokus på berekraft. Den er tilgjengeleg i berekraftsbiblioteket på www.ssf.no/berekraft

Digital sikkerheit og personvern

Som bank behandlar vi personopplysningar og finansiell informasjon om kundane våre, og informasjonssikkerheit er derfor vesentleg for oss. Sparebanken Sogn og Fjordane skal sikre at alle typar informasjon skal vernast mot ikkje-autoriserte endringar, øydelegging, offentleggjering eller tap. Banken opprettheld høg kompetanse innan informasjonssikkerheit, for å sikre at løysingane våre er trygge og robuste.

Som bank er vi underlagt reglar om teleplikt og informasjonssikkerheit, mellom anna gjennom IKT-forskrifta, personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR) og bankkonsesjonen. Banken har i tillegg egne policyar for informasjonssikkerheit og personvern. Vi driv aktivt med bevisstgjerjing, når det gjeld sikkerheit blant egne tilsette, og gjennomførte mellom anna eit obligatorisk e-læringskurs om digital sikkerheit for alle tilsette i 2022.

Likestilling og mangfald

Sparebanken Sogn og Fjordane skal ivareta og utvikle mangfald i banken, både i kvardagen og ved rekruttering. Banken har jobba målretta med mangfald og likestilling, og i 2022 kom SSF på sjetteplass på likestilling, blant 84 deltakarar, i den nasjonale indeksen SHE Index. I styret er fire av åtte medlemmer kvinner.

Banken er oppteken av å legge forholda til rette for kvinner i leiande stillingar, og arbeider målretta for å auke delen kvinnelege leiarar. Delen kvinner med personalansvar var i 2022 på 44 %. Vi arbeider med

å utarbeide lokale likelønsindikatorar, slik at vi kan følgje utviklinga over tid og sette i verk målretta tiltak, for å sikre og oppretthalde likeløn i banken. Les meir om arbeidet med likestilling og mangfald i årsmeldinga frå styret og i berekraftsvedlegget.

Arbeidsforhold

Sparebanken Sogn og Fjordane har som mål å vere ein av dei mest attraktive arbeidsplassane i Sogn og Fjordane. Vi skal vere ein trygg og inkluderande arbeidsplass. Banken skal vere prega av ein kultur basert på læring, utvikling, samarbeid og open kommunikasjon. Vi ønskjer å legge til rette for at tilsette i banken skal kunne oppnå rett kompetanse, for å nå banken sine forretningsmessige mål og tilbyr mellom anna støtte til utdanning. I 2022 lanserte banken eit spareprogram i eigenkapitalbevis for faste tilsette. Les meir om dette i årsmeldinga frå styret.

Anti-korrupsjon og økonomisk kriminalitet

Sparebanken Sogn og Fjordane tek samfunnsansvaret på alvor gjennom å sikre god etterleving av lover og reglar, knytt til arbeid mot kvitvasking og terrorfinansiering. Dette for å sikre økonomisk berekraft og samfunnsutvikling, ikkje berre lokalt, men og nasjonalt. Banken skal gjennom sitt arbeid identifisere og vurdere risikoen for kvitvasking og terrorfinansiering knytt til verksemda, og syte for nødvendige mottiltak baserte på denne risikovurderinga. Banken har ingen toleranse for å bli brukt til kvitvasking eller terrorfinansiering. Les meir om vårt arbeid med anti-korrupsjon og økonomisk kriminalitet i berekraftsvedlegget.



Initiativ vi støttar

Sparebanken Sogn og Fjordane skal ha ei drivande rolle lokalt for å bidra globalt. Vi har signert både lokale og internasjonale initiativ som er relevante for vår bransje og for berekraftsarbeidet. Det er viktig for oss at vi forpliktar oss til eksterne mål, for å drive arbeidet vårt framover og for bidra å til å nå felles mål, som er sett over landegrensar.



Unep FI

Sparebanken Sogn og Fjordane har signert FN sitt klimainitiativ innan finans. UNEP FI er eit globalt partnerskap mellom FN og finanssektoren for å mobilisere berekraftig utvikling i bransjen. Ved at Sparebanken Sogn og Fjordane har signert dette, forpliktar vi oss til å følgje seks prinsipp for ansvarleg bankverksemd.

WE SUPPORT



FNs Global Compact

Vi har slutta oss til FN sitt Global Compact som er FN sine rettleiande prinsipp for ansvarleg næringsverksemd. Det forpliktar oss til å drive verksemda i tråd med ti prinsipp som omhandlar menneskerett, arbeidsmiljø, miljø og anti-korrupsjon.



Klimapartnere Vestland

Banken er medlem i Klimapartnere Vestland. Dei skal skape ein arena for offentleg og privat nettverksbygging, og vere ein plattform for utøving av samfunnsansvaret i regionen. Som den største banken i Sogn og Fjordane har vi eit ansvar for å drive fram det grønne skiftet lokalt. Vi er stolte av å vere med i dette samarbeidet.



Women in finance

I 2022 signerte vi Kvinner i Finans Charter. Kvinner i Finans Charter skal bidra til å auke tal kvinner i leiande posisjonar i finansnæringa i Norge. Likestilling og mangfald er ein viktig del av utviklinga mot eit meir berekraftig samfunn.

In support of

WOMEN'S EMPOWERMENT PRINCIPLES

Established by UN Women and the UN Global Compact Office

The Women's Empowerment Principles

Banken har også slutta seg til The Women's Empowerment Principles (WEP), som består av sju rettleiande prinsipp, som skal gje retningslinjer for handlingar som fremjar og styrker kvinner sine rettar på arbeidsplassen og i samfunnet. WEP blei utforma etter eit samarbeid mellom FN Global Compact og FN Women.

Samfunnsnytt 2022

Over 300 initiativ fekk gåve frå overskotet

Gåveåret 2022 var rekordhøgt. Gjennom året vart 56 millionar av overskotet vårt delt ut til over 300 lag og organisasjonar.

Desse midlane vart gitt gjennom eigarstiftingane til banken, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler, i tillegg til gåver direkte frå banken. For banken er det viktig at overskotet kjem frivilligheita i Sogn og Fjordane til gode.

Den største gåva i 2022 vart delt ut i februar, og den er det absolutt mange frivillige som kjem til å få gleder av. Sju millionar kroner vart gitt til Førde IL og den kommande fotballhallen i Hafstadparken i Førde.

- Alle har sett den suksessen Hafstadparken har blitt, og no synast vi det er veldig kjekt å vere med på vidareutviklinga av parken. Førde IL imponerer oss i banken med det store aktivitetsnivået dei har, og det er veldig mange flinke eldsjeler som legg ned ein fantastisk innsats for å skape det tilbodet vi alle ønsker til barn og ungdom, sa Roy Stian Farsund, direktør på bedriftsmarknaden, då han delte ut sjekken.



Den kommande fotballhallen i Hafstadparken i Førde fekk ei gåve på sju millionar kroner. Frå venstre: Arne Helgheim (leiar Førde IL), Roy Stian Farsund (direktør bedriftsmarknad i Sparebanken Sogn og Fjordane), Jenny Følling (ordførar i Sunnfjord kommune) og Lars Idar Vegsund (leiar for hallprosjektet).



På omdømmetoppen!

Vi kom aller best ut på omdømme i bransjeundersøkinga EPSI Rating. Og det for fjerde året på rad! Om ein ser på heile undersøkinga under eitt, kom vi på ein flott tredjeplass.

- Dette gjer meg rett og slett kjempestolt på vegner av den dyktige gjengen med tilsette her i banken. Og ikkje minst er eg veldig takknemleg for tilliten kundane viser oss, sa Linda Vøllestad Westbye, direktør på privatmarknad, om EPSI-resultatet.

På lag med næringslivet i Sogn og Fjordane

I løpet av 2022 innvilga vi 5,3 milliardar kroner i nye utlån og garantiar til næringslivet i Sogn og Fjordane, og vi fekk 503 nye bedriftskundar. Til nye kundar lånte vi ut ein milliard kroner.

Seks av ti aksjeselskap i Sogn og Fjordane er kunde hos oss, som gjer oss til den leiande næringslivsbanken i området. Hos oss er det nesten 40 personar som jobbar for at næringslivskundane får den hjelpa dei treng. Næringslivet i Sogn og Fjordane står seg godt trass renteauke, prisvekst og global uro.

I mars gav vi ei utstrekkt hand til landbruksnæringa og tilbydde kostnadsfritt lån på inntil 300 000 kroner til bønder. Dette grunna den store prisauken og våronna som stod for døra.

Gåveåret til næringslivet starta med at vi var til stades på opninga av Årdal Teknologipark der kunderådgjevar Anita Hagen Lægreid delte ut ei gåve på ein million kroner til etablering av laboratorium i teknologiparken. I denne teknologiparken kan nye og etablerte bedrifter frå heile Indre Sogn forske, og i tillegg har skulane god nytte av det.

Gjennom heile året vart det delt ut fleire gåver frå bankoverskotet som kjem næringslivet i Sogn og Fjordane til nytte. Mellom anna fekk Sognasmak ein million kroner til nytt senter i Lærdal og Jostedalsbreen Nasjonalpark-senter 700 000 kroner til ny utstilling, som skal gjer besøkande tryggare på tur. Heilt på tampen av året, fekk Sunnfjord Utvikling totalt 530 000 kroner til å gjennomføre kurs i berekraft for bedrifter og til eit prosjekt der målet er å få eit nasjonalt senter for yrkesfag til Førde. Den største gåva til næringslivet vart gitt i mai då ikoniske Svanøy Hovedgård fekk fem millionar til opprusting.

- Svanøy er ein fantastisk plass! Her er eit fantastisk næringsliv, fantastiske folk og ein heilt unik plass i Svanøy Hovedgård. Vi har stor tru på prosjektet her. Dette skal vere ein plass for opplevingar, mat, kultur og reiseliv, sa Roy Stian Farsund, direktør for bedriftsmarknaden, som saman med Jo Dale Pedersen delte ut pengane frå oss.

Johan Trygve Solheim (t.v.) og Ola Teigen (t.h.) tok imot gåva av Roy Stian Farsund.



Meir miljøvennlege kort

I 2022 fekk dei første kundane våre det nye bankkortet som skal rullast ut framover. Desse korta inneheld 82 prosent biomateriale, og CO₂-utsleppa knytt til produksjonen er redusert.




Cecillie Hereid Øvrebotten (t.v.) og Ingri Martine Fonn Maccsik viser fram korleis dei nye korta ser ut.

400 000 kroner til unge talent

Åtte unge talent innan idrett og kultur fekk kvar sitt Furorestipend på 50 000 kroner i 2022:

- Sivert Mannsverk, fotballspelar frå Øvre Årdal
- Ingrid Horvei Lyslo, gitarist frå Førde
- Putli Helleesen, dansar frå Florø
- Maren Hjelmeset Kirkeeide, skiskyttar frå Stryn
- Emilie Flo Stavik, skiskyttar frå Stryn
- Marte Hovland, fotballspelar og friidrettsutøvar frå Vik
- Mathias Lind Engelstad, dansar frå Førde
- Arild Bjørkelo, trommeslagar frå Byrkjelo



Skiskyttarane Emilie Flo Stavik (t.v.) og Maren Hjelmeset Kirkeeide var to av talenta som fekk Furorestipend i 2022.

Endeleg festivalsommar

Etter to år med annleis-festivalar, vart det endeleg full festivalsommar igjen. I løpet av juli var vi som sponsor med på både Førdefestivalen, Malakoff og Utkant.



For første gong sidan 2019 vart Malakoff arrangert på vanleg måte igjen.

50 sponsoravtaler

Desse sponsa vi i 2022

GENERALSPONSOR:

Florø Fotball
Førde IL fotball
Førde Volleyballklubb
Malakoff Rockfestival
Utkantfestivalen

SPONSOR:

Askvoll og Holmedal IL
Balestrand IL
Breimsbygda IL
Bremanger IL
Dale IL fotball- og handballgruppa
Eid idrettslag handball
Eikefjord IL
Farnes skyttarlag
Fjæra fotballklubb
Flatraket IL
Florø Seilforening
Florø Sportsklubb handballgruppa
Florø Turn- og Idrettsforening
Florø E-sport
Førde IL
Førde IL langrenn
Førde IL Turn

Førdefestivalen

Gaular IL
Gloppen friidrettslag
Gloppen handballklubb
Hafstadparken Førde
Hornindal IL fotball
Idrettslaget Syril IL
Høyang IL
Jotun IL
Jølster IL
Kaupanger IL
Leikanger skyttarlag
Loen Active - Skåla Opp
Markane idrettslag
Masfjord Fotballag
Sandane turn- og idrettslag fotballgruppa
Skavøypoll IL turngruppa
Svelgen Turn og Idrettsforening
NFF Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane skikrins
Stryn turn og idrettslag
Tambarskjelvar IL
Ungt entreprenørskap Sogn og Fjordane
Våt Moro
Øvre Årdal Janitsjarkorps



Årsmelding frå styret

Innleiing

Konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane har eit resultat før skatt på 779 millionar kroner i 2022, ein reduksjon på 48 millionar kroner frå 2021, mykje grunna lågare resultat frå finansielle instrument.

Hovudtrekka i 2022 var:

- God utlåns- og innskotsvekst
- Stigande rentenivå, med mange renteendringar og styrka rentenetto
- Tapsavsetningane er auka frå året før, men framleis på relativt låge nivå
- Pris- og lønsvekst gav auke i kostnader, men på eit moderat nivå
- Svakt resultat frå finansielle instrument, særleg samanlikna med året før
- God soliditet og likviditet
- Organisasjon har handtert eit år med høg aktivitet på ein god måte

Styret er godt nøgd med resultatet og aktiviteten i 2022. Banken har halde fram med å utvikle ein salsretta og offensiv organisasjon og har fått gode resultat som følgje av dette. Resultatet er lågare enn året før, men dette kjem av høgare tapsavsetningar og svakare resultat frå finansielle instrument enn i 2021.

Den underliggende drifta i banken har stor resultatframgang. Banken har jobba langsiktig med vekst over fleire år og får i 2022 betalt for denne jobben, både gjennom god vekst i ein marknad med noko fallande veksttakt, og gjennom auka rentenetto som følgje av det stigande rentenivået. Norges Bank har auka styringsrenta frå 0,5 % ved inngangen av året til 2,75 % ved utgangen av året. Dette har gjort at marknadsrentene også har auka og at bankane har justert opp rentene. Auka rentenivå kombinert med vekst gjer at banken har auka rentenettoen med 203 millionar kroner i 2022. Andre inntekter, utanom finansielle postar, er auka med 9 millionar kroner. Banken reduserte kostnadene i 2020 og 2021 og inn i 2022, men utover året gjorde løns- og prisvekst og auka aktivitet til at banken fekk ein kostnadsvekst på 16 millionar kroner. Den underliggende lønsemda i banken er likevel kraftig forbetra gjennom året og kompenserer langt på veg for reduksjonen i finansielle instrument og auka tapsavsetningar.

For fjerde år på rad vart banken kåra som beste bank på omdømme i EPSI sine kundeundersøkingar. Dette, kombinert med god vekst, ser vi som eit tydeleg teikn på at vi står oss godt i konkurransen og har eit verdiforslag som kundane våre set pris på. Vi skal halde fram med fokus på sal, god rådgjeving, orden i eige hus og berekraft. Vi meiner Sparebanken Sogn og Fjordane har eit godt grunnlag for å hevde seg i konkurransen, også i åra som kjem.

Verksemd

Sparebanken Sogn og Fjordane er ein frittstående og sjølvstendig sparebank som leverer tenester innan bank, finansiering, forsikring, sparing, pensjon og betalingsformidling. Det primære marknadsområdet er Sogn og Fjordane, men banken har også ei offensiv satsing på privatmarknaden elles i landet.

Hovudkontoret ligg i Førde, og banken har 12 kontor i Sogn og Fjordane og eitt kontor i Bergen ved utgangen av 2022.

Banken sel Frende sine forsikringsprodukt.

Vi formidlar leasing og salspantlån frå SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS og verdipapirfond via Norne Securities AS.

Konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane inkluderer tre heileigde dotterselskap, i tillegg til morbanken Sparebanken Sogn og Fjordane. Konsernet driv eigedomsmekling gjennom Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har som formål å kjøpe godt sikra bustadlån frå Sparebanken Sogn og Fjordane, som grunnlag for utferding av særskilt sikre obligasjonar (OMF). Konsernet har samla banken si eigedomsforvaltning i Bankeigedom Sogn og Fjordane AS.

Strategi

Visjonen til Sparebanken Sogn og Fjordane er å vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane.

Banken sitt viktigaste samfunnsansvar er å levere tilfredsstillande inntening, slik at vi kan vere ein finansiell muskel for lokalt næringsliv. Auka kvalitet, effektivitet og lønsemd i kjerneverksemda, er avgjerande for å utvikle banken vidare, og fundamentet for å kunne leve ut visjonen.

Samfunnsoppdraget vårt er å ha finansielle muskler til å finansiere og utvikle næringslivet i Sogn og Fjordane, i tillegg til å vere ein stabil og god bank for privatkundane i kjerneområdet og landet elles. Overskotet skal tilbake til regionen vår gjennom små og store løft innan næringsliv, utdanning, kultur, forskning, idrett og helse. For å levere på samfunnsoppdraget, er forretningsmodellen vår bygd opp av tre delar: Vi er personlege og nære, vi har smarte digitale tenester og vi har eit stort samfunnsengasjement. Dei strategiske initiativa i 2022 er bygde på desse tre delane i forretningsmodellen: Vi fornya det personlege i fysiske og digitale kontaktpunkt, forenkla kvardagsøkonomien til kundane og integrerte berekraft som ein naturleg del av samfunnsengasjementet vårt.

Sparebanken Sogn og Fjordane skal vere ein sjølvstendig sparebank. Vi er den leiande banken i kjerneområdet og har ein sterk marknadsposisjon. Samtidig har banken lenge hatt ein vekststrategi på privatmarknaden utanfor regionen, og denne strategien ligg fast. Banken justerer utviklingsnivå, distribusjon og kompetanse i takt med det som skjer i banknæringa og etter krav frå kundar, med mål om å styrke målretta sal- og kundepleie. Banken har sjølv tatt kontroll over fleire sider av utviklinga av produkt og tenester. Jamlege målingar, som EPSI, viser ein høg og stabil kundetilfredsheit og kundeloyalitet, i og utanfor Sogn og Fjordane.

Banken er opptatt av ei berekraftig utvikling, og engasjerer oss lokalt og globalt. Vi har valt oss ut 4 berekraftsmål vi legg ekstra vekt på, og berekraft er ein viktig del av banken sin hovudstrategi, samt at vi har fokus på dette i ein eigen berekraftsstrategi.

Gjennom eigarposisjonar i Frende Holding AS (9,9 %), Balder Betaling AS (10,9 %) og SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS (8,0 %), har banken styrka nettverket mot andre aktørar og sikra eigarskap på produksida.

Vi arbeider aktivt for å oppretthalde høg trivsel i organisasjonen, og for å utvikle prestasjonsorienterte og kompetente medarbeidarar. Kostnadseffektiv drift er viktig, sjølv om banken held fram med å investere i utvikling gjennom kompetanse og teknologi.

Resultatrekneskaper

Hovudlinjer 2022 (tal for 2021 i parentes)


- Netto renteinntekter 1.148 mill. kr (945 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 0 mill. kr (173 mill. kr)
- Samla inntekter 1.314 mill. kr (1.274 mill. kr)
- Driftskostnader 499 mill. kr (483 mill. kr)
- Nedskrivning på utlån og garantiar 36 mill. kr (37 mill. kr i innteksføring)
- Resultat før skatt 779 mill. kr (827 mill. kr)

- Eigenkapitalavkastning 10,2 % (12,4 %)
- Kapitaldekning 20,2 % (19,4 %)
- Utbytte pr. eigenkapitalbevis 12,00 kr (9,00 kr)
- Foreslått utdelt til utbytte og gåver 248 mill. kr (187 mill. kr)

Resultat

Sparebanken Sogn og Fjordane har eit resultat før skatt på 779 mill. kr for 2022 og dette er ein nedgang på 48 mill. kr frå året før. Etter skatt er resultatet for 2022 på 602 mill. kr, mot 666 mill. kr i 2021. Resultatet etter skatt gir ei EK-avkastning på 10,2 %, mot 12,4 % i 2021. Resultatnedgangen skuldast primært lågare resultat frå finansiell instrument, høgare nedskrivning på utlån og garantiar og ein moderat vekst i driftskostnadene. Samtidig er det fin utvikling i netto renteinntekter og i provisjonsinntektene.

Resultat etter skatt og EK-avkastning



Netto renteinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 1.148 mill. kr og har auka med 203 mill. kr, eller 21,5 %, samanlikna med 2021. Det har vore fin framgang i kundemarginen det siste året og god vekst i innskot og utlån. Finansieringskostnadene har samtidig auka vesentleg på grunn av oppgang i 3 mnd. Nibor. For å redusere finansieringskostnadene, har banken over tid hatt fokus på å auke andelen obligasjonar med fortrinnsrett, av samla verdipapirgjeld. Dette har bidrege positivt til rentenettoen for 2022. Totalt sett er det ein fin framgang i netto renteinntekter, i forhold til 2021.

Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) viser ein klar forbetring og er på 1,67 % i 2022 mot 1,46 % i 2021.

Netto andre inntekter

Netto andre driftsinntekter for 2022 er på 167 mill. kr, mot 329 mill. kr for 2021. Nedgangen skuldast at det var eit spesielt godt resultat frå finansielle instrument i 2021.



Netto resultat frå finansielle instrument

Netto resultat frå finansielle instrument i 2022 er på 0 mill. kr, mot 173 mill. kr i 2021. Av resultatet for 2022, kjem 55 mill. kr frå langsiktige aksjeplasseringar mot tilsvarende 152 mill. kr for 2021. Det positive resultatet frå aksjar kjem primært frå utbytte og oppskrivning av aksjeposten i Frende, både for 2022 og året før. For 2022 er det elles eit negativt resultat på netto 69 mill. kr relatert til verdiendring frå finansielle instrument (rentepostar), mot eit positivt resultat for året før på 5 mill. kr. For nærmare forklaring sjå note 22.

Provisjonsinntekter og -kostnader

Netto provisjonsinntekter er på 166 mill. kr og har auka med 17 mill. kr, eller 11,4 %, i forhold til 2021. Auken skuldast i hovudsak høgare provisjonsinntekter frå betalingstenester og forsikring.

Andre inntekter

Andre inntekter er på 31 mill. kr og er redusert med 4 mill. kr, eller 11,4 %, i forhold til 2021. Reduksjonen skuldast primært lågare inntekter frå dotterselskapet Eigedomsmeikling Sogn og Fjordane AS.

Driftskostnader


Driftskostnadene for 2022 er på 499 mill. kr og har auka med 16 mill. kr, eller 3,3 %, frå 2021. Veksten i kostnadene er påverka av spesielle postar både i tala for 2022 og 2021. I tala for 2021 var det gjort avsetningar til m.a. sluttvederlag og i 2022 er det utgiftsført kostnader relatert til innføring av ei eigenkapitalbevisordning for tilsette. Vidare er det i 2022 ført ein netto vinst ved sal av eigedomar på 5,6 mill. kr, mot eit tap på 1,6 mill. kr året før. Justert for desse spesielle postane er det ein kostnadsvekst på 5,9 % frå 2021. Det er spesielt IT-kostnadene og personalkostnadene som har auka frå 2021. Generell løns- og prisvekst har medført auka kostnader og i tillegg har tal årsverk auka med 10, eller 3,7 %, gjennom året. Strategiske fellesprosjekt gjennom Frende-samarbeidet er med og forklarar noko av kostnadsauken. Enkelte kostnader var dessutan spesielt låge i 2021, som til dømes reisekostnader, på grunn av koronasituasjonen.

Kostnadsprosentar

Driftskostnadene for 2022 utgjer 0,73 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 0,75 % for 2021. Dette nøkkeltalet illustrerer at drifta er blitt meir kostnadseffektiv, målt mot forvaltningskapitalen, det siste året. Det har vore ei gradvis forbetring i dette nøkkeltalet over tid.

Driftskostnader i prosent av samla inntekter, eksklusiv resultat frå finansielle instrument, er på 38,0 % for 2022, mot 43,9 % for 2021. Driftskostnader i prosent av samla inntekter, inkludert resultat frå finansielle instrument, er på 38,0 % for 2022, mot 37,9 % for 2021.


Kostnadsprosent



Nedskrivning på utlån og garantiar

Det er i 2022 kostnadsført netto 36 mill. kr i nedskrivning på utlån og garantiar, medan det i 2021 var inntektsført/tilbakeført 37 mill. kr. Nedskrivningane for 2022 er relativt låge men skilnaden i forhold til 2021 er likevel stor. Det er ein auke i dei modellbaserte tapa i 2022 med 104 mill. kr, med bakgrunn i ein meir usikker makrosituasjon, medan det er ei netto inntektsføring på 68 mill. kr for individuelt vurderte engasjement på grunn av positiv utvikling for fleire enkeltengasjement. Nedskrivningane for 2022 er på 0,06 % av brutto utlån.

Nedskrivning på utlån og garantiar i mill. kr



Skattekostnad

Skattekostnaden for 2022 er på 177 mill. kr og utgjer 21,7 % av resultatet før skatt. I 2021 var skattekostnaden på 161 mill. kr og utgjorde 19,5 % av resultatet før skatt. Årsaka til varierende skattekostnad i prosent, er primært at det meste av resultatet frå aksjar er omfatta av fritaksmetoden. Morbanken har elles ein skattesats på 25 %, medan dotterselskapa har ein skattesats på 22 %.

Dotterselskap

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Selskapet har pr. 31.12.22 utlån til bustadar på i alt 27,9 mrd. kr. Aktiviteten i selskapet er utvida det siste året, og utlåna har auka med 19,9 % i 2022. Selskapet er solid og har ein eigenkapital på 2,3 mrd. kr og ei kapitaldekning pr. 31.12.22 på 20,6 %.

Resultat før skatt er på 153 mill. kr i 2022, mot 234 mill. kr for 2021 på grunn av lågare netto renteinntekter. Selskapet er viktig for å skaffe konsernet rimeleg finansiering, gjennom å legge ut obligasjonar med fortrinnsrett.

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og eig dei største bankbygga i konsernet. Resultatet før skatt er på 14,5 mill. kr for 2022, mot 5,3 mill. kr for 2021. Resultatoppgangen skuldast vinst ved sal av ein eigedom.

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Driftsinntektene er på 30 mill. kr, og er 3,0 mill. kr lågare enn året før. Resultatet før skatt er negativt med 2,7 mill. kr for 2022, mot eit positivt resultat på 1,9 mill. kr for 2021.

Resultat

Resultatet for konsernet etter skatt for 2022 er på 602 mill. kr, mot 666 mill. kr i 2021. Dette gir ei eigenkapitalavkastning på 10,2 % for 2022, mot 12,4 % for 2021. Resultatet for 2022 er godt, men lågare enn for 2021, og det skuldast lågare resultat frå finansielle instrument, høgare tap på utlån og ein moderat auke i driftskostnadene. Netto renteinntekter og provisjonsinntekter viser samtidig fin framgang. Sparebanken Sogn og Fjordane har over tid hatt ei tilfredsstillande og stabil eigenkapitalavkastning.

For morbanken er resultatet etter skatt på 671 mill. kr, mot 633 mill. kr året før.

Disponering av årsresultatet til morbanken (i heile kroner)

Resultat etter skatt morbank	671.247.167
Renter til hybridkapitalinvestorar (fondsobligasjon)	- 16.240.578
Til disposisjon	655.006.589

Styret vil legge fram forslag til Generalforsamlinga 30. mars 2023, om følgjande disponering

Utbytte (kr 12,00 pr. eigenkapitalbevis)	233.798.244
Gåver	14.000.000
Utjamningsfond	337.679.819
Kompensasjonsfond	69.528.526
Sum disponert	655.006.589

Utdelinga til utbytte og gåver med totalt 248 mill. kr utgjør 37,8 % av det disponible resultatet for morbanken og er vurdert som forsvarleg utifrå eigenkapitalsituasjonen.


Balansen

Konsernet har ved utgangen av 2022 ein forvaltningskapital på 70,8 mrd. kr, og den har auka med 5,0 mrd. kr, eller 7,6 %, frå 31.12.21. Auken skuldast primært god vekst i utlån til kundar og høgare likviditetsreserve, i form av sertifikat og obligasjonar.


Utlån til kundar

Brutto utlån er på 61,5 mrd. kr ved utgangen av 2022. Utlånsvolumet har auka med 3,8 mrd. kr, eller 6,7 %, det siste året. Utlånsveksten til privatmarknaden det siste året er på 6,3 % og utlån til bedriftsmarknaden har auka med 6,7 %.

Brutto utlån pr. 31.12.22 er fordelt med 75,2 % til privatmarknaden og 24,8 % til bedriftsmarknaden (inkl. off. sektor). Pr. 31.12.21 var andelen utlån til bedriftsmarknaden på 24,5 %.



Grafen nedanfor viser utlån til bedriftsmarknaden fordelt på ulike næringer pr. 31.12.22. Utlån til eigedomsdrift utgjør den største delen av utlåna til bedriftsmarknaden, med til saman 4,8 mrd. kr. Dette utgjør 32 % av samla utlån til næring. Utlån til fiskeri og havbruk, står for den nest største delen med 2,6 mrd. kr, og utgjør 17 % av utlåna til bedriftsmarknaden.



Nedskrivningar på utlån, garantiar og unytta trekkrettar


Samla balanseførte nedskrivningar til forventa tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar ved utgangen av året er på 334 mill. kr mot 322 mill. kr eitt år tidlegare. Av nedskrivningane pr. 31.12.22 er 314 mill. kr relaterte til utlån. Samla nedskrivningar på utlån i balansen pr. 31.12.22 utgjer 0,51 % av brutto utlån, mot 0,53 % eitt år tidlegare. Det har vore positiv utvikling for enkeltengasjement i 2022, men samstundes er modellnedskrivningane auka med bakgrunn i makrosituasjonen og forventning om lågare panteverdiar.

Innskot frå kundar og innskotsdekning

Innskot frå kundar er på 34,8 mrd. kr ved utgangen av 2022 og har auka med 2,3 mrd. kr, eller 7,1 %, det siste året. Innskot frå privatmarknaden har auka med 3,5 % og innskot frå bedriftsmarknaden, inkludert offentleg og finansiell sektor, med 12,9 %.

Innskota pr. 31.12.22 er fordelte med 59,6 % frå privatmarknaden, 32,8 % frå bedriftsmarknaden og 7,6 % frå offentleg/finansiell sektor.

Innskot fordelt på sektor



■ Off./fin sektor ■ Bedriftsmarknad ■ Privatmarknad

Innskotsdekninga for konsernet har auka litt det siste året og er på 56,7 % pr. 31.12.22, mot 56,4 % pr. 31.12.21.

Verdipapirplasseringar

Aksjar m.v.

Banken har pr. 31.12.22 aksjar bokførte til 758 mill. kr, mot 765 mill. kr pr. 31.12.21. Porteføljen av aksjar pr. 31.12.22 består av langsiktige strategiske plasseringar. Den største aksjeposten pr. 31.12.22 er i Frende Holding AS og er bokført til 366 mill. kr. Eigarskapen har samanheng med at banken formidlar Frende sine forsikringsprodukt. Den nest største aksjeposten er i SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS og er bokført til 111 mill. kr. Denne aksjeposten har samanheng med at banken formidlar salspantfinansiering og leasing frå selskapet.

Sertifikat og obligasjonar

Plasseringar i sertifikat og obligasjonar er bokførte til 7,5 mrd. kr ved årsskiftet, mot 6,6 mrd. kr pr. 31.12.21. Plasseringane blir nytta i likviditetsstyring og som likviditetsbuffer. Sertifikat og obligasjonar er vurderte til marknadsverdi.

Verdipapirgjeld

Ved utgangen av 2022 har banken sertifikat- og obligasjonsgjeld bokført til 27,2 mrd. kr mot 25,3 mrd. kr pr. 31.12.21. Banken har hatt god tilgang på finansiering i 2022, både frå marknaden for obligasjonsinnlån og ved å nytte Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, til utlegging av obligasjonar med fortrinnsrett.


Eigenkapital og kapitaldekning

Konsernet har pr. 31.12.22 ein eigenkapital på 6,6 mrd. kr, mot 6,2 mrd. kr pr. 31.12.21. Sparebanken Sogn og Fjordane har ein eigarandelskapital på 4,7 mrd. kr og ein grunnfondskapital på 0,7 mrd. kr. Det er ikkje utferda nye eigenkapitalbevis i 2022. Konsernet har ein hybridkapital i form av fondsobligasjonar på 350 mill. kr pr. 31.12.22, og den er uendra det siste året. Eigenkapitalen har auka med 396 mill. kr, eller 6,3 %, samanlikna med tala pr. 31.12.21. Auken kjem frå resultatet, for det siste året, med frådrag av utbytte og gåver.

Konsernet har ein ansvarleg lånekapital bokført til 603 mill. kr pr. 31.12.22. Netto ansvarleg kapital, som grunnlag for utrekning av kapitaldekning, er på til saman 6,9 mrd. kr og har auka med 313 mill. kr, eller 4,8 % det siste året. Det er pr. 31.12.22 foreslått utdelt 248 mill. kr til utbytte og gåver, mot tilsvarande 187 mill. kr pr. 31.12.21. Foreslått utdeling til utbytte og gåver er trekt ifrå ved utrekning av ansvarleg kapital.

Konsernet har ein kapitaldekningsprosent pr. 31.12.22 på 20,2 %, mot 19,4 % pr. 31.12.21. Rein kjernekapitaldekning pr. 31.12.22 er på 17,4 %, mot 16,6 % pr. 31.12.21. Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen ved utgangen av 2022 som tilfredsstillande.

Grafen viser utviklinga i kapitaldekningsprosent dei fem siste åra:





Vidare drift

Rekneskaper for 2022 er lagt fram under føresetnad av at drifta skal halde fram.

Hendingar etter balansedagen

Det er ingen hendingar etter balansedagen som påverkar den framlagde rekneskaper i vesentleg grad.

Rating

Sparebanken Sogn og Fjordane har pr. 31.12.22 langsiktig rating A1 frå Moody's med stabile utsikter. OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane har langsiktig rating Aaa.

Eigarstyring og selskapsleiing

Styringa av banken byggjer på norske lover, mellom anna på rekneskapslova og finansføretakslova. Banken følgjer i hovudsak prinsippa for eigarstyring og selskapsleiing, slik dei er formulerte av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES).

Generalforsamlinga er det øvste organet i banken. Generalforsamlinga har 25 medlemmer. Oppgåver og ansvar til generalforsamlinga er gitt av banken sine vedtekter §3-9, og det er mellom anna generalforsamlinga som vel styre og valkomité.

Det er to valnemnder i banken: valnemnd for innskyttarar og Generalforsamlinga sine val og valnemnd for eigenkapitalbevisegarar. I tillegg har banken eit valstyre for tilsettere representantar:

- Valnemnd for innskyttarane og Generalforsamlinga sine val er samansett av tre representantar, og kvar representerer kvart ledd av Generalforsamlinga til banken, 1 representant for innskyttarar, 1 representant for eigenkapitalbevisegarar og 1 representant for dei tilsette. Valnemnda har som ansvar å både finne kandidatar til Generalforsamling og Styre. Kandidatane som innskyttarar må vere geografiske stadbundne til Sogn og Fjordane, Volda kommune eller Bergen, og dei må ha hatt innskot på over 2500 kroner siste 6 månadene for å vere kandidat. Prosessen med å finne kandidatar startar i november, og valet vert gjennomført i slutten av mars på Generalforsamlinga.
- Valnemnd for eigenkapitalbevisegarar er samansett av tre representantar valt blant eigekapitalbeviserepresentantane i Generalforsamlinga, og skal finne kandidatar for dette leddet. Det er ikkje krav til at kandidatane skal vere kunde eller eigarar.
- Valstyret for tilsette sine val er samansett av tre tilsette i banken. Valstyret er oppnemnt av styret i banken. Deira jobb er å finne tilsettere representantar til både styret og Generalforsamling. Jobben deira består av å vurdere om kandidatar foreslått av dei tilsette er eigna og fasilitere valet av representantar.

Styret i banken har åtte medlemmer inkludert to tilsettere representantar. Administrerande direktør og andre leiande tilsette er ikkje medlemmer av styret. Val av styret er regulert i vedtektene § 4-1. Valet vert gjort av generalforsamlinga, og medlemene vert valde for inntil to år og varamedlemene for eitt år. Styret hadde 14 møte i 2022. Strategi, finansiell utvikling, kapitalisering, risikostyring, anti-kvitvask, etterleving og internkontroll var viktige tema i møta.

Styret sitt arbeid er regulert av ein styreinstruks og årsplan for styret sitt arbeid. Styret skal leie banken i samsvar med lover, vedtekter og vedtak i generalforsamling. Styret er ansvarleg for forvaltning av banken sine midlar, og er gjennom dette ansvarleg for banken si strategiske planlegging. Mål, strategiar og risikoprofil blir vurdert minst årleg. Banken ønskjer å medverke til ei berekraftig utvikling og har integrert berekraft som ein naturleg del av banken sin strategi.

Styret har tre underutval: Revisjonsutval, Risikoutval og Godtgjersleutval.

Revisjonsutvalet består av tre styremedlemmer. Utvalet hadde fem møte i 2022. Revisjonsutvalet går gjennom kvartals- og årsrekneskaper med særleg fokus på prinsipp, vesentlege verdi-vurderingar og estimat, og revisor sitt arbeid. I tillegg evaluerer utvalet organisering og gjennomføring av internkontroll, med særskilt fokus på finansiell rapportering.

Risikoutvalet består av tre styremedlemmer og hadde åtte møte i 2022. Utvalet førebear styret si hand-saming av kvartalsvise risikorapportar, årleg ICAAP- og ILAAP-rapport, årleg internkontroll-rapport, årsrapport og årsplan for internrevisjon og årleg finansstrategi med tilhøyrande risikorammer. Utvalet førebear saker som omhandlar overvaking og styring av banken sine einskilde risikoar og samla risiko, med fokus på om banken sine styrings- og kontrollordningar er tilpassa risikonivået og omfanget av verksemda.

Godtgjersleutvalet består av tre styremedlemmer. Utvalet hadde tolv møte i 2022. Utvalet handsamar retningslinjer for godtgjersle til leiande tilsette, forslag til styret om godtgjersle til administrerande direktør, og er rådgjevande organ for administrerande direktør i saker som gjeld godtgjersle til resten av konsernleiinga.

Selskapet har teikna ansvarsforsikring for styre og dagleg leiar, gjennom ei felles ordning som konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane har saman med fleire andre finansføretak. Samla forsikringssum er på inntil 120 mill. kr pr. forsikringstilfelle og totalt for alle som er sikra gjennom ordninga.



Fullmakt relatert til egenkapitalbevis og eigarandelskapital

Generalforsamlinga gav den 30. mars 2022 styret fullmakt til å kjøpe attende eigne egenkapitalbevis for inntil samla pålydande kr 150 millionar, med formål om vidareasal til tilsette. Styret har ikkje fullmakt til å utvide eigardelskapitalen. Slike vedtak krev fleirtal som ved vedtektsendring og minst 2/3 fleirtal av dei stemmene som vert gitt av eigarane, som er valde av egenkapitalbevisegarane. Fullmakt for tilbakekjøp av egenkapitalbevis vart nytta ved at banken i 2022 kjøpte 59.761 egenkapitalbevis. Banken eig framleis 14.304 av desse egenkapitalbevisa, og dei vil bli nytta i banken si spareordning for egenkapitalbevis for tilsette.

Eigarstruktur

Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til egenkapitalbevisbank i 2010. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ein eigardel på 93,26 % av egenkapitalbevisa. Sparebankstiftinga Fjaler har ein eigardel på 5,92 %. Banken eig sjølv 0,07 % av eigne egenkapitalbevis. Andre, i all hovudsak tilsette og styret i Sparebanken Sogn og Fjordane har ein eigardel på 0,75 %.

Det kan bli aktuelt å vurdere børsnotering av egenkapitalbevisa, og banken følgjer marknadsutviklinga i tråd med dette.

Internkontroll

Internkontrollarbeidet skal bidra til at banken når dei strategiske måla gjennom riktig måling, kontroll og prising av risiko, effektiv drift og forsvarleg handtering av risiko. Internkontrollen er etablert i samsvar med forskrift for risikostyring og internkontroll.

Alle operative leiarar har ansvar for å ha effektiv og føremålstenleg internkontroll for å handtere eigen risiko generelt og for finansiell rapportering spesielt. Dette inneber ansvar for å vurdere om verksemda til eininga/fagområdet representerer ein risiko for feil i finansiell rapportering. Leiarane skal vurdere risikoen før tiltak, og vurdere risikoreducerande tiltak. For å sikre ein tilfredsstillande gjenverande risiko skal ein vurdere kontrollbehov og sørgje for at risikoen blir tilfredsstillande følgt opp og kontrollert. Dei operative leiarane skal periodisk rapportere kontrollresultata og minst årleg evaluere etterleving og behov for nye tiltak. Dei finansielle resultata på ulike avdelingar og forretningsområde blir periodisk følgt opp.

Direktør for økonomi og finans har ansvar for banken sin rekneskaps- og økonomifunksjon, og er såleis ansvarleg for finansiell rapportering og internkontroll knytt til dette. Dette inneber også ansvar for å sikre at finansiell rapportering tilfredsstillar lover og reglar

til ei kvar tid. Det er etablert prosessar og interne kontrollrutinar som skal sikre kvaliteten i den finansielle rapporteringa. Dette omfattar fullmaktsreglar, arbeidsdeling, avstemmingar, IT-kontrollar m.m.

Avdeling for risikostyring og etterleving skal sjå til at risikostyring og internkontroll i operative avdelingar er i tråd med lover, reglar og interne rammer og retningslinjer. Periodiske kontrollar og stikkprøver er grunnlaget for kvartalsvis rapportering av status innanfor dei ulike risikoområda. I årleg internkontrollrapport gjennomgår og evaluerer ein status for alle vesentlege risikoforhold, med fokus på kvalitet, utfordringar og forbetningsområde. Styret sitt risikoutval førebur styret si handsaming av dei ulike rapportane. Styret har vedteke instruksar for risikostyrings- og etterlevingsfunksjonen. Det er etablert årshjul for internkontroll for ulike nivå, som mellom anna set krav til risikovurdering, inkludert risikoreducerande tiltak, gjennomgang av regelverk, kontrollhandlingar, rapportering og stadfesting av internkontroll.

Internrevisor utarbeider årsrapport om risikostyring og internkontroll til administrasjonen og styret. Grunnlaget for rapporten er eigne revisjonsprosjekt. Revisjonsprosjekta inngår i årsplanen som styret vedtek for internrevisjonen.

Ekstern revisor utarbeider årleg ein rapport om resultatet for den finansielle revisjonen. Rapporten inneheld også opplysingar om eventuelle svake punkt og manglar og forslag til tiltak og utbetringar. Dette blir følgt opp av dei ansvarlege einingane og av avdeling for risikostyring og etterleving. Ekstern revisor har også årlege møte med styret utan at administrasjon er til stades.

Styret fører tilsyn med prosessane for finansiell rapportering, internkontroll, risikostyring og etterleving, og har det overordna ansvaret for at funksjonane fungerer effektivt. Til å støtte seg i dette arbeidet har styret sine eigne utval, Revisjonsutvalet og Risikoutvalet, som førebur sakshandsaming av kvartals- og årsrapportar og ser til at konsernet har ein uavhengig og effektiv ekstern revisjon. Årsrekneskapa blir fastsett av Generalforsamlinga, etter handsaming av styret i konsernet.

Risiko og kapitalstyring

Risiko- og kapitalstyring i banken skal støtte opp under banken si strategiske utvikling. Gjennom kvartalsvis rapportering frå administrasjonen vurderer styret banken sin risiko- og kapital situasjon mot vedtekne styringsmål og rammer. Styret evaluerer og vedtek årleg kapitalbehov og kapitalplan gjennom ICAAP-dokumentet. I tillegg blir kredittstrategi, finansstrategi, strategi for styring av



operasjonell risiko og rammer for kapitaldekning, kredittrisiko, likviditetsrisiko og markedsrisiko vedteke i styret. Styret har også vedteke dokumentet Risikostyring i Sparebanken Sogn og Fjordane, som gjer greie for gjennomføring og ansvarsdeling i internkontroll- og risikostyringsarbeidet i banken. Styret meiner at banken sine prosessar for risiko- og kapitalstyring fungerer godt.

Banken nyttar standardmetoden for utrekning av kapitalbehov knytt til kredittrisiko, og basismetoden for operasjonell risiko. Kapitalbehovet i Pilar 2 blir berekna med metodar som Finanstilsynet har gjort greie for i Rundskriv 3/2022. Det er i tillegg gjort supplerande vurderingar og avsetningar der ein finn dette nødvendig. Sjølv om banken gjer egne berekningar av kapitalbehovet i Pilar 2, er det likevel Finanstilsynet som fastset det endelege Pilar 2-kravet som banken må oppfylle. Pilar 2-kravet er ved utgangen av 2022 på 1,7 % av risikovekta berekningsgrunnlag.

Risiko og kapitalbehov blir rapportert til styret gjennom kvartalsvise risikorapportar og gjennom ICAAP-rapporten. Gjennom dette har styret kontroll med at banken er tilstrekkeleg kapitalisert og at risikorammene ikkje er brotne. Det er også utarbeidd beredskapsplan for likviditet. I tillegg gir gjenopprettingsplanen eit godt bilde på gjenopprettingsevna til banken i ein krisesituasjon der måltala for soliditet og likviditet blir brotne. Gjennom 2023 vil det bli arbeidd med å sikre at banken etterlever krava i krisehandteringsdirektivet når dette trer i kraft frå 01.01.24.

Gjennom drifta blir banken utsett for risiko på ulike område. Risikobildet er i stadig endring, og nye risikotypar oppstår etter kvart som omgjevnadene og samfunnet endrar seg i form av teknologisk utvikling, klimaendringar, endra kundeåtfærd og nye regulatoriske krav.

Kredittrisiko

Styret set ramma for banken sin kredittrisiko gjennom kredittpolitikken og reglementet for løyving av lån og kredittar. Kredittstrategien blir utarbeidd årleg med utgangspunkt i banken sin hovudstrategi. Kredittstrategien legg føringar for kredittverksemda det påfølgjande året. Den samla kredittrisikoen blir følgd opp gjennom månadlege rapportar som viser korleis banken etterlever risikorammene.

I 2022 hadde banken ein tapskostnad som utgjorde 0,06 % av brutto utlån. Samla balanseførte nedskrivningar på utlån, garantiar og unytta kredittar pr. 31.12.22 var på 334 mill. kr, ein auke på 18 mill. kr frå 31.12.21. Samla betalingsmisleghald både for næringslivs- og privatkundar ligg godt innanfor rammene som styret har sett. Utlåna til BM som

del av totale utlån utgjorde 24,8 % ved utgangen av 2022. Av BM-engasjementa var 9,6 % av volumet ved årsskiftet definert som engasjement med høg risiko.

Gjennom 2022 vart styringsrenta auka med 2,25 %-poeng. Utlånsrentene auka om lag i same takt som styringsrenta. I kombinasjon med høg inflasjon på nødvendige gode som mat, straum og drivstoff, medfører dette at mange privatkundar har fått redusert overskotslikviditet gjennom 2022. På næringslivssida har fleire kundar fått ein betydeleg kostnadsauke, mellom anna som følgje av auka straumprisar, men kundane har så langt handtert dette godt. Trass i at mange kundar både på privat- og bedriftsmarknaden har fått auka kostnader gjennom 2022, utan fullt ut å ha kompensert dette med like stor inntektsauke, er risikoen i utlånsporteføljen totalt sett vurdert som låg ved inngangen til 2023.

Operasjonell risiko

Banken styrer den operasjonelle risikoen gjennom rutineverk og arbeidsprosedyrar. Det er innebygt maskinelle kontrollar i mange av banken sine system, samtidig som det blir gjort manuelle kontrollar i ettertid. Banken har eigen strategi for styring av operasjonell risiko. I tillegg er det utvikla ein hendingsdatabase for betre å kunne styre den operasjonelle risikoen, og lære av operasjonelle feil.

Internkontrollprosessen, med risikovurdering, risikodempeande tiltak og rapportering, er sentral i styringa av operasjonell risiko. Gjennom strategiar og prognosar legg styre og administrasjon mål for det komande året. Dei ulike fagområda må deretter innrette drifta med tanke på å støtte opp under desse måla. Fagområda gjennomfører risikovurderingar med sikte på å avdekke kva faktorar som kan hindre at måla vert nådde. For vesentlege risikoar skal det planleggast tiltak og kontrollar som sikrar at risikoen blir dempa til eit akseptabelt nivå. Risikobildet med tilhøyrande handlingsplan blir brukt som grunnlag for oppfølging og rapportering gjennom året.

Compliancerisiko

Kompleksiteten i regelverket som banken må tilpasse seg til, aukar stadig. Dette set krav både til å setje seg inn i regelverket, tilpasse drifta for å tilfredsstille nye krav, og ofte krevst det også nye tekniske løysingar for å kunne oppfylle krava til rapportering. Banken har investert i slike løysingar, og gjennom prosjekt og dagleg drift blir det gitt opplæring og rettleiing i korleis regelverket skal tolkast. Dette reduserer sannsynet for manglande etterleving av lovverket. Banken har også auka bemanninga for å redusere compliancerisikoen.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko blir styrt og målt innanfor tre hovud-område; renterisiko, aksjerisiko og valutarisiko. Styret har vedteke rammer for banken sin renterisiko, og for banken si eksponering i valuta-marknaden. All aksjeeksponering er i strategiske, langsiktige plasseringar.

Renterisikoen er knytt til renteberande verdipapir, rentesikringsavtalar, fastrenteutlån og fastrente-innskot. Renterisiko blir rekna ut etter kor mykje dei finansielle verdiane vil endre seg, dersom rentenivået endrar seg. Styret vedtek rammer for eksponering innanfor ulike tidsintervall for rentebinding og samla eksponering.

Valutaeksponering er knytt til utanlandsk betalingsformidling, valutabehaldning, valutalån og terminforretningar. Risikoen blir styrt gjennom fastsette rammer for total valutaeksponering og underliggjande rammer for enkeltvalutaer, og blir rapportert på dagleg basis.

Cyberisiko

Finanstilsynet si årlege ROS-analyse viser at finansføretaka arbeider godt med å styrke forsvarsverket sitt mot cyberkriminalitet. Samhandlinga som næringa har gjennom NFCERT hevar kunnskapen om trussel- og risikobildet, og gjer føretaka betre i stand til å handtere digitale truslar og førebyggje uønskete hendingar. Samtidig er det avdekkja sårbarheiter som utgjer ein risiko for alvorlege hendingar i finanssektoren.

Sparebanken Sogn og Fjordane overvakar trusselaktivitet retta mot banken både ved bruk av interne overvakingssystem og eksterne kjelder. Banken innhentar kontinuerleg aktuell trusselinformasjon frå kjelder som NFCERT, NSM, SANS Institute med fleire. Banken rapporterer samtidig, og har dialog om, alvorlege hendingar med NFCERT.

Det har vore sentralt for banken å styrke den interne sikkerheitskulturen. Dette blir gjort breitt i organisasjonen gjennom opplæring. Sparebanken Sogn og Fjordane har ein IKT-strategi som blir rullert årleg, og som er samordna med ein hovudkontinuitetsplan og underliggjande kontinuitetsplanar. Desse blir også oppdaterte årleg. Banken arbeider målretta for å halde tritt med utviklinga av det digitale trusselbildet. I tillegg til prosjekt for å handtere cyberrisikoen, har banken etablert eit dedikert «Årshjul digital sikkerhet» som skal spegle dei regelmessige aktivitetane. Årshjulet for digital sikkerheit blir følgt opp og oppdatert løpande i takt med utviklinga innan cybersikkerheit.

Banken sin IKT-infrastruktur består av ein systemportefølje, ei rekkje nettverk og store samlingar data

av ulik art og klassifisering. Desse tre delane av infrastrukturen er sikra gjennom fleire forsvarsverk som banken jamleg testar. Gjennom årsplanen for internrevisjon har styret dei siste åra sikra at internrevisor har hatt ekstra fokus på IKT-sikkerheit. Dette er blitt ivareteke av spesialistmiljø sentralt hjå internrevisor (PWC). Banken har også engasjert eksterne konsulentar til å gjennomføre penetrasjons- og phishingtestar utover det som er gjort gjennom internrevisjonsprosjekta. Bruken av internrevisor og eksterne konsulentar har vore eit viktig ledd i arbeidet med å forbetre arbeidsprosessar og sikkerheit i banken.

Som ein del av kriseberedskapen, blir det gjennomført årlege kriseøvingar med IKT-hendingar som tema. Banken er i innføringsfasen av eit nytt Information Security Management System – ISMS, som er eit styringssystem for informasjonssikkering.

Sparebanken Sogn og Fjordane tek truslane som cyberrisikoen medfører, på største alvor, og arbeider systematisk med å gjere grep og investeringar som reduserer faren for cyberangrep.

ESG-risiko

ESG-risiko omfattar risiko knytt til klima og natur, sosiale forhold og verksemdstyring. EU har utarbeidd eit klassifikasjonssystem som definerer kriterium for om ein økonomisk aktivitet kan reknast som berekraftig. Føremålet er å etablere eit felles rammeverk for kva som er berekraftige aktivitetar, og å unngå «grønvasking».

Klimarisiko er pr. i dag den mest sentrale risikoen innanfor ESG-feltet. Klimarisiko handlar om risiko knytt til klimaendringar som kan gje auka risiko og tap for banken. Ein opererer vanlegvis med ei tredeling innanfor klimarisiko:

1. Fysisk risiko: Risiko for at klimaendringar gir temperaturendringar og meir ekstremvær. Ei slik utvikling kan potensielt føre til ein reduksjon av verdien av eigedelar, og i neste omgang gje store finansielle tap både for bankkundar og bankar.
2. Overgangsrisiko: Risiko ved overgang til null-utsleppssamfunn. Dette omfattar til dømes politiske, regulatoriske og teknologiske forhold som kan påverke etterspørselen etter varer og tenester.
3. Ansvarsrisiko: Selskap kan bli haldne ansvarlege for skadar som skuldast klimaendringar pga. avgjerder, eller manglande avgjerder. Dette gjeld banken, men også banken sine kundar.

Klima – og naturrelaterte risikoar påverkar strategien, forretningsmodellen og den finansielle utviklinga til banken. Men påverknaden går også andre vegen, i form av at verksemda til banken kan påverke klima og natur.

Banken har berekraft som ein del av strategien. Berekraft skal vere ein naturleg del av drifta til banken, på tvers av avdelingar og regionar. Måleindikatorar og styringsmål for klimarisiko vil bli utvikla fortløpande. Det langsiktige målet er å bli klimanøytrale innan 2050.

Sparebanken Sogn og Fjordane er sertifisert som miljøfyrtårn og utarbeider årleg ein klimarekneskap basert på GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol). Den blir brukt for å identifisere vesentlege utsléppskjelder og er den mest brukte rapporteringsstandard til utrekning av utslépp av klimagassar.

For bankane kjem klimarisikoen som sagt til syne gjennom måten den påverkar andre risikotypar på. Det å inkludere vurderingar av klimarisiko i styringa av dei andre risikotypene banken er utsett for, vil difor vere avgjerande for best mogleg å handtere dei risikoane som kan oppstå som følgje av klimaendringar. Dette er aller viktigast på kredittområdet, men tilsvarande vurderingar må gjerast inn mot marknadsrisiko, operasjonell risiko og finansierings- og likviditetsrisiko. Det er generelt stor merksemd på ESG-feltet, og dette vil truleg føre til at regelverket på området vil vere i rask utvikling dei komande åra. Mykje av regelverket som er på trappene, vil medføre auka rapporteringskrav og ressursbehov for norske bankar. Dette gjeld til dømes ved innføring av taksonomiforordninga, offentliggjæringsforordninga og openheitslova. Banken publiserer TCFD-rapport som eit av berekraftsvedlegga til årsrapporten for 2022.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje klarer å oppfylle pliktene sine og/eller finansiere ein auke i egedelane, utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på egedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering. Det blir utarbeidd stresstestar, prognoser for likviditetsbehov, og beredskapsplan for bortfall av likviditet for å kunne handtere likviditetsrisikoen. Resultat av stresstestane og lovkrav knytt til LCR og NSFR er avgjerande for dei krava interne risikorammer set for storleiken på likviditetsreserven til banken. Banken er godt posisjonert i forhold til lovkrava, og ved utgangen av 2022 var LCR 165 % og NSFR på 122 %.

Risiko for kvitvasking og terrorfinansiering

Bankar generelt er gjennom tenestespekteret sitt vurdert å ha høg risiko for kvitvasking og terrorfinansiering. Risikoen kan reduserast gjennom val av produkt, tenester, kundar og kundeaktivitetar, og også gode styrings- og kontrollsystem, rutineverk og opplæringsiltak er avgjerande for å dempe kvitvaskingsrisikoen.

I kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering har finansnæringsa ei viktig samfunnsrolle. Sparebanken Sogn og Fjordane tek dette ansvaret på alvor og arbeider for å sikre god etterleving av regelverket. Antikvitvasking- og antiterrorfinansieringsarbeidet har difor ein sentral plass i strategien til banken.

Sparebanken Sogn og Fjordane har i all hovudsak bedriftskundar som høyrer heime i gamle Sogn og Fjordane fylke. I privatmarknaden har banken kundar over heile landet, men med storparten av kundemassen i Vestland fylke. Stort innslag av langsiktige kundeforhold og god produktbreidde er med å sikrar god kunnskap om kundane, og legg eit godt grunnlag for å handtere kvitvaskingsrisikoen. Det er avgjerande at heile organisasjonen har god kunnskap om krava i kvitvaskingslova og eit sterkt fokus på etterleving. Ved gjennomføring av kundetiltak skal tilsette ha profesjonell skepsis til informasjon og dokumentasjon frå kundar, og vere merksame på indikatorar på kvitvasking og terrorfinansiering.

Andre risikotypar

I tillegg til risikotypene som er nemnde ovanfor, er banken også utsett for andre typar risiko, til dømes forretningsrisiko, eigarrisiko og systemrisiko. Vurderingar av desse ligg inne som ein del av den daglege drifta, og styret blir orientert om utviklinga gjennom driftsrapportar, ICAAP og internrevisjonsrapportar.

Kapitalstyring

Gjennom den årlege ICAAP-prosessen vurderer og kvantifiserer vi risikoane banken er utsett for, og set av kapital til dei ulike risikotypene. Kapitalavsetjinga skal vurderast utifrå eksponeringa på eit gitt tidspunkt og ta omsyn til kapitalbehovet som følgjer av framtidige planar om vekst, strategiske endringar og andre val som vil påverke kapitalbehovet. Det skal minimum utarbeidast framskrivingar av den finansielle utviklinga for dei neste tre åra. Som grunnlag for å gjere ei god vurdering av kapitalbehovet, skal det utarbeidast scenarioanalysar som viser korleis negative hendingar påverkar resultat, balanse, likviditet og kapitaldekning.

Med grunnlag i framskrivingane og scenarioanalysane gjer styret ei samla vurdering av om kapitalnivået er tilfredsstillande. Banken skal til ei kvar tid oppfylle lovpålagde kapitalkrav. I tillegg er det viktig at banken har nok kapital til organisk vekst og eventuelle oppkjøp, og til å tilfredsstille forventningar om utbytte- og gåvetildeling. Om banken får behov for kapitalauke utover det som tilbakehalde overskot frå drifta gir grunnlag for, kan den reine kjernekapitalen aukast gjennom

emisjon av egenkapitalbevis, eller mindre utbytte- og gåvetildelingar. Kjerne- og totalkapitalen kan aukast gjennom fondsobligasjonar og ansvarlege lån.

Balansestyring er også eit viktig verkemiddel i kapitalstyringa til banken. I gjenoppretingsplanen til banken er det gjort analysar som viser effekten ulike balansestyrende tiltak har på soliditet, likviditet og lønsemd, og kor stor kapasitet banken har til å gjere slike tiltak.

Banken har dei siste åra hatt følgjande utvikling i kapitaldekning og kapitalkravsmargin (kapitalkravsmargin = rein kjernekapitaldekning - regulatorisk kapitalkrav):

	31.12.19	31.12.20	31.12.21	31.12.22
Total kapitaldekning	19,52 %	18,88 %	19,44 %	20,15 %
Kjernekapitaldekning	17,50 %	17,02 %	17,66 %	18,39 %
Rein kjernekapitaldekning	16,32 %	15,94 %	16,62 %	17,36 %
Krav rein kjernekapital	14,40 %	12,70 %	12,70 %	13,70 %
Kapitalkravsmargin	1,92 %	3,24 %	3,92 %	3,66 %

Utviklinga i soliditeten er etter styret sitt syn tilfredsstillande. Banken er også godt rusta for å møte auka framtidige kapitalkrav. I 2023 er det venta at kravet til rein kjernekapital vil auke med 2,0 prosentpoeng, i form av høgare systemrisiko-buffer og motsyklisk buffer.

Privatmarknad

2022 blei eit år prega av store kontrastar. Etterdønningar av koronapandemien, krig i Europa, auka prisvekst og hyppige renteendringar har påverka privatøkonomien til mange i Norge. Effekten av ein bratt renteoppgang og auka levekostnader kom særleg i siste kvartal i 2022. For første gong på lang tid er endringane i levekostnader så store at SIFO sitt referansebudsjett har blitt oppdatert meir enn ein gong årleg. Auken i referansebudsjettet har vore nødvendig for å spegle endringane den høge inflasjonen har på økonomien for privatpersonar.

Vi ser at høgare rente og auka levekostnader syner att i kundane sin likviditet, og banken har fått fleire søknader om avdragsfritak og forlenga løpetid på lån enn tidlegare. Vi har ikkje sett auke i betalingsproblem, og vi vurderer at kundane på privatmarknaden har god betalingsevne. Sjølv om vi vurderer porteføljen vår som god, vil det vere fleire

kundar som har fått ein strammare privatøkonomi og som har behov for god rådgjeving i usikre tider. Sparebanken Sogn og Fjordane er her for kundane både i gode og usikre tider, for å hjelpe og gje god rådgjeving.

Våre dyktige tilsette har den beste kvaliteten på rådgjevinga i landet, det viste EPSI 2022. For fjerde året på rad er vi med i den nasjonale kundeundersøkinga EPSI, som måler kundetilfredsheita for privatkundar i bankbransjen. Vi er audmjuke og takksame for at Sparebanken Sogn og Fjordane for fjerde året på rad er heilt i toppsjiktet i kåringa. For fjerde år på rad har vi første plass på omdømme. Tilbakemeldingane frå kundane våre betyr mykje, og vi blir svært stolte av våre tilsette som leverer dei gode kundeopplevingane år etter år.

Vi trur på våre dyktige tilsette, som saman med enkle digitale løysingar og eit sterkt samfunnsansvar gjev dei beste kundeopplevingane. Dette samspelet ser vi igjen i våre resultat med ein utlånsvekst på 6,3 % og ein innskotsvekst på 3,5 %.

Sparebanken Sogn og Fjordane er eit fullverdig finanshus, som i tillegg til utlån og innskot, tilbyr tenester som forsikring, tenester knytt til spare- og plasseringsområde og eigedomsmekling. På billån og leasing samarbeider vi med SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS i Trondheim. Frende Forsikring er vår forsikringsleverandør på liv- og skadeforsikring. Frende si reiseforsikring blei kåra til best i test også i 2022.

Sparebanken Sogn og Fjordane er den leiande leverandøren av spare- og plasseringsprodukt i Sogn og Fjordane. 2022 vart eit vanskeleg år for fondskundane våre. Krig i Europa saman med kraftig prisstigning og stigande rentenivå gjorde at fondskundane våre fekk eit gjennomsnittleg resultat som var negativt med 8 %. Størsteparten av fondsparinga finn stad i globale fond, og ei svekka krone gjorde at fallet ikkje vart større. Dei urolige marknadane saman med ein meir pressa privatøkonomi medførte og at nysalet vart lågare enn fjoråret. Nettosalet enda svakt i minus, trass i at dei fleste kundane våre sparar via månadleg sparing.

Total kapital plassert i fond via SSF gjekk ned med ca. 8 % i 2022 til ca. 4,4 mrd. kr. Vårt inntrykk er også at kundane, trass i høgare innløyning enn tidlegare år, er blitt meir erfarne og er klar over at fondsmarknaden svingar, til tider mykje. Dei aller fleste held på den opphavslege spareplanen sin og sit gjennom dei urolige periodane.

Mange av kundane våre sparar eit fast månadleg beløp, stort eller lite, og får dermed redusert risikoen for å plassere store beløp på eit tidspunkt som i

ettertid kan vise seg å ikkje vere optimalt. Vår strategi med innfasing av kapital via spareavtalar i aksjefond ligg fast i 2023, og er kanskje viktigare no enn nokon gong tidlegare.

Sparebanken Sogn og Fjordane sitt dotterselskap Egedomsmeikling Sogn og Fjordane har lagt bak seg eit år med varierende aktivitet grunna endringar i regelverk, sterk konkurranse og færre egedoms-transaksjonar. Egedomsmeikling Sogn og Fjordane har med sine dyktige og kompetente tilsette behalde sin posisjon som den leiande marknadsaktøren i Sogn og Fjordane, sjølv om selskapet leverer eit negativt resultat i 2022.

Bedriftsmarknad

Næringslivet i Sogn og Fjordane greidde seg godt gjennom pandemien. Låg rente og sterk kjøpekraft førte til at mange bedrifter kom styrka ut av 2021, og dette medverka til god aktivitet og investeringsvilje i 2022. Det var likevel eit krevjande år med kraftig kostnadsauke på mange innsatsfaktorar, og det var framleis utfordringar med tilgang på enkelte varegrupper som førte til forseinka produksjon og levering for mange. Den generelle kostnadsauken merkast i alle deler av næringslivet, medan kraftig auke i energiprisar treffe Indre Sogn og sørsida av Sognefjorden. Dette gav ein betydeleg kostnadsauke for mange bedrifter i året vi har lagt bak oss. Til tross for høg prisvekst er soliditeten til næringslivet i Sogn og Fjordane framleis god, og ein er godt rusta til å handtere ein uroleg makroøkonomi.

God aktivitet ser vi igjen i banken sine utlån til nye og eksisterande bedriftskundar som auka med 7,9 % i 2022. Utlånsveksten finn vi igjen i dei fleste bransjar, men etter mange sal av småkraftverk i marknads-område vårt, har banken nedgang i samla utlån til denne bransjen. Vinst frå realisasjon av bedrifter og ein generelt god likviditetssituasjon for mange bedrifter gjer at banken sine innskot frå bedriftskundar, finansielle innskytarar og kommunar auka med 1,6 mrd. i 2022, som utgjer ein auke på 12,9 %.

Stabilitet i rådgjevarkorpset og korte beslutningslinjer blir verdsett og betyr ekstra mykje i urolege tider. Banken held sin posisjon som den leiande banken for næringslivet i Sogn og Fjordane med kundeforhold til 6 av 10 aksjeselskap. Konkurransen er som tidlegare god, men vi vinn stadig konkurransen om nye kundar.

Banken har ei bevisst satsing for å vere eit komplett finanshus med eit bredt spekter av finansiell rådgjeving og tenester for bedriftskundane våre. Dette gjeld daglegbank, skadeforsikring, plassering, valutahandel og rentesikring, og produktområda kan vise til god aktivitet i 2022.

Ein uroleg aksjemarknad gav høg aktivitet hos rådgjevarane på banken sitt investeringscenter. Høgare renter gjer at innskot, i større grad enn før, blir valt til plassering av overskotslikviditet, men differensiert inngang på plasseringane og eit langsiktig perspektiv gjer at dei fleste vidarefører fonds- og aksjeplasseringane sine. For å ivareta ein auke i etterspørselen etter rådgjeving på investeringstenester, styrkar vi rådgjevarkapasiteten i 2023.

Skadeforsikring gjennom Frende er ein viktig del av banken sine produkt til bedriftskundane. Bank-distribusjon og sterk relasjon til næringslivet gir god effekt, og produktområdet hadde god vekst både i nysal og auke i eksisterande portefølje, også i året vi har lagt bak oss. Med bakgrunn i god etterspørsel og ønske om å kunne nå fleire kundar, styrka vi kapasiteten på dette forretningsområdet i 2022.

Nordea Liv er banken sin leverandør på pensjonsprodukt. Konkurransedyktige produkt med gode digitale verktøy, kombinert med god rådgjeving, gav god vekst på dette området også i 2022.

Salspantlån og leasing blir levert gjennom Sparebank 1 Finans Midt-Norge AS der banken er medeigar. 2022 vart nok eit godt år prega av god etterspørsel. På dette produktområdet auka vi både i volum og i antal avtaler i 2022.

God kompetanse hos rådgjevarane på bedriftsmarknaden er ein viktig differensieringsfaktor for banken. Gjennom bransjeansvarlege i 12 ulike bransjar sikrar vi god bransjekunnskap som kjem kundane til gode og som også er viktig for å handtere kredittrisikoen i dei ulike bransjane. Berekraft er ein sentral del av kredittvurderinga av bedriftskundane, og banken har stort fokus på intern opplæring, for å kunne gi god rådgjeving og sikre at næringslivet har ei aktiv og offensiv haldning til bedrifta sitt berekraftsavtrykk.

I godt samspel med kundeansvarlege bidreg banken sitt bedriftscenter til god tilgjengelegheit og effektiv handsaming av bedriftskundane våre. Det gode samspelet ser vi også igjen i arbeidet med å førebygge og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering, og rådgjevarane nyttar mykje ressursar på dette. Rådgjevarane på bedriftscenteret har også spesialkompetanse innanfor nettbank og betalingsformidling.

Organisasjon

Tilsette og kompetanseheving

Banken har dei siste åra hatt mange utfordrande oppgåver, og slik har det vore i 2022 også. Dette har bidrege til å heve kompetansen hos den enkelte og for banken samla. Banken har brukt mykje ressursar på interne kurs og opplæringsaktivitetar. Eit viktig hjelpemiddel i banken si opplæring er e-læringsverktøyet Motimate. I 2022 har alle tilsette gjennomført til saman fem timar obligatorisk opplæring i Motimate om antikvitvask, IT-sikkerheit, personvern, ny finansavtalelov og årleg stadfesting av banken sine etiske retningslinjer og varslingsrutinar. Motimate blir også brukt i onboardingprosessen for å gi alle nyttilsette same grunnopplæring. I tillegg til dette får alle tilsette kunnskapspåfyll på sine fagområde, og det er etablert fagspesifikke kompetansegrupper som fortløpande gir innspel til kompetansearbeidet i banken. Banken tilbyr støtte til kurs og utdanning. Utdanninga må vere i samsvar med banken sine behov, og ein del av den enkelte sin utviklingsplan. Gjennom kurs, trening, kartlegging og testing sikrar og dokumenterer banken tilsette sin kompetanse.

Banken er knytt til Finansnæringa sine autorisasjonsordningar på sparing og plassering, kreditt, skade- og personforsikring. Disse autoriseringane er obligatoriske for kunde rådgjevarar på privatmarknaden, og rådgjevarane må årleg ta oppdateringskurs. I 2022 har mellom anna berekraft, antikvitvask og ny lov om forsikringsformidling vore viktige tema i oppdateringane. Finansnæringa si bransjenorm, «God Skikk», set krav til autoriserte sin praksis på ti ulike område. I samband med gjennomgang av den nye finansavtalelova, som gjeld frå 1. januar 2023, vil banken også sikre rutinar for etterleving av God Skikk-regelverket.

Organisasjonsutvikling

Sparebanken Sogn og Fjordane tilpassar organisasjonen i takt med utviklinga i næringa, regelverk og kundeåttferd. Gjennom grundige prosessar arbeider banken heile tida med organisasjonsutvikling og endringar som er tilpassa krav og behov. For å auke omstillingsevna, skal det kvart år gjennomførast ei kompetansekartlegging i heile organisasjonen. I dette arbeidet vert det definert mål for korleis dei ulike avdelingane skal gjennomføre banken sin strategi, og alle tilsette blir følgt opp direkte på dette i utviklingssamtalar gjennom året. I 2022 er det tatt initiativ til ei kartlegging av nøkkelroller i banken. Banken ønskjer å sikre at vi til ei kvar tid har oppdaterte stillingsinstruksar for alle leiarar og personar i viktige nøkkelfunksjonar.

Banken har ein livsfasepolitikk som tar omsyn til at tilsette er i ulike livsfase og -situasjonar. Ein del av dette er seniorpolitikken som bygger på ei grunnhaldning om at seniorar er ein ressurs med verdifull kompetanse som banken har behov for.

For å stimulere til at flest mogleg skal stå lengst mogleg i jobb, blir det ved fylte 60 år gjennomført ein samtale med mål om å gjere framtida meir føreseieleg for begge partar. Det blir arbeidd vidare med å sikre eit minstenivå av felles praksis for medarbeidarutvikling i banken.

Skal banken lukkast i omstillingsarbeidet må også leiarane i banken utvikle seg. Banken gjennomførte eit omfattande leiarutviklingsprogram for mellomleiarar og leiertalent i banken i 2019-2020. Banken såg gode og direkte effektar av leiarsatsinga i organisasjonen, og følgde opp programmet med nye tiltak i 2021-2022. Tre leiertalent i banken har deltatt på Innovasjon Norge sitt leiarutviklingsprogram for kvinner. Banken etablerte ein ny møteplass for leiarar i banken: Leiarforum er eit fast leiarmøte som gir rom for idéutveksling, kompetanseutvikling og informasjonsdeling. Med nokre små justeringar vart Leiarforum vidareført i 2022.

Banken har lagt til rette for ein hybrid arbeidskvardag med bruk av heimekontor, og det er inngått skriftlege avtaler med tilsette som nyttar seg av ordninga (i tråd med ny forskrift av 1. juli 2022 om arbeid som utføres i arbeidstakers heim). Hovudarbeidsplassen skal framleis vere kontoret. Derfor er det sett ned eit prosjekt, *Kontoret 2025*, som skal sjå på korleis kontorutforming kan bidra til å skape eit kontor som bidreg til ein inspirerende arbeidskvardag og tillitsbygging, og som gjer kontoret til den føretrekte arbeidsplassen.

Ein større bruk av heimekontor utfordrar bedriftskulturen i banken. Banken har derfor jobba med digitale og fysiske kulturbyggande tiltak i organisasjonen. Det har blitt jobba aktivt og målbevisst med å arrangere digitale samlingar, som skaper god samhandling, inspirasjon og gode opplevingar for dei tilsette i banken. I 2022 vart det også arrangert velferdsturar og ei vellukka konsernsamling. Banken har også investert i nye bedriftshytter og oppgradert eksisterande tilbod.

Arbeidsmiljø

Sparebanken Sogn og Fjordane gjennomfører årleg medarbeidarundersøkingar som kartlegg trivselen til dei tilsette. Perioden 2020-2022 har vore krevjande år for våre tilsette med pandemi, kostnadskutt og omstillingsprosessar. Derfor har det vore spesielt viktig å vere tett på og ta pulsen på arbeidsmiljøet i banken. I løpet av året gjennomførte vi derfor to undersøkingar; ei større medarbeidarundersøking og ei kortare pulsmåling. Medarbeidarundersøkingane måler medarbeidartilfredsheit og -engasjement, og gir tilsette rom for å gi tilbakemeldingar om korleis dei opplever arbeidssituasjonen knytt til informasjonsflyt, kommunikasjon og oppfølging. Undersøkingane viser at banken har eit godt arbeidsmiljø,

samanlikna med næringa og arbeidslivet generelt. Medarbeidarengasjementet er styrka gjennom 2022. Forbetnings- og forsterkingsområde blir følgde opp, både på konsernnivå og i den enkelte avdeling, for å styrke arbeidsmiljøet og sikre gode resultat i framtida.


Banken har sidan 2003 vore IA-bedrift (avtale om inkluderande arbeidsliv). Gjennom avtalen har banken forpliktet seg til å arbeide for å halde sjukefråværet lågt, og å legge til rette for at tilsette, som får redusert funksjonsevne, kan halde fram i arbeidet. Det er etablert eit eige IA-utval, som mellom anna utarbeider handlingsplanar for området. Det er ikkje registrert avviksmeldingar på skadar som skuldast ulukker eller arbeidsbelastning i 2022. Det har vore eit høgt fokus på arbeidsmiljøet i banken i 2022. Arbeidsmiljøutvalet i banken har hatt 4 møter i 2022 og handsama 6 saker om arbeidsmiljøet.

Det gjennomsnittlege sjukefråværet var på 4,63 % i 2022, som er ein auke i forhold til 2021, då det var på 3,45 %. Auken i kortidssjukefråværet er relatert til gjenopninga etter koronapandemien og det generelle sjukdomsbildet i samfunnet, og vi ser også ein liten auke i langtidsfråværet. Banken har fokus på god oppfølging av sjukmelde og tilbyr tilrettelegging slik at dei som er sjukmelde kan komme raskast mogleg tilbake i jobb.


Likestilling og mangfald

Banken har som mål å vere ein av dei mest attraktive arbeidsplassane i Sogn og Fjordane. I det legg vi også eit likestillings- og mangfaldsperspektiv.

Banken er oppteken av å legge forholda til rette for kvinner i leiande stillingar. I styret er fire av åtte medlemmer kvinner. I leiargruppa er det fire kvinner og seks menn, inkludert administrerande direktør. Av dei tilsette er 56 % kvinner og 44 % menn, ei fordeling som er uendra frå 2021. Andelen kvinner med personalansvar har gått ned frå 47 % i 2021 til 44 % i 2022. Dette er framleis innanfor målet på 40-60%, og banken jobbar aktivt for å auke andelen kvinner i leiande stillingar. I 2022 har mellom anna tre medarbeidarar i banken deltatt på Innovasjon Norge sitt leiartutviklingsprogram for kvinner.



Kvinneandel i leiande stillingar



Av banken sine 288 tilsette arbeider 20 tilsette deltid. Av desse er 15 kvinner og 5 menn. Deltidsarbeidet består stort sett av tilsette i 80 og 90 prosentstillingar, med unntak av tilsette på Student-senteret i Bergen. Det er ikkje dokumentert ufrivillig deltidarbeid i banken.

Deltidstilsette

Kjønn	2020		2021		2022	
	Prosent-del	Tal	Prosent-del	Tal	Prosent-del	Tal
Kvinner	68 %	13	63 %	17	75 %	15
Menn	32 %	6	37 %	10	25 %	5
Totalt i banken		19		27		20

I 2022 hadde banken 14 tilsette i midlertidige stillingar. Av desse er det 9 kvinner og 5 menn.

Midlertidig tilsette

Kjønn	2020		2021		2022	
	Prosent-del	Tal	Prosent-del	Tal	Prosent-del	Tal
Kvinner	75 %	6	45 %	5	64 %	9
Menn	25 %	2	55 %	6	36 %	5
Totalt i banken		8		11		14

16 tilsette har tatt ut foreldrepermisjon i banken i 2022. Av desse er 15 kvinner og 1 mann. Kvinnene har tatt ut 1 471 permisjonsdagar, medan menn har tatt ut 130 dagar. Konklusjonen er at menn i banken tar ut fedrekvoten.

Foreldrepermisjon

Kjønn	2021			2022		
	Antal	Dagsverk	Veker	Antal	Dagsverk	Veker
Kvinner	9	746	149	15	1 471	294
Menn	5	308	62	1	130	26
Totalt i banken	14	1 054	211	16	1 601	320

Likestillingselskapet «SHE» har i samarbeid med rådgjevnings- og revisjonsselskapet EY lansert ein nasjonal indeks som måler kor gode norske selskap er på kjønnsbalanse. Sparebanken Sogn og Fjordane kom på 6. plass i denne kåringa i 2022, i konkurranse med 84 av dei største bedriftene i Norge. Banken legg til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne og tilsette med spesielle behov. Banken vil halde fram med arbeidet for likestilling og likeverd på alle nivå.

Banken har i 2022 knytt seg til Kvinner i Finans Charter, og forplikta seg til å setje interne mål for kjønnsbalanse på leiarnivå, og til å ha ein person på leiarnivå som får dedikert ansvar for oppfølging av arbeidet med mangfald og likestilling i banken. Tala viser at finansføretak som har slutta seg til charteret i snitt er betre på kjønnsbalanse enn andre bedrifter i næringa.

Lønspolitikken til banken

Banken har som visjon å vere ei drivkraft i Sogn og Fjordane. Det er viktig at banken har kompetanse i eige hus for å handtere risikoar som banken møter. Lønspolitikken skal stimulere og motivere noverande og framtidige tilsette. Løna skal vere konkurransedyktig i forhold til samanliknbare bedrifter i marknaden og i regionen. I tillegg blir det lagt vekt på den enkelte sine kvalifikasjonar og ansvarsområde. Banken skal føre ein lønspolitikk som stimulerer til utvikling og lagånd.

Banken lanserte eit spareprogram i eigenkapitalbevis for faste tilsette våren 2022. I samband med dette fekk alle faste tilsette tildelt Eigenkapitalbevis tilsvarande ein verdi på 20.000 kroner, og vidare får alle nyttilsette tildelt eigenkapitalbevis første året etter oppstart.

Banken arbeider aktivt for at tilsette skal ha lik løn for arbeid av lik verdi. Det er utarbeidd kartleggingsverktøy som gjer det enklare å utjamne lønsskilnader i banken, og likelønsvurderingar er ein obligatorisk del av dei årlege lønsoppgjera. Lønspolitikken til banken er revidert av leiing og tillitsvalde i 2022.

Tabellen under viser kvinner si løn i % av menn si løn ved 100 % stilling, fordelt på ulike stillingsnivå.

Likeløn

Organisasjonsnivå	2021	2022
Nivå 2 - Leiargruppa	86 %	86 %
Nivå 3 - Andre leiarar med personalansvar	83 %	87 %
Nivå 4 - Fagsjef	88 %	86 %
Nivå 5 - Rådgjevar/kundebehandlar	90 %	92 %
Nivå 6 - Konsulentar og andre	89 %	90 %
Midlertidig tilsette	98 %	115 %
Totalt i banken	87 %	87 %

Tabellane under viser gjennomsnittsløn ved 100 % stilling, fordelt på ulike stillingsnivå og kjønn. Nivå 1 - Adm. dir. er ikkje med i berekning av gjennomsnittsløn totalt i banken.

Gjennomsnittsløn

Organisasjonsnivå	2021	2022	Auke siste år
Nivå 1 - Adm. dir.	3 066 959	3 265 239	6,47 %
Nivå 2 - Leiargruppa	1 231 533	1 334 657	8,37 %
Nivå 3 - Andre leiarar med personalansvar	825 457	869 522	5,34 %
Nivå 4 - Fagsjef	725 695	774 175	6,68 %
Nivå 5 - Rådgjevar/kundebehandlar	602 994	649 547	7,72 %
Nivå 6 - Konsulentar og andre	600 291	640 801	6,75 %
Midlertidig tilsette	351 092	456 818	30,11 %
Totalt i banken	639 878	690 410	7,90 %

Kjønn	2021	2022	Auke siste år
Kvinner	600 031	648 952	8,15 %
Menn	690 593	742 640	7,54 %
Totalt i banken	639 878	690 410	7,90 %

Gjennomsnittsløna for både kvinner og menn har gått opp frå 2021 til 2022. Dette skuldast i hovudsak lønsoppgjeret og tildeling av eigenkapitalbevis til alle faste tilsette. Av den gjennomsnittlege lønsveksten på 7,90 % skuldast 3,13 % tildeling av eigenkapitalbevis til alle faste tilsette. Dvs. gjennomsnittleg lønsvekst justert for tildeling av eigenkapitalbevis er på 4,77 %.

I Nivå 2 - Leiargruppa, inngår to stillingsendringar i lønsauken, og sett vekk frå desse er lønsauken for denne gruppa elles 6,65 %. I nivå 3 - Andre leiarar med personalansvar, er lønsauken påverka av nyttilsette og tilsette som har slutta, og sett vekk frå desse er lønsauken for denne gruppa elles 7,36 %.

I berekninga av lønsskilnad og gjennomsnittsløn har vi tatt med grunnløn per 31.12. og ulike tillegg som overtid og naturalytingar for rekneskapsåret. I naturalytingar inngår eigenkapitalbevis, fast bilgodtgjersle, fri bil, personalforsikring, skattepliktig rentefordel og skattepliktige gåver. Vi har også vurdert likt arbeid og arbeid av lik verdi i utforminga

av stillingsnivå. Stillingsnivåa er basert på eksisterande stillingskategoriar i banken og ei vurdering av kva stillingar som inngår i dei ulike nivåa.

Lønsskilnaden mellom kvinner og menn har tidlegare i stor grad skuldast fleirtal av menn i leiande stillingar. Banken har dei siste åra lukkast med å auke andelen kvinner i leiande stillingar, og dette er eit viktig steg for å redusere desse lønsskilnadane. Andre skilnadar skuldast historiske samanhengar og årsaker. Banken har ikkje fått melding om, eller avdekka tilfelle av lønsdiskriminering.

Banken vil fortsette å arbeide aktivt for å redusere lønsskilnader.

Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering

Banken sine avgjerder skal vere styrte av etiske reglar som samsvarar med den allmenne rettsoppfatninga og den rolla Sparebanken har som samfunnsaktør. Ei bevisst haldning og aktivt arbeid for å unngå diskriminering er viktig for å vidareutvikle omdømme som ein attraktiv arbeidsgjevar, og ivareta strategiske målsettingar og forpliktingar knytt til å drive ei berekraftig verksemd. Banken er ein dominerande aktør i Sogn og Fjordane, og vi meiner at tydelege haldningar bidrar til å påverke samfunnet vi er ein del av. Sparebanken ønskjer å skape eit positivt, utviklande og utfordrande arbeidsmiljø. Gjensidig tillit, samarbeid, inkludering, engasjement og open framferd er grunnlaget for å nå dette målet. Alle tilsette har eit ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og det er venta at alle tilsette er høflege og omgår kvarandre med omtanke og respekt. Dette for å sikre best mogeleg samarbeid.

Diskriminering skal ikkje skje. Vi skal gje like moglegheiter og like rettar til alle, og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, kjønn, alder, religion eller livssyn, seksuell orientering, funksjonsnedsetting, graviditet eller familieplanlegging. Ingen tilsette skal utsette andre for trakassering, medrekna seksuell trakassering. Med trakassering er meint handlingar, unnlatingar, eller ytringar som har som føremål, eller som verkar krenkande, skremmande, fiendtlege, nedverdiggjande, eller audmjukande. Med seksuell trakassering er meint ei kvar form for uønskt seksuell merksemd som har som føremål eller verknad å vere krenkande, skremmande, fiendtleg, nedverdiggjande, audmjukande, eller plagsam. Forbodet omfattar trakassering på grunn av eksisterande, moglege, tidlegare eller framtidige forhold.

Det er ikkje meldt om tilfelle av diskriminering eller trakassering i 2022.

Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering

Banken jobbar aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering gjennom arbeidsmetoden i fire steg: Undersøke risikoen for diskriminering og hindre for likestilling, analysere årsaker, iverksette tiltak, og evaluere resultat frå arbeidet. Arbeidet omfattar alle diskrimineringsgrunnlag og metoden blir brukt på desse fem områda: rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremjing og utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging, og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv. I tillegg arbeider banken for å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald.

- Vårt likestillingsarbeid er forankra i banken sin strategi, verktøy og retningslinjer.
- I arbeidet med likestilling er både styret, leiinga, tillitsvalde og tilsette involvert.
- Likestillingsarbeidet blir diskutert med tillitsvalde i SAMU (samarbeidsutvalet til banken), som har møte minimum fire gongar i året
- Det er etablert tilsetjingsutval i tråd med hovudavtala mellom Finans Norge og Finansforbundet. Utvalet skal ivareta omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering knytt til løns- og arbeidsføresetnader.
- Haldningsskapande kommunikasjon både internt og eksternt. Banken er ei stor og viktig verksemd i Sogn og Fjordane, og vi tar eit aktivt standpunkt for å kommunisere vårt arbeid for likestilling og mangfald.
- Banken legg til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne og tilsette med spesielle behov.

Slik jobbar vi for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering i praksis

Arbeidsgjevar har saman med tillitsvalde brukt Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet sitt risikokartleggingsverktøy for å kartlegge risikoen på alle områda, analysert årsaker, og deretter utarbeidd tiltak for implementering i 2022.

- Vi har fokus på likestilling og mangfald i rekruttering. Vi har nulltoleranse for trakassering og diskriminering og arbeider for likebehandling og like moglegheiter i våre rekrutterings- og utviklingsprosessar.
- I lønsforhandlingar og i lokale lønsoppgjer er likestillingskomponenten viktig. Lønsskilnader blir kartlagt, og vi set kvart år av ein likelønsnett for å utjamne lønsskilnader, som ikkje kan forklarast med anna enn kjønn.
- Kvinner i fødselspermisjon får lønssamtale på lik linje med dei andre tilsette.
- Banken har knytt seg til Kvinner i Finans Charter.
- Banken har revidert lønspolitikken, og tatt med delmål om mangfald og likestilling. Lønspolitikken skal vere eit verkemiddel for å unngå urettmessige og tilfeldige lønsskilnader og lønsvurderingar.


- Banken gjennomfører utviklingssamtaler med alle tilsette, og eigenutvikling er viktig tema i desse.
- 3 kvinner har delteke på Innovasjon Norge sitt leiarutviklingsprogram.
- Banken legg til rette for ein god balanse mellom arbeid og familieliv. Vi har lagt til rette for fleksitid og heimekontorløyning, når forholda tilseier det. Totalt sett ønskjer banken minst mogleg overtidsarbeid.
- Vi har tydelege retningslinjer for å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald, med tilhøyrande varslingsssystem.
- Alle tilsette skal årleg lese og stadfeste banken sine etiske retningslinjer.
- Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er elles inkludert i personalpolitikken.
- Banken gjennomfører årleg medarbeidarundersøking der vi mellom anna spør om tilsette har opplevd trakassering eller mobbing på arbeidsplassen.

Lønsskilnader mellom kvinner og menn har tidlegare i stor grad skuldast fleirtal av menn i leiande stillingar. Banken jobbar målretta med tiltak for å auke andelen kvinnelege leiarar, og tabellen nedanfor viser at andelen kvinner i leiande stillingar har gått litt ned for andre leiarar med personalansvar, og auka for fagsjefar frå 2021 til 2022.

UTVIKLING I KJØNNSBALANSEN			
Andel kvinner	2020	2021	2022
Nivå 1 - Adm. Dir.	0 %	0 %	0 %
Nivå 2 - Leiargruppa	44 %	44 %	44 %
Nivå 3 - Andre leiarar med personalansvar	39 %	50 %	46 %
Nivå 4 - Fagsjef	35 %	43 %	46 %
Nivå 5 - Rådgjevar/kundebehandlar	62 %	57 %	55 %
Nivå 6 - Konsulentar og andre	58 %	62 %	63 %
Midlertidig tilsett	75 %	45 %	64 %
Totalt i banken	56 %	56 %	56 %

Det er eit langsiktig mål å ha relativ lik fordeling av kjønn på alle stillingsnivå og forretningsområde, og banken har som mål at andelen kvinner i leiande stillingar ligg mellom 40 og 60 %. Sjølv om vi nådde målet både i 2021 og 2022 er dette eit område som krev kontinuerleg fokus.

Kjønnsbalanse for leiarar i %



Tiltak vi planlegg i året som kjem:

- Banken arbeider aktivt for å ha relativt lik fordeling av kjønn på alle stillingsnivå og forretningsområde, og dette vil vi framleis halde fokus på framover.
- Auke den potensielle talentdelen av kvinner på alle nivå i verksemda, ved å fokusere på leiar-talent og kvinnelege leiarar på alle nivå.
- Ferdigstille policy for likestilling, mangfald og inkludering.
- Gjennomføre kurs i mangfoldsleiing for leiarane i banken.
- Halde fram arbeidet med å kartlegge risikoar for diskriminering og hinder for likestilling. Inkludert gjennomgang av rutine og praksis for rekruttering, og å sjå på fysisk utforming av kontor.

Det interne livet

Banken ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsplass, der både dei tilsette og organisasjonskulturen er definert som viktige konkurransefortrinn. Vi arbeider aktivt for å vidareutvikle organisasjonskulturen mellom anna gjennom eit godt samspel med tillitsvalde, eit felles utvikla avtaleverk, trivselstiltak og kompetanseheving. Som IA-bedrift er vi også opptekne av likeverd for alle menneske. Både i kvardagen og i rekrutteringa har vi fokus på å ivareta og utvikle mangfald i banken. Vi trur at det å dyrke forskjellar er viktig for å utvikle banken vidare.

Vi legg til rette for, og følgjer opp, at tilsette har god kjennskap til, og at dei følgjer banken sine etiske retningslinjer og retningslinjer mot økonomisk kriminalitet. Dette vert følgt opp gjennom program for opplæring av nye tilsette og som tema i personalmøte. Banken har revidert instruksen for økonomisk kriminalitet gjort av tilsette og tillitsvalde. Banken har også revidert etiske retningslinjer, for å ta omsyn til den nye openheitslova som tok til å gjelde frå 1. juli 2022. I etiske retningslinjer kjem det klart fram at banken har nulltoleranse for mobbing og alle former for trakassering. Banken sine leiarar har eit særleg ansvar for å passe på at dei sjølve og



deira underordna etterlever dei etiske retningslinjene, med nødvendig omsyn til ujamn balanse mellom dei involverte, til dømes i form av ulik alder, status og posisjon.

Det er ikkje rapportert om intern økonomisk kriminalitet i 2022. Etter styret si vurdering har banken ein høg etisk standard både internt og i dialog med kundane.

Ytre miljø og klimaendringar

Klimaendringar er vår tid si største utfordring. Banknæringa har eit stort potensiale til å bidra til berekraftig utvikling, og Sparebanken Sogn og Fjordane ønskjer å gjere ein forskjell.

Banken nyttar ikkje innsatsfaktorar, eller produksjonsmetodar som direkte forureinar det ytre miljøet. Banken har rutinar for HMS og miljøfokus ved innkjøp og reiseverksemd.

Vi er sertifisert som miljøfyrtårn, vi stiller strenge krav til oss sjølve og ønskjer å sikre kontinuerleg redusert miljøbelastning, frå eiga verksemd. Banken har sett opp klimarekneskap for 2022 og vil nytte dette til å setje mål for vidare reduksjon av klimagassutslepp. Vi rapporterer etter GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol), som er den mest nytta rapporteringsstandaren for berekning av ei verksemd sine utslepp av klimagassar. Banken har om lag 30 faste installerte videokonferanseanlegg, i tillegg til fleire andre effektive kommunikasjonsløyser for dei tilsette. Dette har redusert reiser med bil og fly vesentleg, og auka effektiviteten i organisasjonen totalt sett. I 2022 vedtok banken ein eigen berekraftsstrategi som inneheld konkrete tiltak for vår eiga drift, for å redusere eigne utslepp og påverknad på klimaet. Vi har i 2022 jobba med å kartlegge utslepp i utlånsporteføljen og med å klassifisere utlåna i forhold til klimarisiko. Framover vil vi sette mål for å redusere utslepp frå utlånsporteføljen.

For ytterlegare informasjon om banken sitt arbeide med berekraft og klima, viser vi til berekraftsrapporten, berekraftsvedlegget med GRI-indexen og klimarekneskapan til banken.

Samfunnsansvar

Sparebanken Sogn og Fjordane har tett relasjon til lokalsamfunna i Sogn og Fjordane, og interessefellesskapan mellom Sogn og Fjordane og banken er stort. Med 6 av 10 aksjeselskap som kundar i regionen er banken ei viktig finansieringskjelde for næringslivet, og vi ser på det å sikre god og framtidretta aktivitet i bedriftsmarknaden som vårt viktigaste samfunnsansvar.

Banken og eigarstiftingane til banken gir betydelege summor fordelt på gåve- og sponsormidlar tilbake til lokalsamfunnet.

Eit synleg og offensivt samfunnsansvar over tid, i skjeringspunktet mellom det som er bra for samfunnet og bra for banken, er med og aukar konkurransekrafta og betrar lønsemda. Gjennom utlånsverksemda kan vi vere med å bidra til ei berekraftig utvikling.

Ved å gi dei tilsette kunnskap om kor viktig samfunnsansvaret er for næringslivet si framtid, trur vi at vi kan medverke til at bedriftskundar tek eit sterkare samfunnsansvar. I ei banknæring i stor endring, vert samfunnsansvaret og den lokale merkevarebygginga, gjennom dette arbeidet, meir sentralt enn nokon gong. Vi skal vere ein ansvarleg samfunnsaktør som skal hjelpe kundane våre til å ta berekraftige val. Eit tiltak for å oppnå dette, er å tilby grøne produkt til gunstige vilkår.

Banken sin langsiktige strategi for samfunnsansvaret er at vi skal:

- Vidareutvikle samfunnsansvaret som ein integrert del av bedriftskulturen og strategiprosessen
- Sikre at samfunnsansvaret vert ein naturleg del av dialogen med kundar og andre interessentar til banken
- Vidareutvikle ein tydeleg samfunnsansvarleg profil for banken

For ytterlegare informasjon om samfunnsansvaret viser vi til «Berekraftsrapport» og «Berekraftsvedlegg» i årsrapporten for 2022 og til nettsida www.ssf.no/berekraft.

RAMMEVILKÅR

Høg prisvekst og auka rentenivå gjennom 2022 og inn i 2023 er venta å påverke økonomien til hushaldningane og bedriftene på ein slik måte at det er rimeleg å tru at etterspurnaden etter bustadlån vil falle i 2023. Lågare etterspurnad vil truleg gjere konkurransen tøffare. Sparebanken Sogn og Fjordane er ein liten aktør i den nasjonale marknaden og vil jobbe for framleis å oppnå høgare vekst enn marknaden samla sett.

Over dei seinare åra har stordriftsfordelane innan bank og finans auka, i form av ufordelaktige kapitaldekningsreglar for små og mellomstore standardbankar som Sparebanken Sogn og Fjordane, stadige auka regulatoriske krav, som er komplekse og kostnadsdrivande å etterleve, og auka investeringsbehov innan IKT og IKT-sikkerheit. Endringane har ført til noko auka konsolideringstakt i næringa. Sparebanken Sogn og Fjordane jobbar aktivt for å oppretthalde lønsemd og kraft i eigen organisasjon



for å møte dei nye rammevilkåra, og har som ambisjon å halde fram med å vere ein sterk og sjølvstendig bank med hovudkontor i Førde.

Oppsummering og utsiktene framover

Etter to år med pandemi var det mange som venta at 2022 skulle bli året der verda og økonomien kom tilbake til normalen. Mykje har blitt som venta, men mykje har også blitt heilt annleis. Pandemien er for folk flest i stor grad eit tilbaketog kapittel, sjølv om det framleis påverkar helsevesenet og enkeltmenneske. I staden har 2022 blitt sterkt prega av krigen i Ukraina. Russland sin invasjon i Ukraina har skapt store lidningar og sendt mange menneske på flukt. Det har skapt usikkerheit om fare for vidare spreining og usikkerheit omkring energitilgangen i Europa. I Norge er det derimot høg prisstigning og auka rentenivå som har påverka kvardagen til folk flest. I løpet av 2022 har Norges Bank auka styringsrenta frå 0,5 % til 2,75 % og det er venta at den skal opp i alle fall 0,25 % ytterlegare i 2023. Spenningsmomentet for norsk økonomi inn i 2023 er i kor stor grad den pengepolitiske innstramminga får effekt for prisveksten, og i kor stor grad prisveksten og rentenivået vil påverke aktiviteten i norsk økonomi med tanke på konkursar, arbeidsløyse og tøffare økonomiske tider for hushaldningane.

For banken vart 2022 eit godt år. God vekst og auka rentenivå gjer at vi får ein sterk utvikling i rentenettoen, som er vår viktigaste inntektskjelde. Dette kombinert med god utvikling i andre inntekter,

utanom finansinntekter, og ein moderat kostnadsvekst gjer at vi får eit godt resultat frå kjerneverksemda vår. Det stigande rentenivået og uroen som har prega finansmarknadane i 2022 gjer samstundes at vi får eit vesentleg lågare resultat frå finansielle postar enn året før, samstundes som tapsavsetningane er auka som følge av auka usikkerheit, om den økonomiske utviklinga vidare framover. I sum får vi eit resultat etter skatt for konsernet på 602 millionar kroner og ein eigenkapitalavkastning på 10,2 %. Dette er styret svært godt nøgd med, og det gjer at banken både kan auka utbytteneivået og samstundes bygge soliditet for banken, som ved utgangen av året har rein kjernekapitaldekning på 17,4 % og total kapitaldekning på 20,2 %. Kapitaldekninga er godt over gjeldande krav, og betyr at banken er solid og godt posisjonert for å møte varsla innstrammingar i kapitalkrava i 2023.

Banken ventar at konkurransen om dei gode kundane framleis blir hard. Men banken er godt rusta til å møte konkurransen. Endringsvilje og kompetente medarbeidarar skal sikre at vi også klarer vidare omstilling, utvikling og verdiskaping. Sparebanken Sogn og Fjordane vil framleis ha primær fokus på det geografiske området Sogn og Fjordane for bedriftsmarknaden, men vil som tidlegare også satse vidare på nasjonal vekst i privatmarknaden.

Styret takkar alle tilsette for ein flott innsats i året som har gått. Styret vil også takke kundar og samarbeidspartnarar for eit godt samarbeid i 2022.

Førde, 07.03.2023

Sindre Kvalheim
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Lise Mari Haugen

Marie Heieren

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. dir.

Styret



SINDRE KVALHEIM

styreleiar

Sindre Kvalheim (1977) bur på Kvalheim i Kinn og er administrerande direktør i LocalHost gruppen som han var med å starta i 2007. Han leiar og investeringsselskapet Vyrd AS. Kvalheim har tidlegare jobba som utviklingsansvarleg i ACOS AS. Han har dei siste 10 åra vore med og etablert ei rekke teknologiselskap i regionen. Kvalheim har grunnfag i juss frå Universitetet i Bergen og bachelor innan programmering og systemutvikling ved Norges Informasjonsteknologiske Høgskule. Kvalheim har vore styreleiar sidan mars 2019 og styremedlem sidan 2011 (vara i 2010).

Deltatt i 15 av 15 styremøter i 2022.




MAGNY ØVREBØ

nestleiar

Magny Øvrebø (1970) bur på Os og er administrerande direktør i Holberg Fondene. Ho har over 20 års erfaring innan finans frå Skandia, Tryg og Nordea. Øvrebø har styreefaring frå ei rekke selskap spesielt innan eigedom og private equity. Ho er utdanna siviløkonom ved Norges Handelshøgskule og er autorisert finansanalytiker og porteføljeforvaltar ved NFF. Øvrebø har også ein MBA med spesialisering i finans frå Norges Handelshøgskule.

Øvrebø har vore styremedlem i banken sidan mars 2019.

Deltatt i 14 av 15 styremøter i 2022.



JOHNNY HAUGSBAKK

styremedlem

Johnny Haugsbakk (1969) bur i Flekke, og er i dag administrerande direktør i teknologiselskapet Metzum som han var med å etablere i 2020. Haugsbakk har over 25 års erfaring frå ulike stillingar i kraft- og energibransjen, med kjernekompetanse innan leiling, sal og kommersialisering. I 1999 starta Haugsbakk som salsdirektør i teknologiselskapet Elis AS (seinare Enoro AS). Han tok over som administrerande direktør for Enoro i 2007. Haugsbakk har brei styreefaring frå ulike selskap lokalt og nasjonalt.

Haugsbakk har vore styremedlem i banken sidan mars 2019.

Deltatt i 15 av 15 styremøter i 2022.



MONICA RYDLAND

styremedlem

Monica Rydland (1974) bur i Bergen, og jobbar som programdirektør ved NHH Executive, forskar (SNF ved NHH), og som konsulent og foredrags-haldar. Ho har over 11 års leiarefaring, frå mellom anna TrygVesta og Sparebanken Vest. Ho har òg hatt ei rekke styreverv i Finans, Kultur og IT-næringa. Ho har ein doktorgrad i strategisk endring ved Norges Handelshøgskule. Rydland har vore i styret sidan mars 2020.

Deltatt 12 av 15 styremøter i 2022.



LISE MARI HAUGEN

styremedlem

Lise Mari Haugen (1979) bur i Førde og er assisterande kommunedirektør for Sunnfjord kommune. Ho har vore assisterande rådmann i Førde sidan 2010. Haugen har tidlegare vore rådmann både for Askvoll og Hornindal kommune. I 2008 til 2009 jobba ho som Senior associate i PWC. Haugen har ein bachelor i økonomi og administrasjon frå Norges Handelshøgskole og master i offentlig revisjon frå Norges Handelshøgskule. Haugen var styremedlem i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane frå 2010 og har vore styreleiar i same styret frå 2015. Haugen har vore styremedlem i banken frå 2016.

Deltatt i 15 av 15 styremøter i 2022.



Styret



OLE MARTIN EIDE

styremedlem

Ole Martin Eide (1981) bur på Skei og er fagansvarleg kreditt i Sparebanken Sogn og Fjordane. Eide har jobba i banken sidan 2006 og har tidlegare jobba som kundebehandlar, kundefrågjever og controller. Eide har ein bachelor i økonomi og administrasjon frå Høgskulen i Oslo.

Eide har vore medlem av generalforsamlinga i banken frå 2017-2022. Eide har vore i styret sidan 30. mars 2022.

Deltatt i 11 av 15 styremøter i 2022.



MARIE HEIEREN

styremedlem

Marie Heieren (1986) bur i Førde og er fagansvarleg på HR i Sparebanken Sogn og Fjordane. Det har ho vore sidan 2021. Ho har tidlegare jobba som både hovudtillitsvald og som rådgjevar på privatmarknad i banken. Heieren har grunnfag juss frå Universitetet i Bergen og Master of Management frå BI i 2019.

Heieren var tilsettere representant i styret i 2016 til 2017, og har vore styremedlem frå 2018.

Deltatt i 14 av 15 styremøter i 2022.



GEIR OPSETH

styremedlem

Geir Opseth (1968) bur i Førde og arbeider med investering og forretningsutvikling i egne bedrifter og grunderbedrifter. Han er i tillegg tilsett i 50 % stilling som forretningsutviklar i Kunnskapsparken Vestland AS. Han har tidlegare vore leiar i Dale Skofabrikk AS, Gudbrandsdalen Betongindustri AS, Hellenes AS og Sunnfjord Næringsutvikling AS. Opseth har fleire styreverv, hovudsakleg innan industri og næringsutvikling. Opseth er DH kandidat frå Høgskulen i Hedmark innan økonomi, administrasjon og informatikk, som han tok frå 1989 til 1992. Opseth har vore fast styremedlem sidan juni 2019 og vara sidan 2013.

Deltatt i 15 av 15 styremøter i 2022.

Adm. dir.



TROND TEIGENE

administrerende direktør

Trond Teigene (1968) er administrerende direktør i Sparebanken Sogn og Fjordane. Det har han vore sidan våren 2016. Han kom frå stillinga som direktør for Strategi og Forretningsutvikling. Teigene har jobba i Sparebanken Sogn og Fjordane sidan 2000. Teigene sit i styret i Balder Betaling AS og Frende Holding AS. Trond Teigene har ein mastergrad i strategisk leiing frå Handelshøgskolen BI.

Deltatt i 15 av 15 styremøter i 2022.



Resultatrekneskap

MORBANK				KONSERN	
2021	2022	TAL I MILL. KRONER	Note	2022	2021
1 016	1 556	Renteinntekter	20	2 176	1 420
318	600	Rentekostnader	20	1 029	476
698	956	Netto renteinntekter		1 148	945
147	164	Provisjonsinntekter	21	166	149
28	31	Provisjonskostnader	21	31	28
328	210	Netto vinst frå finansielle instrument	22	0	173
11	12	Andre inntekter	23	31	36
458	355	Netto andre driftsinntekter		167	329
1 156	1 311	Sum inntekter		1 314	1 274
244	256	Løn og andre personalkostnader	24, 25, 26	276	263
169	187	Andre kostnader	24	199	182
40	32	Av- og nedskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar, og vinst/tap	33, 34, 35	24	39
453	475	Sum driftskostnader		499	483
703	836	Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar		815	791
- 38	23	Nedskrivning på utlån og garantiar	15	36	- 37
741	813	Resultat før skatt		779	827
108	141	Skattekostnad	27	177	161
633	671	Resultat for rekneskapsåret		602	666
633	671	UTVIDA RESULTATREKNESKAP		602	666
		Resultat for rekneskapsåret			
		Andre innrekna inntekter og kostnader			
		Andre resultatelement som kan bli reklassifisert til resultat, etter skatt			
0	0	Resultat finansielle egedelar tilgjengeleg for sal		0	0
		Andre resultatelement som ikkje kan bli reklassifisert til resultat, etter skatt			
0	0	Endring estimatavvik pensjon		0	0
0	0	Sum andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt		0	0
633	671	Totalresultat		602	666
28,41	30,06	Resultat pr. eigenkapitalbevis (vekta) i heile kr		26,98	29,91



Balanse

TAL I MILL. KRONER

MORBANK		KONSERN		
31.12.21	31.12.22	Note	31.12.22	31.12.21
22	19		19	22
1 866	5 032		714	717
34 047	33 272	3, 7-16, 28	61 184	57 344
8 871	7 259	3, 29	7 467	6 603
215	716	3, 30	375	185
765	758	3, 31	758	765
3	3	32	3	3
1 812	2 212	32	0	0
24	14	33	16	26
79	79	34-35	88	92
18	29	27	20	11
44	159	36	180	40
47 768	49 553		70 824	65 808
642	640	3, 17, 28	504	500
32 568	34 870	3, 28, 37	34 846	32 536
7 308	5 817	3, 28, 38	27 169	25 335
162	680	3, 30	612	121
121	153	27	187	172
0	0	27	0	0
312	273	39	258	294
602	603	40	603	602
41 715	43 035		64 179	59 559
4 416	4 650	48	4 650	4 416
645	700		700	645
454	569		696	650
350	350		350	350
187	248	48	248	187
6 053	6 518		6 645	6 249
47 768	49 553		70 824	65 808

Førde, 07.03.2023

Sindre Kvalheim
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Lise Mari Haugen

Marie Heieren

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. dir.



Kontantstrøm-oppstilling

MORBANK			KONSERN		
31.12.21	31.12.22		Note	31.12.22	31.12.21
741	813	Resultat før skatt		779	827
1 868	2 300	Auke/(reduksjon) i innskot frå kundar	37	2 309	1 871
- 1 391	591	Reduksjon/(auke) i utlån til kundar	9	- 4 038	- 2 873
40	32	Av- og nedskrivning	34	24	39
- 38	23	Nedskrivning på utlån og garantiar	15	36	- 37
1	- 1	Tap/(vinst) avgang varige driftsmidlar		- 9	2
- 76	- 121	Betalt skatt	27	- 172	- 120
- 51	75	Andre ikkje kontanttransaksjonar		- 120	- 163
189	- 151	Justering for andre postar		111	199
1 284	3 560	A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar		- 1 079	- 255
		Reduksjon/(auke) i aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	31	7	- 108
- 108	- 393	Reduksjon/(auke) i plassering i sertifikat og obligasjonar	29	- 894	- 106
- 387	1 582	Investering i varige driftsmidlar, immaterielle eigedelar og goodwill	33-35	- 28	- 35
- 34	- 36	Sal av varige driftsmidlar		17	1
713	4	B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar		- 898	- 249
- 529	1 158				
- 1 282	- 2	Auke/(reduksjon) i lån frå kredittinstitusjonar	17	4	- 1 302
915	- 1 373	Auke/(reduksjon) i verdipapirgjeld	38	2 147	2 297
0	2	Auke/(reduksjon) i ansvarleg lånekapital	40	2	0
0	- 3	Auke/(reduksjon) i eigarandelskapital		- 3	0
0	0	Auke i hybridkapital		0	0
- 122	- 179	Utbytte og gåveutbetalingar		- 179	- 122
- 489	- 1 555	C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar		1 970	872
		D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)		- 6	368
267	3 163				
1 622	1 889	Likviditetsbeholdning inngåande beholdning		739	371
1 889	5 051	Likviditetsbeholdning utgåande beholdning		733	739
		Spesifikasjon av likviditetsbeholdning			
22	19	Kontantar og kontantekvivalentar		19	22
1 866	5 032	Innskot i andre finansinstitusjonar og sentralbankar		714	717
1 889	5 051	Sum		733	739



Eigenkapitaloppstilling

	EIGARANDELSKAPITAL						ANNAN EIGENKAPITAL			Sum
	Eigen- kapital- bevis	Ut- javn- ings- fond	Eigne eigen- kapital- bevis	Over- kurs	Grunn- fonds- kapital	Hybrid- kapital	Fond for ureali- sert vinst	Annan eigen- kapital	Avsett utbytte og gåver	
MORBANK										
Balanse 31.12.20	1 948	2 175	0	16	593	350	354	0	129	5 564
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 129	- 129
Renter hybridkapital-investorar	0	0	0	0	0	- 15	0	0	0	- 15
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	277	0	0	53	15	100	0	187	633
Andre innreknade inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	645	350	454	0	187	6 053
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	645	350	454	0	187	6 053
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 187	- 187
Renter hybridkapital-investorar	0	0	0	0	0	- 16	0	0	0	- 16
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 3	0	0	0	0	0	0	- 3
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	237	0	0	55	16	115	0	248	671
Andre innreknade inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.22	1 948	2 689	- 3	16	700	350	569	0	248	6 518

Eigenkapitaloppstilling, framhald

KONSERN	EIGARANDELSKAPITAL						ANNAN EIGENKAPITAL			Sum
	Eigenkapitalbevis	Utjammingsfond	Eigne eigenkapitalbevis	Overkurs	Grunnfondskapital	Hybridkapital	Fond for urealisert vinst	Annan eigenkapital	Avsett utbytte og gåver	
Balanse 31.12.20	1 948	2 175	0	16	593	350	354	163	129	5 727
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	-129	-129
Renter hybridkapitalinvestorar	0	0	0	0	0	-15	0	0	0	-15
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	277	0	0	53	15	100	33	187	666
Andre innreknna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	646	350	454	196	187	6 249
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	646	350	454	196	187	6 249
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	-187	-187
Renter hybridkapitalinvestorar	0	0	0	0	0	-16	0	0	0	-16
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	-3	0	0	0	0	0	0	-3
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	237	0	0	55	16	115	-69	248	602
Andre innreknna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.22	1 948	2 689	-3	16	700	350	569	127	248	6 645

Forklaringa av dei ulike eigenkapitalsfonda:

Eigarandelskapital:

Eigarandelskapital omfattar kapital, som etter vedtektene er knytt til eigenkapitalbevis. Eigarandelskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av utbytte og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført utjammingsfondet i forhold til eigarbrøken. Utjammingsfondet kan nyttast til å oppretthalde utbytte til eigarandelbevisegarane, når det er forsvarleg å dele ut utifrå eigenkapitalsituasjonen.

Grunnfondskapital:

Grunnfondskapital omfattar kapital som ikkje er eigarandelskapital. Grunnfondskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av avsetning til gåver og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført grunnfondskapitalen.

Hybridkapital:

Hybridkapital omfattar fondsobligasjon, som tilfredstiller krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, i forhold til kapitaldekningsreglane. Renter for hybridkapitalen blir fordelt på utjammingsfondet og grunnfondskapitalen etter eigarbrøken og i praksis disponert saman med resultatet.

Fond for urealisert vinst:

Fond for urealisert vinst elles betår av urealisert vinst frå finansielle instrument, der det er ulik verddivurdering mellom IFRS og norske rekneskapsreglar.

Annan eigenkapital:

Annan eigenkapital består av opptent overskot frå ulike dotterselskap og udisponert resultat.

Utbytte og gåver:

Forslag til utbytte og gåver står som ein del av eigenkapitalen inntil dei er vedteke av Generalforsamlinga.



Notar til rekneskapen

- Note 1 Rekneskapsprinsipp
Note 2 Viktige rekneskapsestimater og skjønsmessige vurderingar
Note 3 Klassifisering av finansielle instrument
Note 4 Segmentrapportering
Note 5 Risikostyring
- Kredittrisiko
- Note 6 Kapitaldekning
Note 7 Risikoklassifisering av utlån til kundar
Note 8 Engasjement i misleghald og betalingslette
Note 9 Engasjement fordelt på kundegrupper
Note 10 Utlån fordelt på geografiske område
Note 11 Sikkerhetsdekning på utlån til kunder
Note 12 Forklaring av modell for nedskrivning etter IFRS 9
Note 13 Engasjement fordelt på steg i IFRS 9
Note 14 Nedskrivning fordelt på steg i IFRS 9
Note 15 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar
Note 16 Makroøkonomiske scenario i modell for nedskrivning etter IFRS 9
Note 17 Kredittinstitusjonar/sentralbankar - fordringar og gjeld
- Marknadsrisiko
- Note 18 Marknadsrisiko
- Likviditetsrisiko
- Note 19 Likviditetsrisiko
- Andre resultatpostar
- Note 20 Netto renteinntekter
Note 21 Netto provisjonsinntekter
Note 22 Netto vinst på finansielle instrument
Note 23 Andre inntekter
Note 24 Driftskostnader
Note 25 Pensjonsansvar
Note 26 Godtgjersle og liknande
Note 27 Skattekostnad
- Andre balansepostar
- Note 28 Verkeleg verdi på finansielle instrument
Note 29 Obligasjonar, sertifikat og andre renteberande verdipapir
Note 30 Finansielle derivat
Note 31 Aksjar
Note 32 Datterselskap og tilknyttete selskap
Note 33 Immaterielle eigedelar og goodwill
Note 34 Varige driftsmidlar
Note 35 Leigeavtalar
Note 36 Andre eigedelar
Note 37 Innskott frå kundar
Note 38 Verdipapirgjeld
Note 39 Anna gjeld og avsetningar
Note 40 Ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonslån
- Andre opplysningar
- Note 41 Ekspedisjonsnett
Note 42 Postar utanom balansen
Note 43 Nærstående partar
Note 44 Forventa gjenvinning (eigedelar) og oppgjør (forpliktingar)
Note 45 Valutaposisjonar
Note 46 Motrekning
Note 47 Tvistemål
Note 48 Eigarandelskapital og eigarstruktur
Note 49 Sikringsbokføring

Note 1 Rekneskapsprinsipp

GENERELT

Årsrekneskapen for 2022 for Sparebanken Sogn og Fjordane er handsama og vedtatt i styremøte den 9. mars 2023.

Alle beløp i rekneskap og notar er oppgitt i millionar kroner, dersom ikkje anna er oppgitt spesifikt.

Sparebanken Sogn og Fjordane har gjeldsinstrument notert på Nordic ABM.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN

Konsernrekneskapen og rekneskapen for morbanken for Sparebanken Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS - International Financial Reporting Standards), som er godkjent av EU.

KONSERNSTRUKTUR

Det har ikkje vore endringar i konsernstrukturen i 2022.

ENDRING I REKNESKAPSPRINSIPP OG NOTEOPPLYSNINGAR

Alle inntekter og kostnader skal som hovudregel først over resultatrekneskapen. Unntak er verknad av endring i rekneskapsprinsipp. Ved grunnleggande rekneskapsreformer/endringar i rekneskapsprinsipp skal tal for tidlegare år omarbeidast, slik at dei kan samanliknast. Dersom postar i rekneskapen blir reklassifiserte, skal samanlikningstal utarbeidast for tidlegare periodar og visast i rekneskapsoppstillinga.

Konsernet skal i tråd med IAS 8 opplyse kva endringar som har blitt implementert av konsernet i inneverande rekneskapsperiode og kva effektar det har hatt på årsrekneskapen.

ENDRINGAR I EU GODKJENDE STANDARDAR OG TOLKNINGAR

Det har ikkje vore andre endringar i standardar og/eller tolkingar som har vore relevante for konsernet i 2022.

Estimat

Ved utarbeiding av konsernrekneskapen blir det gjort vurderingar og tatt føresetnader, som påverkar effekten av rekneskapsprinsippa og dermed dei rekneskapsførte beløpa. I note 2 er det gjort nærare greie for vesentlege estimat og føresetnader.

KONSOLIDERING

I konsernrekneskapen inngår morselskapet Sparebanken Sogn og Fjordane med dotterselskap og tilknytte selskap. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Ved konsolidering er det brukt einsarta rekneskapsprinsipp for alle selskapa, som inngår i konsernrekneskapen.

Alle vesentlege konserninterne transaksjonar, mellomverande og urealiserte vinstar og tap på transaksjonar mellom selskap, som inngår i konsernet, er eliminert ved konsolidering av konsernrekneskapen.

DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTTE SELSKAP

Dotterselskap er definert som selskap der Sparebanken Sogn og Fjordane har kontroll gjennom direkte eller indirekte eigarinteresser, eller andre forhold, og ein eigardel på meir enn 50 prosent av aksjekapitalen, som har stemmerett. Normalt reknar Sparebanken Sogn og Fjordane med å ha kontroll, når eigarinteressene i eit anna selskap er meir enn 50 prosent, men banken vurderer også om bankkonsernet har faktisk kontroll. Eit dotterselskap blir konsolidert frå det tidspunkt kontroll er overført til bankkonsernet. Selde dotterselskap blir fullkonsoliderte fram til dato for overføring av risiko og kontroll.

Følgjande selskap innfrir kriteria til dotterselskap:

Selskap	Eigar- og stemmedel
Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS	100 %
Bankegedom Sogn og Fjordane AS	100 %
Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS	100 %

Tilknytte selskap er selskap der Sparebanken Sogn og Fjordane har vesentleg innverknad, dvs. kan påverke finansielle og operasjonelle retningslinjer i selskapet, men utan å ha kontroll eller felles kontroll over selskapet. Sparebanken Sogn og Fjordane har som føresetnad å ha vesentleg innverknad i selskap der bankkonsernet har ei investering med eigardel på mellom 20 og 50 prosent. Tilknytte selskap blir vurdert etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen.

Selskap som innfrir kriteria til tilknytte selskap er:

Selskap	Eigar- og stemmedel
Fjord Invest AS	45,3 %
Fjord Invest Sør Vest AS	20,1 %

Investeringar i dotterselskap og tilknytte selskap blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.

I samsvar med IFRS 10, skal det gjerast ei vurdering av om konsernet har reell kontroll, som er større enn det eigarposten i selskapa tilseier. Dette er vurdert og konklusjonen er at det har vi ikkje.

FØRETAKSINTEGRASJON

Oppkjøpsmetoden er brukt ved rekneskapsføring av tileigna einingar. Kostpris ved oppkjøp er målt som verkeleg verdi av overtekne eigedelar, utferda eigenkapitalinstrument og overteken gjeld.

Identifiserte kjøpte egedelar, og overteken gjeld og gjeldsforpliktingar er målt til verkeleg verdi på kjøpsdatoen. Kostpris utover verkeleg verdi, av konsernet sin del av kjøpte egedelar, blir bokført som goodwill.

Goodwill blir testa for nedskrivning årleg, eller hyppigare dersom det føreligg indikasjon på verdi-fall. Dersom kostpris ved oppkjøp er lågare enn verkeleg verdi av identifiserte egedelar og forpliktingar, vert differansen inntektsført på transaksjonstidspunktet.

VALUTA

Norske kroner er funksjonell valuta til morselskapet og alle dotterselskapa i konsernet. Norske kroner er også konsernet sin presentasjonsvaluta. På balansedatoen blir pengepostar i utanlandsk valuta rekna om til kursen på balansedatoen, ikkje-pengepostar blir rekna om til historisk valutakurs på transaksjonsdatoen og ikkje-pengepostar vurdert til verkeleg verdi, blir utrekna med valutakurs på dato for verdsetting.

Transaksjonar i valuta blir rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Verdiendingar, som oppstår som følgje av endringar i valutakursen mellom transaksjonstidspunktet og betalings-tidspunktet, blir resultatført.

FINANSIELLE INSTRUMENT

Eit finansielt instrument er ei kontrakt som gir opphav til ein finansiell egedel, for eit føretak, og ei finansiell plikt, eller eit eigenkapitalinstrument, for eit anna føretak.

Klassifisering og måling etter IFRS 9

Finansielle egedelar

Klassifisering er basert på om instrumenta blir haldne i ein forretningsmodell både for å ta imot kontraktsmessige kontantstraumar og for sal, og om dei kontraktsfesta kontantstraumane berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar.

Finansielle egedelar blir klassifisert i ein av følgjande kategoriar:

- Gjeldsinstrument til amortisert kost
- Gjeldsinstrument til verkeleg verdi med verdiending mot utvida resultat (FVOCI)
- Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)
- Eigenkapitalinstrument der det er nytta OCI-opsjon, der instrumenta blir målt til verkeleg verdi mot utvida resultat utan resirkulering

Finansielle egedelar målt til amortisert kost
Konsernet måler finansielle egedelar til amortisert kost, dersom følgjande vilkår er oppfylte:

- Den finansielle egedelen er ein del av ein forretningsmodell, der formålet er å ta imot kontraktsfesta kontantstraumar, og
- Kontraktsvilkåra for den finansielle egedelen gir opphav til kontantstraumar, som berre består av betaling av hovudstol og renter på gitte datoar

Etterfølgjande måling av finansielle egedelar målt til amortisert kost blir gjort ved bruk av effektiv rentemetode og er gjenstand for tapsavsetning. Vinst og tap blir ført mot resultat, når egedelen er frårekna, modifisert eller nedskriven

Konsernet sine finansielle egedelar til amortisert kost inkluderer utlån og innskot i andre bankar.

Finansielle egedeler målt til verkeleg verdi med verdiendingar mot utvida resultat (FVOCI)

Konsernet måler gjeldsinstrument til verkeleg verdi med verdiending mot utvida resultat, dersom følgjande vilkår er oppfylt:

- Den finansielle egedelen er ein del av ein forretningsmodell der formålet er både å ta imot kontraktsfesta kontantstraumar og sal,
- Kontraktsvilkåra, for den finansielle egedelen, gir opphav til kontantstraumar som berre består av betaling av hovudstol og renter på gitte datoar

Gjeldsinstrument målt til verkeleg verdi med verdiending mot utvida resultat, renteinntekter, omrekningsdifferansar, og tapsavsetningar eller reverseringar, blir innrekna i resultatrekneskapen og berekna på same måte som finansielle egedelar målt til amortisert kost. Resterande endringar i verkeleg verdi blir innrekna i andre inntekter og kostnader. Ved frårekning blir den akkumulerte endringa i verkeleg verdi, som er innrekna i andre inntekter og kostnader, overført til resultat.

Konsernet nyttar ikkje denne kategorien.

Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)

Følgjande instrument inngår i denne målekategorien:

- Derivat til verkeleg verdi over resultat
- Eigenkapitalinstrument skal som hovudregel her
- Gjeldsinstrument med ein forretningsmodell som tilseier å ta imot kontraktsmessige kontantstraumar frå renter, gebyr og hovudstol, samstundes som det er eit mål å kjøpe og selje papira i porteføljen med kort horisont, for å sikre forteneste frå vinstar

Sparebanken Sogn og Fjordane nyttar denne kategorien for utlån til kundar med fast rente, sertifikat og obligasjonar, aksjar og derivat. Fastrenteutlåna er som regel rentesikra med derivat eller fastrenteobligasjonsinnlån, som blir vurdert til verkeleg verdi. For å unngå eit rekneskapsmessig misforhold, er også fastrenteutlåna vurdert til verkeleg verdi.

Eigenkapitalinstrument, der det er nytta OCI-opisjon, og instrumenta blir målt til verkeleg verdi mot utvida resultat utan resirkulering

Selskapet kan velje å nytte ein opsjon om å føre eigenkapitalinstrument med verdiendring mot utvida resultat, i staden for over ordinært resultat. Ved val av denne kategorien vil det ikkje bli reklassifisering til resultatet ved realisasjon.

Sparebanken Sogn og Fjordane nyttar ikkje denne kategorien.

Frårekning av finansielle egedelar

Ein finansiell egedel blir frårekna dersom:

- Den kontraktsfesta retten til å ta imot kontantstraumar, frå den finansielle egedelen, ikkje lenger er til stades, eller
- Konsernet har overført den kontraktsfesta retten til å ta imot kontantstraumar, frå den finansielle egedelen, eller beheld retten til å ta imot kontantstraumane, frå ein finansiell egedel, men samtidig forpliktar seg til å overføre rettane til ein motpart; og enten
 - a. Konsernet har overført det vesentlege av risiko og fordelar med egedelen, eller
 - b. Konsernet har verken overført eller behalde det vesentlege av risikoen og fordelar med egedelen, men har overført kontrollen over egedelen

Finansiell gjeld

Finansiell gjeld blir klassifisert i ein av følgjande kategoriar:

- Finansiell gjeld til amortisert kost
- Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)
- Finansiell gjeld til verkeleg verdi over resultat, med delar mot OCI

Finansiell gjeld til amortisert kost

Sparebanken Sogn og Fjordane nyttar denne kategorien for gjeld til kredittinstitusjonar, innskot frå og gjeld til kundar, det meste av eigne utferda renteberande verdipapir og anna finansiell gjeld.

Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)

Følgjande instrument inngår i denne målekategorien:

- Derivat til verkeleg verdi over resultat
- Eigenkapitalinstrument skal som hovudregel her
- Gjeldsinstrument med ein forretningsmodell, som tilseier å ta imot kontraktsmessige kontantstraumar frå renter, gebyr og hovudstol, samstundes som det er eit mål å kjøpe og selje papira i porteføljen, med kort horisont, for å sikre fortjeneste frå vinstar

Sparebanken Sogn og Fjordane nyttar denne kategorien for innskot til kundar med fast rente og derivat.

Finansiell gjeld til verkeleg verdi over resultat, med delar mot OCI

For finansiell gjeld utpeikt som målt til verkeleg verdi skal verdiendring knytt til eigen kredittrisiko skillast ut og førast mot utvida resultat (OCI).

Sparebanken Sogn og Fjordane har utpeika ein del av verdipapirgjelda til verkeleg verdi over resultatet. Verdiendring som skuldast endringar i eigen kredittrisiko for verdipapirgjelda vil normalt vere uvesentleg og det er så langt ikkje ført verdiendring mot OCI.

Nærmare om finansiell gjeld

Finansiell gjeld blir, ved innrekning første gangen, klassifisert som lån og gjeld, eller derivat øymerka som sikringsinstrument i ein effektiv sikring. Derivat blir innrekna første gangen til verkelig verdi. Lån og forpliktingar blir innrekna til verkeleg verdi, justert for direkte transaksjonskostnader.

Derivat er finansielle forpliktingar, når den verkelig verdien er negativ og blir behandla rekneskapsmessig på tilsvarende måte, som derivat som er egedelar.

Lån og gjeld

Etter innrekning første gangen vil renteberende lån bli målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Vinst og tap blir ført i resultatet, når forpliktinga er frårekna. Amortisert kost blir berekna ved å ta omsyn til kostnader mv. relatert til kjøpet, eller kostnader og avgifter som er ein integrert del av den effektive renta. Effektiv rente blir presentert som rentekostnader i resultatrekneskapen.

Forpliktingar er målt til nominelt beløp dersom effekten av diskontering er uvesentleg.

Frårekning av finansiell gjeld

Ei finansiell gjeld blir frårekna, når gjelda er innfridd, kansellert eller utløpt. Når ei eksisterande finansiell gjeld blir erstatta med ei ny gjeld frå same långjevar, når vilkåra er vesentleg endra, eller vilkåra på ei eksisterande gjeld er vesentleg modifisert, blir den opphavslege gjelda frårekna og ei ny gjeld innrekna. Forskjellen i balanseført verdi blir innrekna i resultatet.

Innrekning og frårekning

Egedelar og gjeld blir innrekna på det tidspunktet konsernet har fått overført dei kontraktsmessige rettane til å ta imot kontantstraumar frå dei finansielle egedelane, eller tar på seg reelle forpliktingar til å betale kontantstraumar. Førstegongs innrekning er til verkeleg verdi. Normalt vil førstegongs innrekning svare til transaksjonsprisen. Etter førstegongs innrekning blir finansielle instrument målt som forklart nedanfor under «Verdivurdering».

Eigedelar blir frårekna på det tidspunktet tilnærma all risiko og fordelar ved eigarskap til dei finansielle eigedelane er overført til ein annan part.

Når ein finansiell eigedel blir overført skal det vurderast i kva omfang føretaket beheld risiko og fordelar ved eigarskapen til den finansielle eigedelen. I så fall:

- a) Dersom tilnærma all risiko og fordelar ved eigarskap til den finansielle eigedelen er overført til ein anna part, skal føretaket frårekne eigedelen, og innrekne alle rettar og plikter, som oppstod ved overføringa separat, som eigedelar eller plikter.
- b) Dersom føretaket beheld tilnærma all risiko og fordelar ved eigarskap til den finansielle eigedelen, skal føretaket framleis innrekne den finansielle eigedelen.
- c) Dersom føretaket verken overfører eller beheld tilnærma all risiko og fordelar ved eigarskap til den finansielle eigedelen, skal føretaket avgjere om ein framleis har kontroll over eigedelen. I så fall:
 - Dersom føretaket ikkje har behalde kontrollen over den finansielle eigedelen, skal den finansielle eigedelen fråreknast og føretaket skal innrekne separat eigedelar, eller plikter som oppstod, eller som føretaket har behalde ved overføringa
 - Dersom føretaket framleis har kontroll over den finansielle eigedelen, skal føretaket framleis innrekne eigedelen i det omfang føretaket framleis har eit vedvarande engasjement i den finansielle eigedelen

Verdivurdering

Definisjon av verkeleg verdi

Verkeleg verdi er definert som det beløpet ein eigardel kan omsetast for, eller ei plikt kan gjerast opp for, ved ein transaksjon mellom uavhengige partar. Ved utrekning av verkeleg verdi nyttar vi ulike verdsettingsmetodar avhengig av type finansielle instrument og om dei er omsett i ein aktiv marknad eller ikkje. Instrumenta blir klassifisert i eitt av tre verdsettingsnivå avhengig av tilgjengeleg informasjon for verdsetting. (For definisjon av nivå 1, 2 og 3 sjå note 28).

Instrument som blir omsett i ein aktiv marknad

Ein marknad er aktiv, dersom det er mogleg å finne eksterne, observerbare prisar eller kursar og desse prisane representerer faktiske og hyppige marknads-transaksjonar. For instrument som blir handla i ein aktiv marknad, nyttar vi den noterte prisen innhenta frå børs, meklar eller eit prissettingsbyrå.

Instrument omsett i ein aktiv marknad gjeld mellom anna finansielle instrument som er børsnoterte eller

på annan måte kvotert som t.d. aksjar, obligasjonar og sertifikat. I tillegg gjeld det finansielle derivat som er basert på underliggende kvoterte eller børsnoterte prisar/indeksar/instrument.

Instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad

Finansielle instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad, blir verdsett etter ulike verdsettingsmetodar, som baserer seg på observerbare marknadsdata. Når det ikkje finst observerbare marknadsdata, eller kvoterte prisar, blir det nytta eigne verdsettingsmetodar.

Eigenkapitalinvesteringar i aksjar og andelar, som blir handla i ikkje-aktive marknader, blir verdsett til verkeleg verdi, etter følgjande forhold:

- Pris ved siste kapitalutviding, eller siste omsetning mellom uavhengige partar, justert for endring i marknadsforholda sidan kapitalutvidinga/omsetninga.
- Verkeleg verdi basert på forventa framtidige kontantstraumar for investeringa.

Verkeleg verdi av porteføljen av fastrenteutlån blir utrekna som verdien av forventa kontantstraumar neddiskontert med ei marknadsrente som bygger på ei intern priskalkyle (nærmare forklart i note 2).

Definisjon av amortisert kost

Finansielle instrument, som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir verdsett til amortisert kost og inntektene etter effektiv rentemetode. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte transaksjonskostnader, som ikkje blir dekkja av kunden, og eventuell restverdi ved utgangen av forventa levetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar, neddiskontert med effektiv rente.

Bereking av nedskrivning

IFRS 9 sine prinsipp for nedskrivning for tap på finansielle instrument, tar utgangspunkt i at det skal settast av for forventa tap. Dette inneber at vi skal estimere dei framtidige kredittapa uavhengig av om det finst eit objektivt bevis for ei tapshending eller ikkje.

Prinsippa i IFRS 9 for nedskrivning gjeld for finansielle eigedelar, som er gjeldsinstrument. I tillegg er også unytta kredittar omfatta. For forklaring av modellen for nedskrivning viser vi til note 12.

Konstatering av tap

Konstatering av tap (dvs. bokføring mot kunden sin konto) skal gjerast når all sikkerheit er realisert og det ikkje er venta at banken vil få fleire innbetalingar på engasjementet. Kravet mot kunden blir følgd opp også etter konstatering, med mindre det er inngått avtale om ettergiving med kunden.

PRESENTASJON I BALANSE OG RESULTATREKNESKAP

Kontantar og fordringar på sentralbanken

Kontantar er definert som kontantar og fordringar på Norges Bank.

Utlån

Utlån blir balanseført, avhengig av motpart, enten som utlån til og krav på kredittinstitusjonar, eller utlån til kundar til amortisert kost, utlån til kundar til verkeleg verdi, eller utlån til kundar med verdiendring mot utvida resultat (OCI). For å forenkle balanseoppstillinga er utlåna til kundar vist netto på ei linje og så er spesifikasjon etter kategoriar vist i note til rekneskapen.

Renteinntekter på finansielle instrument, klassifiserte som utlån, blir inkludert på linja for «Netto renteinntekter» ved bruk av effektiv rentemetode. Effektiv rentemetode er forklart under «Verdimåling til amortisert kost».

Verdiendringar for utlån til amortisert kost og utlån til verkeleg verdi inngår i «Nedskrivning på utlån og garantiar». Den delen av verdiendring på fastrente-utlån som skuldast endringar i rentenivå, inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Sertifikat og obligasjonar

Sertifikat og obligasjonar blir styrt og følgde opp til i ein forretningsmodell som tilseier å ta imot kontraktsmessige kontantstrømar frå renter, gebyr og hovudstol, samstundes som det er eit mål å kjøpe og selje papira i porteføljen med kort horisont, for å sikre fortjeneste frå vinstar.

Renteinntekter og -kostnader på sertifikat og obligasjonar inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Metoden er beskrevet i avsnittet for amortisert kost.

Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Aksjar

Aksjar, til verkeleg verdi over resultat

Aksjar, som er vurderte til verkeleg verdi over resultat, inkluderer aksjar, eigenkapitalbevis og aksjefond, som er skaffa med formål om å selje med framtidig vinst. Det meste av aksjeporteføljen er langsiktige strategiske plasseringar. Verdiendringar for aksjar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Finansielle derivat

Eit derivat er eit finansielt instrument med følgjande karakteristikkar:

- Verdien på instrumentet blir endra som eit resultat av endringar i rente, kurs eller pris på eit underliggende objekt

- Instrumentet krev ingen eller liten investering ved etablering
- Instrumentet blir gjort opp på ein framtidig dato

Derivat blir balanseført til verkeleg verdi, når kontrakten blir inngått og deretter løpande til verkeleg verdi.

Finansielle derivat blir presentert som ein eigedel, dersom verdien er positiv og som ei gjeld, dersom verdien er negativ. Motrekning blir føreteke dersom banken har ein bindande kontrakt med motparten, om å motrekne, og har til hensikt å innfri netto eller realisere eigedelar og forpliktingar samtidig.

Rentebetalningar frå finansielle derivat inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Metoden er forklart i avsnitt for amortisert kost. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Gjeld til kredittinstitusjonar og innskot frå kundar

Forpliktingar til kredittinstitusjonar og kundar er rekneskapsført, avhengig av motpart, enten som gjeld til kredittinstitusjonar, eller som innskot frå kundar til amortisert kost, eller innskot frå kundar til verkeleg verdi. Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

For å forenkle balanseoppstillinga, er innskot frå kundar vist samla og så er det gitt nærmare spesifikasjon i note til rekneskapen.

Verdipapirgjeld

Verdipapirgjeld omfattar utferda sertifikat og obligasjonar og er vurdert enten til amortisert kost, eller til verkeleg verdi over resultatet. For å forenkle balanseoppstillinga, er verdipapirgjeld vist samla og så er det gitt nærmare spesifikasjon i note.

Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rente metode. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

For verdipapirgjeld til verkeleg verdi, skal verdiendring knytt til eigen kredittrisiko skillast ut og førast mot utvida resultat (OCI). Verdiendring som skuldast endringar i eigen kredittrisiko for verdipapirgjeld, vil normalt vere uvesentleg og det er så langt ikkje ført verdiendring mot OCI.

Ansvarleg lån

Ansvarleg lån omfattar ansvarleg lånekapital som banken har utferda og er vurdert til amortisert kost. Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rente metode. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».



LEIGEAVTALAR

IFRS 16 Leigeavtalar

IFRS 16 gir prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og opplysningar om leigeavtalar for begge parter i ein leigeavtale. Standarden krev at leigetakar innrekner eigedelar og plikter, for dei fleste leigeavtalar.

Utleigar skal klassifisere leigeavtalar enten som operasjonelle eller finansielle, og rekneskapsføre dei to typane leigeavtalar ulikt.

Konsernet har innrekna eigedelar og forpliktingar knytt til ein del leigeavtalar og registrert alle aktuelle leigeavtalar i eit eige system. Lengda på leigeavtalane er avgjerande for eigedeler og gjeld.

Leigeforholda, som er tatt med, er i hovudsak leigeavtalar med faste leigekostnader, som husleigeavtalar, og eit mindre antal leasingavtalar av bilar.

Leigeforpliktinga er rekna ut ved å neddiskontere framtidige betalningar og det er nytta ei implisitt rente for leigeforholdet. Ved neddiskontering av leigebeløpa blir det nytta ei effektiv rente som er eit estimat på forventa marginal lånerente. Denne renta vil normalt endre seg, og oppdatert rentesats skal nyttast på nye leigeforhold, ved endring i leigeperiodar og ved andre endringar av eksisterande leigeforhold.

Ved kvart rapporteringstidspunkt, tar vi omsyn til endringar i leigeavtalar, og reknar om forpliktinga og leigerettane.

IAS 36 blir brukt for å vurdere om ein leigerett har indikasjon på verdifall, som kan medføre ei nedskriving.

Ein leigeavtale blir klassifisert som finansiell leigeavtale, dersom avtalen i det vesentlege overfører risiko og avkastning. Banken har ingen finansielle leigeavtalar. Dei leigeavtalane vi har er operasjonelle.

VARIGE DRIFTSMIDLAR

Materielle eigedelar er vurdert til historisk kostpris inkludert direkte kostnader, med frådrag av akkumulerte av- og nedskrivingar. Når eigedelar blir selde eller avhenda, blir kostprisen og akkumulerte avskrivingar tilbakeført i rekneskapen, og vinst eller tap frå salet/avhendinga blir resultatført. Kostprisen for anleggsmidlar er kjøpsprisen, inkludert skattar/avgifter og direkte oppkjøpskostnader, knytt til å sette anleggsmiddelet i stand for bruk. Utgifter som kjem etter at anleggsmiddelet er tatt i bruk, reparasjon og vedlikehald, blir kostnadsført. I den grad det er nødvendig, blir dei enkelte driftsmidlane splitta opp i komponentar med ulik levetid.

Tomter blir ikkje avskrivne. Med utgangspunkt i kostpris med frådrag av eventuelle restverdiar, blir andre varige driftsmidlar avskrivne lineært, over forventa brukstid innanfor følgjande rammer:

Bygningar	30–50 år
Inventar	7–10 år
Bilar	5 år
Kontormaskiner	5 år
IT-utstyr	3–5 år

IMMATERIELLE EIGEDELAR

IT-system og programvare

Kjøpt programvare blir balanseført til kostpris med tillegg av utgifter, for å gjere programvara klar til bruk. Identifiserte utgifter til eigenutvikla programvare, der det kan påvisast at det er sannsynleg at framtidige økonomiske fordelar dekker utviklingsutgiftene, blir balanseført som immaterielle eigedelar. Direkte utgifter kan inkludere utgifter for tilsette som er direkte involvert i programutviklinga, materiell og ein del av relevante administrasjonsutgifter. Utgifter knytt til vedlikehald av programvare og IT-system, blir direkte kostnadsført i resultatrekneskapen. Balanseførte programvareutgifter blir avskrivne over forventa økonomisk levetid, som normalt er 3 år. Vurdering av nedskrivingsbehov følgjer same prinsipp, som omtalt i førre avsnitt.

Goodwill

Goodwill refererer seg til oppkjøp av andre selskap og representerer meirverdiar utover identifiserte eigedelar og gjeld. Slike meirverdiar blir testa for nedskriving ved kvart rapporteringstidspunkt.

VURDERING AV NEDSKRIVINGSBEHOV

Ved kvart rapporteringstidspunkt blir det gjort ei revurdering av om det er indikasjon på verdifall for materielle og immaterielle eigedelar. Dersom det ligg føre slik indikasjon, blir restverdien rekna ut. Restverdien er den høgste verdien av eigedelen sin verkelege verdi, med frådrag av kostnader ved sal og bruksverdi. Balanseført verdi blir skrive ned til restverdi, dersom balanseført verdi er høgare enn estimert restverdi.

PENSJONAR

Innskotsbaserte ordningar

Innskotsbaserte pensjonsordningar inneber at konsernet ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjonsordning. Den framtidige pensjonen vil vere avhengig av storleiken på innskotet og den årlege avkastninga på pensjonssparinga. Konsernet har ikkje noko ansvar for denne pensjonsordninga utover å innbetale det årlege innskotet. Det er ingen avsetning for påkome pensjonsansvar i slike ordningar. Innbetalingar til innskotsbaserte pensjonsordningar blir kostnadsført direkte i den enkelte rekneskapsperiode.

Pensjonskostnader for året blir ført netto i resultatregnskapen under posten «Løn og andre personal-kostnader». For nærmere informasjon om pensjonsordninger viser vi til note 25.

SKATT

Utsett skatt og utsett skattefordel blir balanseført i samsvar med IAS 12 Utsett skatt.

Skattekostnaden i resultatregnskapen omfatter både betalbar skatt på inntekter og formue, og endring i utsett skatt for perioden. Utsett skatt / utsett skattefordel for morbanken er utrekna med 25 %, på grunnlag av midlertidige forskjellar, som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier, ved utgangen av året. For dotterselskapa er det nytta ein skattesats, for utrekning av utsett skatt/utsett skattefordel, på 22 %. Utsett skatt blir rekna ut ved bruk av skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller som det er sannsynleg blir vedteke, og som ein legg til grunn vil gjelde, når den utsette skattefordelen blir realisert eller forpliktinga blir gjort opp. Utsett skattefordel er balanseført utifrå forventningar om skattepliktig inntekt i framtidige år. Utsett skatt og utsett skattefordel i skattekonsernet blir nettoført i balansen.

Betalbar skatt og utsett skatt blir ført mot eigenkapitalen, dersom skatten gjeld postar som i same eller tidlegare periodar er ført mot utvida resultat/eigenkapitalen.

Skattekonsern

Skattekonsernet består av morbanken og dotterselskap der morbanken eig meir enn ni tidelar av aksjane, og har ein tilsvarande del av stemmene på generalforsamlinga.

PERIODISERING AV RENTER OG GEBYR

Renter og provisjonar blir resultatført etter kvart som dei blir opptente eller påløpne.

Urealisert og realisert vinst og tap på rentesikringsforretningar er presentert under «Netto vinst frå finansielle instrument». Rentesisikringsforretningar er inngått som økonomisk sikring og reglane for sikringsbøkføring blir også nytta.

Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost, og er inntektsført under «Netto renteinntekter» etter effektiv rentemetode. Gebyr som inngår ved etablering av finansielle garantiar inngår i verdsetting av garantiane og blir inntektsført under «Netto vinst frå finansielle instrument».

Under-/overkurs (event. vinst/tap) som oppstår ved tilbakekjøp av eiga gjeld blir resultatført på tidspunkt for tilbakekjøp og er klassifisert som «Netto vinst frå finansielle instrument».

INNTEKTSFØRING

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette medfører løpande inntektsføring av nominelle renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir gjort både for balansepostar vurdert til amortisert kost og balansepostar vurdert til verkeleg verdi over resultat. Renteinntekter på nedskrivne engasjement blir utrekna etter effektiv rentemetode av nedskrivne verdi.

Alle gebyr relatert til betalingstransaksjonar blir inntektsført løpande. Honorar og gebyr frå sal eller formidling av aksjar, aksjefond, eigedomar som ikkje genererer balansepostar, blir inntektsført når handelen er gjennomført. Meklarprovisjon blir inntektsført, når det er inngått bindande avtale mellom kjøper og seljar og i praksis er dette når bod er akseptert. Kundehandlar med finansielle instrument som genererer inntekter i form av marginar og kurtasje, blir inntektsført når handelen er gjennomført. Utbytte frå aksjar blir inntektsført, når utbytte er endeleg vedtatt.

RESTRUKTURERING

Dersom det er vedtatt planar for restrukturering, som endrar omfanget av drifta eller måten verksemda blir driven på, blir det vurdert om det er nødvendig med avsetningar til omstillingstiltak. Dersom utgifter til gjennomføring ikkje bidrar til å auke inntektene i seinare periodar og dei framtidige utgiftene er reelle plikter på balansedagen, blir netto noverdien av forventa framtidige kontantstraumar avsett som gjeld i balansen. Avsetningane blir tilbakeført etter kvart som utgiftene påløper.

KONTANTSTRAUMSOPPSTILLING

Kontantstraumsoppstillinga er utarbeidd i samsvar med den indirekte metode. Resultatet blir justert for verkknaden av transaksjonar utan kontantoppgjør, periodisering av framtidige inn- eller utbetalingar knytt til drift, og inntekter eller kostnader knytt til kontantstraumar frå investering eller finansiering.

EIGENKAPITAL

Eigenkapitalen er inndelt i eigarandelskapital, grunnfondskapital, hybridkapital, fond for urealisert vinst og annan eigenkapital. Eigarandelskapitalen består av eigenkapitalbevis og utjæmningsfond. Grunnfondskapitalen består av grunnfond, kompensasjonsfond og eventuelt gåvefond. Fond for urealisert vinst er knytt til verdiendring på finansielle instrument der prinsipp for verdifastsetting etter IFRS avvik frå prinsippa etter NGAAP. Foreslått gåveutdeling og utbytte er klassifisert som ein del av eigenkapitalen, inntil dei er vedtatt av generalforsamlinga.

Hybridkapital

Hybridkapital inngår i egenkapitalen og omfattar fondsobligasjonar som banken har utferda, og som kvalifiserer krava til å bli definert som egenkapital og kjernekapital, etter reglar for utrekninga av kapitaldekning. Fondsobligasjonane er evigvarande og kan ikkje krevjast innfridd av obligasjonseigarane. Rentekostnader for hybridkapitalen blir ført mot egenkapitalen, og fordelt på utjamningsfond og kompensasjonsfond etter eigarbrøken. Skatteeffekten av renter på hybridkapitalen blir ført som redusert skattekostnad over ordinært resultat i tråd med IAS 12 Inntektsskatt.

SIKRINGSBOKFØRING

Konsernet nyttar sikringsbokføring i samband med bokføring av utvalde obligasjonsinnlån med fastrente og derivat, som er tatt opp for å moteverke verdissingar frå dei aktuelle obligasjonsinnlåna.

Sikringsobjekta (obligasjonsinnlån med fast rente) er vurdert til verkeleg verdi med verdiending mot netto resultat frå finansielle instrument, og sikringsinstrumenta (derivata) blir vurdert til verkeleg verdi med verdiending mot netto resultat frå finansielle instrument.

IFRS 9 stiller mellom anna krav om at sikringsobjekta og sikringsinstrumenta skal vere øymerka, og det skal vere ein nær samanheng i økonomiske karakteristika for sikringsobjekta og sikringsinstrumenta. Sikringsforretninga skal vidare kunne målast påliteleg og det er krav om sikringseffektivitet. Om sikringa ikkje lenger oppfyller krava til sikringseffektivitet, skal sikringsbokføringa avsluttast og ei justering som følgje av dette skal amortiserast i resultatrekneskapen. Amortiseringa skal vere basert på ei rekalkulert effektiv rente frå tidspunktet når amortiseringa starta.

Vinst eller tap på sikringsinstrumentet blir innrekna i resultatrekneskapen på linja for netto vinst/tap på finansielle instrument. Vinst eller tap på sikringsobjektet blir ført som ei justering av den balanseførte verdien på sikringsobjektet og innrekna i resultatrekneskapen på linja for netto vinst/tap på finansielle instrument.

HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det skal opplysast om hendingar etter balansedagen i samsvar med IAS 10. Opplysningane omfattar hendingar som ikkje er innrekna i finansrekneskapen, men som er av slik art at det er vesentleg for vurdering av drifta og/eller den finansielle stillinga.

VEDTEKNE REKNESKAPSSTANDARDAR OG ANDRE ENDRINGAR SOM KAN FÅ VERKNAD FOR FRAMTIDIG RAPPORTERING

Relevante standardar og tolkingar som er vedtatt fram til tidspunkt for framlegging av konsernrekneskapen, men der tidspunkt for innføring er fram i tid, er oppgitt nedanfor. Det er konsernet sin intensjon er å implementere dei relevante endringane, når dei blir gjeldande, under føresetnad av at EU godkjenner endringane før utarbeiding av konsernrekneskapen.

IBOR-Reform fase 2

Det pågår ein internasjonal reform for bruk av IBOR-renter. Banken nyttar NIBOR i f. eks. sikringsbokføring. Det er vår vurdering, at endringa ikkje medfører realitetsendringar, for rekneskapen.

Ny standard IFRS 17 Forsikringskontraktar inkludert forslag om endringar i IFRS 17

IFRS 17 erstattar IFRS 4. IFRS 17 har reglar om korleis forsikringskontraktar skal vurderast og presenterast, noko som tidlegare har vore opp til nasjonalt regelverk. Opplysningskrava er auka. Endringa gjeld frå og med 01.01.2023. Selskapet har ikkje verksemd eller kontraktar som er omfatta av standarden.

Det er ikkje vedtatt andre endringar som vil påverke rekneskapen i særleg grad.

Note 2 Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Estimat og vurderingar blir gjort løpande og er basert på historisk erfaring og forventningar om sannsynlege framtidige hendingar. Rekneskapsestimat som følgjer av dette vil sjeldan vere heilt i samsvar med endeleg utfall. Estimat som representerer ein vesentleg risiko for store endringar i balanseførte verdiar vert drøfta nedanfor.

Verkeleg verdi på finansielle derivat og andre finansielle instrument

For verdipapir som ikkje er børsnoterte, og der det ikkje er ein aktiv marknad, nyttar konsernet verdsettingsteknikkar, for å fastsette verkeleg verdi. Konsernet vurderer, vel metodar og tar føresetnader som, så langt som mogleg, er basert på marknadsforholda på balansedagen.

Rentepapir

Ved verdsetting av obligasjonar og sertifikat hentar vi inn verdivurderingar frå Nordic Bond Pricing.

Aksjar

Verdivurdering av unoterte aksjar byggjer på siste transaksjonskurs eller verdivurderingsmetodar. Aksjar, som ikkje har ein ny transaksjonskurs, er verdsett med utgangspunkt i tilgjengeleg rekneskapsinformasjon og prisar på samanliknbare aksjar, der det er relevant.

Rentederivat

Rentederivat er verdsett ved neddiskontering av kontantstraumar basert på swaprentekurva på rapporteringstidspunktet.

Fastrenteutlån og fastrenteinnkot

Verdien av fastrenteutlån- og innkot vert berekna som noverdien av framtidige kontantstraumar. For fastrenteutlån til privatkundar og alle fastrenteinnkot nyttar vi ei rentekurve, som er utleia av eit gjennomsnitt av fastrentetilbod hjå konkurrerende bankar, som uttrykk for ei marknadsrente, medan vi for utlån til bedriftsmarknaden reknar ut alternativ innlånskostnad for banken på rapporteringstidspunkt, med tillegg av margin for gjeldande kunde.

Sjå også note 28 «Verkeleg verdi på finansielle instrument».

Låneportefølje i Bustadkreditt Sogn og Fjordane

Morbanken har overført bustadlån til dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane. Det er inngått fleire avtalar som regulerer forholdet mellom partane. I følgje avtalane er kredittisiko og rett til avkastning overført frå morbanken til Bustadkredittføretaket. Utlåna er følgjeleg frårekna i morbanken sin rekneskap. Sjå elles note 43 «Nærstående partar».

Nedskrivning på utlån

Modellen for nedskrivning av utlån under IFRS 9 er forklart i detalj i note 12 «Forklaring av modell for nedskrivning etter IFRS 9». I metoden for utrekning av forventa tap (ECL) blir det nytta estimat for sannsynet for misleghald (PD), tap gitt misleghald (LGD) og eksponering ved misleghald (EAD), for alle utlån og unytta kredittar. Det er estimatusikkerheit ved utrekning av forventa tap (ECL), spesielt relatert til fastsetting av PD, men også LGD og EAD.

Uvisse

Måling av forventa tap er kompleks, og leiinga må utøve profesjonelt skjønn for fleire av føresetnadene, som er nytta som input.

For engasjement med modellbasert tap, er usikkerheita i hovudsak knytt til fastsetjing av PD, LGD og EAD. For engasjement i trinn 3, der forventa tap er målt individuelt, er det nytta skjønn ved fastsetjing av føresetnader for framtidige kontantstraumar og verdsetjing av sikkerheiter.

Andre område med estimatusikkerheit er blant anna fastsetjinga av fleire framtidige økonomiske scenario (under dette vektinga av desse), vurdering av vesentleg auke i kredittisiko, og avgjerd for om kriteria for misleghald/kredittforringing er oppfylt.

Stranda eigedelar

Stranda eigedelar vert definert som eigedelar som har redusert eller ingen verdi før utløp av forventa levetid som følgje av endringar i eksterne rammevilkår. Dette inkluderer endring i teknologi, regelverk, marknad eller adferd. Risiko knytt til denne type verdifall vert tatt omsyn til ved fastsetting av omsetningsverdi av panteobjekta. Risiko for førtidig verdifall på sentrale panteobjekt vert kompensert gjennom kortare nedbetalingstid for slike engasjement. Det er etter banken si vurdering ein svært liten del av porteføljen som er av denne kategorien.

Det er også vurdert potensielle stranda eigedelar innan bustadlånporteføljen med tanke på fysisk risiko. Fysisk risiko kan påverke omsetningsverdien negativt gjennom at fare for ras eller flaum kan auke risikoen for skade eller at den vert vanskeleg å omsette. Det er vår vurdering at sjølv om det eksisterer fysisk risiko i porteføljen, er dette først og fremst ein forsikringsrisiko då bustadane er forsikra og inngår i naturskadepoolen til dei ulike forsikringselskapa. Vår samla vurdering er at det ikkje er behov for ekstra nedskrivning knytt til risiko for stranda eigedelar.

Makroøkonomiske scenario

ECL skal bereknast ved vektning av fleire makroøkonomiske scenario. Selskapet har valt tre framtidige makroøkonomiske scenario. Eit forventa scenario med vekt på 50 %, eit pessimistisk makrosenario og eit optimistisk makrosenario, som kvar har vekt på 25 %. Forventa tap vert vekta utifrå utfallet av dei tre scenarioa.

Samanhengen mellom makroøkonomiske parametar og PD har tidlegare blitt gitt av ein modell utvikla av Norsk Regnesentral, der framtidig rentenivå og arbeidsløyse vart nytta til å estimere framtidig misleghaldsnivå for privatkundar. På grunn av den spesielle makroøkonomiske situasjonen vi er inne i, er ikkje modellen godt nok eigna til å predikere det framtidige misleghaldsnivået. Det er difor gjort interne ekspertvurderingar av forventa utvikling i misleghaldsnivået fem år fram i tid, med bakgrunn i effektar frå tidlegare kriser, framskrivingar frå Norges Bank sin Pengepolitiske Rapport og Statistisk sentralbyrå.

Pga. makrosituasjonen er det lagt til grunn ei meir forsiktig vurdering av panteverdiane. Vidare er det gjort bransjusteringar for sannsynet for misleghald for enkelte næringer. Dette er forklart nærare i note 12.

For meir informasjon om senarioa, og effekt på nedskrivingane, sjå også note 16.

Definisjon av misleghald og betalingslette**Massemarknad og engasjement med pant i bustad**

Ein konto vert sett i misleghald dersom kontoen har vore betalingsmisleghalden i meir enn 90 dagar og beløpet ikkje er uvesentleg. Misleghald på ein konto smittar over på alle kunden sine konti i same produktgruppe.

Ein kunde vert sett i misleghald dersom kunden har minst ein konto i misleghald som utgjer meir enn 20 % av den totale eksponeringa mot kunden, eller dersom det vert vurdert som usannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet, utan å realisere trygd, unlikelyness to pay.

Definisjonen på massemarknad er basert på definisjonar etter Basel-regelverket.

Andre engasjement

Ein kunde vert sett i misleghald, dersom minst ein konto er i betalingsmisleghald i meir enn 90 dagar og beløpet ikkje er uvesentleg, eller dersom det vert vurdert som usannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet, utan å realisere trygd, unlikelyness to pay.

Følgjande årsaker kan føre til unlikelyness to pay:

- Individuell nedskriving på kunden
- Konkurs
- Gjeldsordning
- Restrukturering, betalingslette som reduserer verdien av engasjementet med meir enn 1 %
- Realisering av trygd
- Forventning om konkurs eller betalingsmisleghald

Ein kunde, eller konto i misleghald, har ein karanteneperiode på minimum 3 månader.

Ein kunde, eller konto i misleghald, har karanteneperiode på minimum 12 månader ved restrukturering. Det blir lagt til grunn at misleghaldne engasjement er det same som kredittforringa engasjement definert i IFRS 9.

Aldersfordelt betalingsmisleghald**Massemarknad og engasjement med pant i bustad**

Nedskrivning i % av brutto utlån (resultatført)	0,33 %	- 0,11 %	0,07 %
Eigenkapitalavkastning før skatt 1)	10,27 %	14,21 %	14,25 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)	8,84 %	12,14 %	11,77 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)	8,83 %	12,14 %	11,77 %
Totalresultat morbank pr. eigenkapitalbevis (vekta) i kr	19,78	28,41	30,06
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	6,00	9,00	12,00
1) EK-avkastninga er rekna av inng. EK ekskl. hybridkapital			
Soliditet og likviditet			
Kapitaldekningsprosent	20,91 %	21,55 %	23,50 %
Kjernekapitalprosent	18,80 %	19,51 %	21,38 %
Rein kjernekapitalprosent	17,56 %	18,32 %	20,14 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	9,17 %	9,45 %	9,46 %
LCR (Likviditetsindikator)	134 %	121 %	150 %
NSFR morbank			140 %
Balanseutvikling			
Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	6,86 %	3,80 %	3,74 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	4,39 %	3,90 %	- 2,27 %
Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)	7,23 %	6,08 %	7,07 %
Innskot i % av brutto utlån	92,88 %	94,84 %	103,90 %
Tilsette			
Årsverk pr. 31.12.	257	253	262



Resultatrekneskap

i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

MORBANK			KONSERN	
2021	2022		2022	2021
2,16 %	3,16 %	Renteinntekter	3,18 %	2,20 %
0,68 %	1,22 %	Rentekostnader	1,50 %	0,74 %
1,49 %	1,94 %	Netto renteinntekter	1,67 %	1,46 %
0,31 %	0,33 %	Provisjonsinntekter	0,24 %	0,23 %
0,06 %	0,06 %	Provisjonskostnader	0,05 %	0,04 %
0,70 %	0,43 %	Netto vinst på finansielle instrument	0,00 %	0,27 %
0,02 %	0,02 %	Andre inntekter	0,05 %	0,06 %
0,98 %	0,72 %	Netto andre driftsinntekter	0,24 %	0,51 %
2,46 %	2,67 %	Sum inntekter	1,92 %	1,97 %
0,52 %	0,52 %	Løn og andre personalkostnader	0,40 %	0,41 %
0,36 %	0,38 %	Andre kostnader	0,29 %	0,28 %
0,09 %	0,07 %	Av- og nedskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar, og vinst/tap	0,04 %	0,06 %
0,96 %	0,97 %	Sum driftskostnader	0,73 %	0,75 %
1,50 %	1,70 %	Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar	1,19 %	1,22 %
- 0,08 %	0,05 %	Nedskrivning på utlån og garantiar	0,05 %	- 0,06 %
1,58 %	1,65 %	Resultat før skatt	1,14 %	1,28 %
0,23 %	0,29 %	Skattekostnad	0,26 %	0,25 %
0,00 %	0,00 %	Resultat verksemd halde for sal, etter skatt	0,00 %	0,00 %
1,35 %	1,36 %	Resultat for rekneskapsåret	0,88 %	1,03 %
		Andre innrekna inntekter og kostnader		
0,00 %	0,00 %	Resultat finansielle egedelar tilgjengeleg for sal	0,00 %	0,00 %
0,00 %	0,00 %	Estimatavvik pensjon	0,00 %	0,00 %
0,00 %	0,00 %	Andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt	0,00 %	0,00 %
1,35 %	1,36 %	Totalresultat	0,88 %	1,03 %
46 961	49 177	GJENNOMSNI TTLEG FORVALTNINGSKAPITAL	68 515	64 604



Oversikt tillitsvalde i Sparebanken Sogn og Fjordane

STYRET 2022

Medlemmer

Sindre Kvalheim, Måløy (leiar)
Magny Øvrebø, Os (nestleiar)
Monica Rydland, Bergen
Johnny Ivar Haugsbakk, Flekke
Lise Mari Haugen, Askvoll
Geir Opseth, Førde
Marie Heieren, Førde (tilsett)
Ole Martin Eide, Skei i Jølster (tilsett)

GENERALFORSAMLING 2022

Medlemmer frå Nordfjord

Bernt Reed, Breim (leiar)
Ranveig Årskog, Lote

Medlemmer frå Sunnfjord

Brigt Samdal, Eikefjord
Kjersti Østerbø Bell, Viksdalen
Christine Nikøy Rogne, Fjaler
Jakob Andre Sandal, Skei i Jølster

Medlemmer frå Sogn/Bergen

Marit Lunde, Leikanger
Tore Thorsnes, Leikanger
Birgitta Hagen Kyrkjebø, Kyrkjebø

Medlemmer tilsette

Harald Slettvoll, Førde
Roger Svarstad, Måløy
Anita Hagen Læg Reid, Årdal
Ragnhild Helgheim, Byrkjelo
Hege Gåsemyr, Skei i Jølster
Heidi Berge, Bygstad

Eigenkapitalbevisegarrepresentantar

Rolf Kleiven, Dale
Ingunn Sognnes, Leirvik
Randi Engen, Guddal
Harald Kvame, Naustdal
Marit Lofnes Mellingen, Leikanger
Katrine Myklebust, Måløy
Helge Holm Marøy, Sogndal
Frank Kirkebø, Førde
Monika Refvik, Måløy
Jon Rune Heimlid, Stryn

VALKOMITE INNSKYTARVALDE OG STYRET

Medlemmer

Marit Lunde, Leikanger, (leiar)
Marit Lofnes Mellingen, Leikanger
Roger Svarstad, Måløy

Varamedlemmer

1. vara: Jan Nikolai Hvidsten, Førde
2. vara: Hanne Katrine Mundal, Bygstad

Varamedlemmer tilsette

Vara til Marie Heieren: Torunn Steimler, Bergen
Vara til Ole Martin Eide: Jo Dale Pedersen, Florø

Varamedlemmer Nordfjord

Espen Walter Gulliksen, Rugsund

Varamedlemmer Sunnfjord

1. vara: Dagrun Kyrkjebø, Førde
2. vara: Tor Einar Erikstad, Holmedal

Varamedlemmer Sogn og Bergen

Anne Kristin Aarskog, Leikanger

Varamedlemmer tilsette

1. vara: Julie Vårdal Heggøy, Dale
2. vara: Tor Ulsten, Florø

Vara eigenkapitalbevisegarrepresentantar

1. vara: Arne Håkon Laberg, Årdal
2. vara: Margunn Grytten Selvik, Kvammen
3. vara: Kristin Kyrkjebø, Dale
4. vara: Geir Ståle Støfring, Vassenden

VALKOMITE FOR VAL AV EIGENKAPITALBEVISEIGARREPRESENTANTAR

Medlemmer


Monika Refvik, Måløy, (leiar)
Helge Holm Marøy, Sogndal
Rolf Kleiven, Fjaler

Varamedlemmer

1. vara: Marit Lofnes Mellingen, Leikanger
2. vara: Frank Kirkebø, Førde
3. vara: Jon Rune Heimlid, Stryn

Organisasjonskart

pr. 31. desember 2022



Leiargruppa



Stående frå venstre: Eirik Rostad Ness, Harald Slettvold, Roy Stian Farsund, Trond Teigene, Reiel Haugland, Frode Vasseth, Silje Sunde og Gro Skrede Mardal. Framme frå venstre: Linda Vøllestad Westbye og Johanne Viken Sandnes.

Leiargruppa

**TROND TEIGENE**

administrerende direktør

Trond Teigene (1968) er administrerende direktør i Sparebanken Sogn og Fjordane. Det har han vore sidan våren 2016. Han kom frå stillinga som direktør for Strategi og Forretningsutvikling. Teigene har jobba i Sparebanken Sogn og Fjordane sidan 2000. Teigene sit i styret i Balder Betaling AS og Frende Holding AS. Trond Teigene har ein mastergrad i strategisk leing frå Handelshøgskolen BI.

**FRODE VASSETH**

økonomi- og finansdirektør

Frode Vasseth (1977) har vore direktør for økonomi og finans sidan 2013. Han kom frå stillinga som direktør for forretningsstøtte. Vasseth har jobba i Sparebanken Sogn og Fjordane sidan 2002. Vasseth sit i styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, Eiendoms kreditt AS, Norne Securities AS, Fjord Invest Sørvest AS og Fjord Invest AS. Han er utdanna siviløkonom og autorisert finansanalytiker frå Norges Handelshøgskole.

**LINDA VØLLESTAD WESTBYE**

direktør privatmarknad

Linda Vøllestad Westbye (1979) har vore direktør for privatmarknaden sidan mai 2018. Ho kom frå stillinga som avdelingsdirektør i Lotteri- og Stiftelsestilsynet. Ho har tidlegare og jobba i Landsforeningen for Trafikkskadde og ved Universitetet i Bergen. Westbye sit i styret for Egedomsmeikling Sogn og Fjordane AS, Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS og Norsk Tipping AS. Ho har ein mastergrad i sosialantropologi frå Universitetet i Bergen.

**ROY STIAN FARSUND**

direktør bedriftsmarknad

Roy Stian Farsund (1975) har vore direktør for bedriftsmarknaden sidan januar 2021. Han kom frå stillinga som banksjef for bedriftsmarknaden i Sunnfjord. Farsund starta i banken i 2008 og har tidlegare jobba i Nordea. Farsund har ein mastergrad i strategisk leing frå Handelshøgskolen BI, og sit i styret i Sparebank 1 Finans Midt-Norge AS.

**SILJE SUNDE**

direktør forretningsstøtte

Silje Sunde (1980) har vore leiar for forretningsstøtte sidan november 2017, og vart direktør for avdelinga i juli 2022. Ho kom frå stillinga som Datavarehusarkitekt og har jobba i banken sidan 2015. Ho har tidlegare jobba i Accenture og Capgemini. Ho har eit dedikert ansvar med å følgje opp Kvinner i Finans Charter. Sunde har master i teknologi frå NTNU.



GRO SKREDE MARDAL

kredittsjef

Gro Skrede Mardal (1974) har hatt ansvar for kredittområdet i banken sidan 2013. Ho kom frå stillinga som controller for bedriftsmarknad og har jobba i banken sidan 1998. Mardal er utdanna siviløkonom frå Norges Handelshøyskole.



REIEL HAUGLAND

direktør teknologi

Reiel Haugland (1981) har vore direktør for teknologi sidan 2016. Han kom frå stillinga som fagsjef forretningsutvikling. Han har jobba i banken sidan han starta som trainee i 2007. Haugland sit i styret til Egedomsmeikling Sogn og Fjordane AS, IT-Forum Vest og er medlem i Advisory Board i NCE Finance Innovation. Han har ein bachelor frå Høgskulen i Volda og ein mastergrad i teknologi og innovasjon frå Norges Handelshøyskole.



HARALD SLETTVOLL

leiar for risiko og etterleving

Harald Slettvoll (1974) har vore leiar for risiko og etterleving sidan 2017. I perioden 2008-2016 arbeidde han også med risikostyring i banken, i tillegg til at han i seks av åra var dagleg leiar for dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Før han vart tilsett i banken, arbeidde han som høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Slettvoll tok utdanninga si som samfunnsøkonom ved Universitetet i Bergen.



EIRIK ROSTAD NESS

HR-direktør


Eirik Rostad Ness (1969) har vore direktør for HR sidan 2017. Han kom frå stillinga som hovudtillitsvald i banken. Han har jobba i banken sidan 2009. Han har tidlegare jobba som landssekretær i Norges Røde Kors og rådgjevar i Barne- og familie-departementet og i Stiftelsestilsynet. Han sit i styret i Egedomsmeikling Sogn og Fjordane AS og er medlem i Finans Norge sitt Hovedutval for arbeidsliv. Han har ein Cand. polit. grad i Samfunnsgeografi frå Universitetet i Oslo.



JOHANNE VIKEN SANDNES

kommunikasjonsdirektør

Johanne Viken Sandnes (1983) har vore leiar for marknad og kommunikasjon sidan mai 2018. Ho vart kommunikasjonsdirektør i juli 2022. Sandnes starta i banken i november 2017, og har tidlegare jobba som kommunikasjonsrådgjevar i TV 2 og i Knowit. Sandnes sit i styret i Framtidsfylket. Ho har ein bachelor frå Høgskulen i Volda, og starta på Master of management-programmet på BI hausten 2022.



Berekraftsvedlegg

2022



Nærare informasjon om Sparebanken Sogn og Fjordane sitt berekraftsarbeid

Innhald

133	Taksonomirelatert informasjon
134	Klimarisiko (TCFD)
140	Interessentanalyse
144	Økonomisk kriminalitet
146	Våre tilsette
151	Klima og miljø
153	GRI-indeks
157	Energi- og klimarekneskap 2022

Taksonomirelatert informasjon

EUs handlingsplan for berekraftig finans Sparebanken Sogn og Fjordane ynskjer å ta ei aktiv rolle som drivkraft for berekraftig finans i vårt område, og tilpasse oss EU sin handlingsplan for berekraftig finans, inkludert EU sin taksonomi. Vi har utarbeida forventningar og krav knytt til dette overfor kundane våre og ønskjer på denne måten å bidra til målet om netto-null-klimautslipp innan 2050. Vi har òg integrert klima- og miljøomsyn, sosiale omsyn, respekt for menneskerettar og økonomisk ansvar i forretningsaktivitetane våre for å bidra til berekraftig utvikling av samfunnet.

EU sin handlingsplan for berekraftig finans gjenspeglar at finanssektoren si rolle i utviklinga av samfunnet vil endrast for å støtte agendaen for global berekraft. Sparebanken Sogn og Fjordane skal og vil vere ein viktig aktør når det gjeld å støtte og legge til rette for ein berekraftig utvikling av regionen. Vi vil òg arbeide for å formidle kunnskap og kompetanse til kundane våre og andre interessentar, slik at dei kan ta berekraftige val i sine investeringar.

Korleis blir SSF treft av EUs taksonomi?

Taksonomien skal vere eit verktøy for å klassifisere miljømessig berekraftige økonomiske aktivitetar i samband med investeringar og finansielle produkt. Regelverket inneheld rapporteringskrav for store børsnoterte selskap og finansinstitusjonar, som vil seie at banken ikkje må rapportere på taksonomien. SSF er i dag ikkje underlagd krav til offentleggjering av ikkje-finansiell informasjon etter rekneskapslova. I følgje regjeringa si forslag til ny lov om offentleggjering av berekrafts-informasjon i finanssektoren, vil børsnoterte selskap og finansinstitusjonar med over 500 tilsette måtte rapportere i samsvar med taksonomiforordninga frå det tidspunktet lova trer i kraft i Noreg, som er 1. januar 2023. I påvente av dei komande lovkrava har SSF likevel igangsett fleire initiativ knytt til mellom anna innhenting av data og kartlegging av ESG-risiko på bedriftsmarknaden.

Banken finansierer egedelar for næringslivet i regionen vår som oppfyller taksonomikrava slik at banken kan nytte desse egedelane til å utferde grøne obligasjonar. Desse tilfredsstillar EU sitt grøne obligasjonsrammeverk (European Green Bond Standard) og er etterspurt blant eksterne investorar.

Taksonomien vil utviklast betydeleg i åra som kjem, og har no eit avgrensa omfang. Det er difor viktig å vere oppmerksom på at dagens taksonomi ikkje er ein fasit på kva som kan bidra positivt til omstillinga, men heller eit viktig første steg mot ei felles forståing av kva aktivitetar som kan klassifiserast som berekraftige. Gjennom våre grøne produkt bidrar vi i SSF til å kanalisere kapital inn i berekraftige aktivitetar. Det grøne rammeverket vårt er nyleg oppdatert for å sikre at våre kriteriar for grøne lån er harmoniserte med taksonomien sine vilkår.

Slik jobbar SSF med EUs taksonomi

Taksonomien inneheld rapporteringskrav, nøkkelindikatorar og malar både for finansinstitusjonar og andre typar selskap. For oss som finansinstitusjon, vert «den grøne brøken» (Green Asset Ratio, GAR) den mest sentrale nøkkelindikatoren. Denne viser kor stor andel av banken si utlånsportefølje som er gitt til aktivitetar som er definerte som grøne etter taksonomien. Vårt viktigaste bidrag er å utfordre, stille krav og endre åtfærd hos kundane våre slik at transformasjonen skjer raskare enn i dag.

Foreløpig resultat av arbeidet med taksonomien I 2022 har vi arbeidd med å gjere ei kartlegging av både interne og eksterne datakjelder, for å rekne ut kor stor del av våre totale utlån som er omfatta av taksonomi-regelverket, slik at vi kan få ein indikasjon på vår grøne brøk. Bustadlån utgjer om lag 76 prosent av den totale utlånsboka vår ved utgangen av 2022, og det meste av dette vil vere omfatta av taksonomiregelverket.

Datagrunnlaget for bustadlån er relativt påliteleg, då banken sitt grøne rammeverk er tufta på kriteriane i taksonomien. Ifølgje taksonomien er bustadar (1) bygde i 2012 eller seinare, eller (2) bustadar bygd før TEK10 som har energimerking A eller B; i tråd med kriteria. Bustadlån som kvalifiserer som grøne er på om lag 6,8 milliardar NOK, som er ca. 15 prosent av totale utlån til privatbustadar i konsernet.

For bedriftskundane har vi gjort ei individuell vurdering av kvart kredittengasjement. Utrekningane syner at i utlånsporteføljen til bedriftsmarknaden er 29 prosent kvalifisert som grøne. Meir detaljert om desse utrekningane, kan sjåast i tabellen under.

	Kvalifisert masse	Utferda obligasjonar	Tilgjengeleg masse	Totalt i konsernet	Andel
NOKmrd					
<i>Privatmarknad</i>					
Bustadlån	6,8	1,9	4,9	46,0	15%
Totalt	6,8	1,9	4,9	46,0	15%
<i>Bedriftsmarknad</i>					
Havbruk og oppdrett	1,9	0	1,9	2,5	76%
Nærings eigedom	1,4	0	1,4	4,7	30%
Kraftproduksjon	0,7	0	0,7	0,7	100%
Sosiale engasjement	0,2	0	0,2	0,2	100%
Andre næringar	0,0	0	0,0	6,4	-
Totalt	4,2	0	4,2	14,5	29%

Klimarisiko (TCFD)

Task Force on Climate-Related Financial Disclosures (TCFD) er eit veletablert rammeverk for klimarisiko-rapportering for bankar og finansielle institusjonar. Det har eit sett med konkrete anbefalingar for rapportering om klimarelaterte risikoar og moglegheiter. Målet er å hjelpe investorar og andre interessantar med å forstå banken sine potensielle risikoar og moglegheiter i eit skiftande klima. Gjennom å rapportere etter TCFD-rammeverket, viser banken si forplikning til å ta tak i klimarelaterte risikoar og utnytte moglegheiter i ein lågutsleppsøkonomi.


Tabellen under gir eit overblikk over anbefalingane i TCFD-rammeverket:

Kapittel 1: Styling	Kapittel 2: Strategi	Kapittel 3: Risiko-styling	Kapittel 4: Mål og metodar
Styling av klimarisiko og moglegheiter	Identifisering og vurdering av klimarisiko i strategi og finansiell planlegging	Integrering av klimarisiko i banken si risiko-styling	Metodar og mål for vurdering av klimarelaterte risikoar og moglegheiter

Styling

Styret sitt oppsyn med klimarelaterte risikoar og moglegheiter

Styret i Sparebanken Sogn og Fjordane sikrar at det årleg vert gjennomført ein omfattande strategi-prosess som definerer konsernet sine visjonar, mål og tiltak. Gjeldande hovudstrategi, *Strategi og handlingsplan 2023*, vart vedteken av styret i november 2022. Denne tek føre seg tre strategiske satsingsområde, kor eitt av områda er å ha berekraft som ein del av ryggmargen.




Styret vedtar banken sin kredittpolitikk og kredittstrategi, og kredittutvalet vedtar retningslinjer, handbøker og policyar som dannar grunnlaget for den interne risikostylinga. Klimarisiko er innarbeidd i desse dokumenta for å sikre at omsynet til berekraft er knytt opp i mot banken si verksemd. Banken sin berekraftsstrategi er forankra og vedtatt i styret, og legg føringar for operativt arbeid med klimarisiko innanfor dei ulike fagområda. Samla gjev styrings- og strategidokumenta ei overordna retning for banken i arbeidet med klimarelatert risiko.

Ei beskriving av leiinga si rolle i vurderinga og styringa av klimarelaterte risikoar og moglegheiter. Kredittutvalet har hovudansvaret for å handtere klimarisiko relatert til banken sin låneaktivitet, produkt og tenester og driftsaktivitetar. Dei rapporterer til styret kvart halvår og har ansvar for vurdering og handtering av klimarelaterte risikoar og moglegheiter.

Konsernleiinga er drivaren av den årlege strategi-prosessen, og har ansvar for at klimarelaterte faktorar inngår i dei ulike fagavdelingane sine mål og tiltak. Konsernleiinga får kvartalsvise oppdateringar om statusen på berekraftsarbeidet i ulike fagavdelingar frå berekraftsgruppa, som består av sju tilsette frå ulike avdelingar i banken. Berekraftsgruppa har eit særskilt ansvar for gjennomføring av tiltaka innanfor fagmiljøa. Ein organisasjonsstruktur for klimarisiko er presentert under.

Avdelinga for risikostyling og etterleving har ansvar for at klimarisiko er inkludert i det overordna rammeverket for risikostyling og viktige styringsdokument på risikoområdet.



Strategi

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt. Banken har vurdert klimarelaterte risikoar og moglegheiter på kort, mellomlang og lang sikt. Banken er spesielt utsett for fysisk- og overgangsrisiko. Den største risikoen ligg i utlånsporteføljen, spesielt på bedriftsmarknad i bransjar som landbruk, eigedom, bygg og anlegg, fiskeri og havbruk og industri. For å handtere risikoen, har banken vurdert korleis fysisk og overgangsrisiko vil påverke arbeidet vårt i privat- og bedriftsmarknaden, med særleg fokus på kredittrisiko. Banken har identifisert at overgangsrisiko vil ha ein større påverknad enn fysisk risiko på kort- til mellomlang sikt. Tidshorizontane er basert på banken sin strategiperiode, og nasjonale og internasjonale mål for klimareduksjon.

Nytta fasar	Tids-horizont	Skildding av tidshorizont
Kort sikt	1-5 år	Banken si strategiperiode (Berekraftsstrategi 2022-2024)
Mellomlang sikt	5-10 år	Tidshorizont reflekterer Norge sine mål om å redusere utslepp av klimagassar med 55 prosent innan 2030
Lang sikt	10-30 år	Tidshorizont reflekterer Parisavtalen sitt mål om nullutslepp innan 2050

Banken har ei viktig rolle i å identifisere og handtere klimarelaterte risikoar og moglegheiter. Dette krev grundig vurdering av faktorar som geografisk plassering, bransje og eksponering for fysisk og overgangsrisiko. Vi arbeider kontinuerleg med å forbetre forståinga av desse utfordringane, for å sikre at vi er best mogleg rusta til å handtere dei.

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter på bedriftsmarknaden som banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt. Banken har kartlagt klimarelaterte risikoar og moglegheiter i bedriftsmarknaden. Det er generelt sett lågare risiko på kort og mellomlang sikt. Dette skuldast at banken ikkje finansierer fossil energi-produksjon og har ei utlånsportefølje med relativt låg eksponering mot industriar som er avhengige av fossil energi, som for eksempel utanriks sjøtransport. Dei største bransjane i porteføljen til banken er eigedom, landbruk, fiskeri og havbruk (rundt 60 % av utlånsporteføljen). Desse bransjane er vurdert til å ha noko overgangsrisiko, men spelar samstundes ei svært viktig rolle i eit nullutsleppssamfunn.

På lang sikt vurderer banken klimarisikoen som moderat. Dette skuldast usikkerheit om korleis klimapolitikk og teknologiutvikling vil påverke ulike bransjar i porteføljen. Banken vil halde fram med å

følgje utviklinga og tilpasse kredittgjevinga om nødvendig.

For å redusere klimarisikoen på BM tilbyr banken *Grønt næringslån*. Dette gjev bedriftskundane insentiv til å gjere berekraftige investeringar, som reduserer klimarisikoen og vårt indirekte klimagassutslepp. Dette er eit godt døme på ein klimarelatert moglegheit for banken i arbeidet med klimarisiko framover.

Ei oversikt over avdekka potensielle klimarelaterte risikoar og moglegheiter for BM:

Kort sikt	På kort sikt kan bedriftskundane stå ovanfor risiko frå ekstreme vêrhendingar som kan skade fysiske eigedelar og hindre normal drift. Dette kan spesielt påverke kundar i f.eks. landbruk-, fiske- og havbruksnæringane, ved at dei kan få svekka evna til å produsere avlingar, fiske og oppdra sjømat. På den andre sida, har banken moglegheit til å finansiere prosjekt som hjelp kundane med å tilpasse seg verknadane av klimaendringane, f.eks. ved å gi lån til fornybar energiproduksjon eller andre kystverntiltak.
Mellomlang sikt	På mellomlang sikt kan banken stå ovanfor utfordringar i forhold til endringar i marknadsetterspurnaden og regulatoriske endringar som følgje av ein overgang til eit lågutsleppssamfunn. Eit døme på dette kan vere investering i nullutsleppsfartøy/køyretøy, dersom det skulle skje eit raskt skifte frå fossilt brensel. Banken har difor moglegheit til å finansiere framveksten av nye lågkarbonindustriar som for eksempel fornybar energi.
Lang sikt	På lang sikt kan banken møte risiko for dei fysiske konsekvensane av klimaendringar, som havnivåstigning eller hyppigare og alvorlege naturkatastrofar. Desse hendigane kan påverke banken si verksemd og eigedelar, samt kredittverdigeita til bedriftskundane. Banken har moglegheit til å støtte overgangen til eit lågutsleppssamfunn og posisjonere seg for langsiktig suksess i eit klima i endring. Forventningane om meir ekstremvær i regionen vår kan gje moglegheiter for ytterlegare utbygging av grøn energi som til dømes vasskraft og bølge- og vindkraft. Samstundes er det knytt usikkerheit til verknadar av klimapolitikk og teknologiutvikling i dei ulike bransjane.

BEREKRAFTSVEDLEGG

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter på privatmarknaden som banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt

Banken sine risikovurderingar viser låg klimarisiko i utlånsporteføljen på privatmarknaden på kort og mellomlang sikt. På lang sikt er det identifisert ein moderat risiko, hovudsakleg på grunn av hyppigare ekstremvær og havnivåstigning. PM er mest utsett for jordskred og flaum. For å redusere klimarisikoen, tilbyr banken Grønt bustadlån for kundar med energieffektive bustader (energimerking A eller B), samt Klimalån for kundar som ønskjer å oppgradere bustaden meir energieffektivt. Føremålet til produkta er å gi kundane pris-insentiv til å investere i grøne løysingar for bustadane, samstundes som banken reduserer klimagassutsleppa indirekte.

Ei oversikt over avdekkede potensielle klimarelaterte risikoar og moglegheiter for PM:


Kort sikt	På kort sikt kan ekstreme vêrhendingar som flaum, jordskred og stormar skade eigedommar og anna infrastruktur, og føre til økonomiske kostnader for kundar med bustadlån. Overgangen til ein lågkarbon-økonomi kan påverke verdien av eigedelar som t.d. køyretøy med fossilt brensel, og dermed kundane sine evner til å betale for seg. Banken kan få auka omdømerisiko, som kan svekke banken si evne til å tiltrekke og behalde klimabevisste kundar.
Mellomlang sikt	På mellomlang sikt kan klimaendringar føre til hyppigare og alvorlegare vêrhendingar, endringar i etterspurnaden etter energi-effektiviserande løysingar og teknologiar, og nye reguleringar og insentiv for å føre til eit lågutsleppssamfunn. Banken har forretningsmoglegheiter i å leggje til rette for at kundane våre kan ta i bruk energi-effektiviserande løysingar gjennom grøne produkt. Døme på ei politisk risiko kan vere endringar i TEK-forskrifta, som kan endre etterspurnaden til bustadar som oppfyller desse kriteria.
Lang sikt	På lang sikt vil dei potensielle verknadene av klimaendringar bli meir merkbare og utbreidde, og risikoen blir meir betydeleg. Fysiske risikoar, som skader på eigedommar og infrastruktur, vil utgjere ein større trussel i enkelte bustadområde. Dette kan utgjere ein mogleg risiko for verdivurderingar av bustader i banken sitt kredittarbeid. Det er derfor viktig at banken i framtida utfører ei større kartlegging av lokalisering av pantsette bustadar, slik at denne risikoen vert redusert.

Bedrifts- og privatkundar er nøyddede til å vite kva risikoar og moglegheiter som føreligg når dei tek økonomiske avgjerder, og det er viktig for banken å samarbeide med kundane for å avdekke og redusere eventuelle negative økonomiske konsekvensar.

Betydinga av klimarelaterte risikoar og moglegheiter for banken si drift, strategi og finansielle planlegging

Sparebanken Sogn og Fjordane er ein regional sparebank som har ein integrert verdikjede for produksjon, utvikling og formidling av finansielle produkt og tenester. Dei viktigaste forretningsområda våre er utlån til privat- og bedriftskundar og tradisjonelle banktenester som sparing og distribusjon av tenester som leasing, lån til køyretøy, forsikring, fond og eigedomsmekling.

Samanhengen mellom klimarelaterte risikoar, moglegheiter og strategisk og finansiell planlegging er illustrert under:



Privatmarknad

På grunn av klimarelaterte risikoar har det blitt sett i verk mål og tilhøyrande tiltak som retter seg mot delar av bustad-portefølja med lågare energimerke enn B. Privatmarknaden har som mål å auke talet på bustader med energimerke B eller høgare, og målet vårt er 2,5 milliardar kroner i grøne bustadlån og klimalån innan utgangen av 2023. Dette har vi lagt på agendaen i strategien vår, i tillegg til å gi kundane moglegheit til å ta bevisste val for klimaet og miljøet, gjennom å tilby spareprodukt med ein berekraftig profil, samt grøne fond og grøne sparekontoar for privatkundar.

Bedriftsmarknad

Sidan 2018 har banken hatt ein berekraftsvurdering for alle nye kredittsaker med engasjement på over 10 millionar kroner. Med aukande fokus på klima risiko, har banken vedteke fleire strategiske mål og tiltak for bedriftsmarknaden i 2021, som vart revidert mot slutten av 2022.

BEREKRAFTSVEDLEGG

Banken har i løpet av 2022 utarbeidd *policy for samfunnsansvar og berekraft for bedriftsmarknaden*. Policyen skal gje retning for banken sin innsats for å vere ei drivkraft for berekraftig utvikling av næringslivet i regionen. Den skal gje eit klart bilde av kva aktivitetar og verksemder banken ikkje ønskjer å finansiere, generelle krav og forventningar, samt spesifikke krav og forventningar på bransjenivå.

I tråd med berekraftsstrategien, har banken mål om å ha 300 millionar kroner i grønne næringslån innan utgangen av 2023. Per 31. desember 2022 hadde banken 34 millionar kroner i grønne næringslån. Framover vil banken arbeide med å utvikle omfanget av vilkåra for grønne næringslån, slik at volumet aukar.

I 2022 starta banken arbeidet med å identifisere bransjespesifikke aktivitetar som kan klassifiserast som berekraftige etter EU-taksonomien. Gjennom oppdatert rammeverk for utferding av grønne obligasjonar, vart det identifisert at over 4 milliardar kroner av samla utlån til bedriftsmarknaden kvalifiserte som grønne etter EU-taksonomien, og rundt 7 milliardar kroner av bustadlåna banken har lånt ut. Banken vil følgje utviklinga og rapportere på dette framover. Meir om dette kan du lese i vedlegget «taksonomirelatert informasjon» i årsrapporten.

Ulike scenario si potensielle påverknad på banken sin drift, strategi og finansielle planlegging, inkludert eit 2-grader-scenario

Vi har starta arbeidet med å vurdere ulike scenario og potensielle påverknader på banken si drift, strategi og finansielle planlegging, inkludert eit scenario der den globale temperaturen aukar med meir enn 2 grader. Sidan dette er første året vi rapporterer etter TCFD-anbefalingane, har vi enno ikkje tilstrekkeleg data til å kunne gje ei fullverdig analyse på dette. Vi planlegg å gjennomføre ei grundig analyse i løpet av 2023, med ei auka forståing.

Risikostyring

Ei beskriving av prosessane banken nyttar for å identifisere og vurdere klimarelatert risiko. Klimarelaterte risikoar vert vurderte på same måte som andre risikoar i banken sin kredittprosess, spesielt på BM. Frå 2018 har banken hatt berekraftsvurderingar av kredittsaker over 10 millionar kroner, og frå 2021 vart dette systematisert gjennom ein ESG- og klimarisikomodul i kredittsaker for bedriftskundar. Modulen inneheld generelle og bransjespesifikke spørsmål om berekraft og etterleving av miljø- og klimakrav og eit scoringssystem. Bedriftskundar med kredittengasjement over 3 millionar kroner etter innsendt søknad, skal gjennomgå denne. Analysen er eit viktig vurderingskriterium for banken si kredittvurdering. Banken har fokus på klimarisiko, for å unngå økonomiske tap og stranda eignedelar.

Ei beskriving av korleis banken handterer klimarelatert risiko. Sparebanken Sogn og Fjordane har fleire prosessar for å kontrollere, akseptere og motverke klimarelaterte risikoar. Kredittsaker med høg ESG- og klimarisiko vert eskalert i beslutningsprosessane. Banken reviderte ESG- og klimarisikomodulen hausten 2022 og har som mål å kartlegge klimarisiko på porteføljenivå i 2023. I banken si eiga drift vil vi følge opp klimautsleppa gjennom årlege målingar og arbeide for å tilpasse oss måla i Parisavtalen. Klimarisiko skal følgjast opp gjennom porteføljeanalyser, stresstestar og scenarioanalyser for å nå interne mål og andre berekraftsmål.

Korleis prosessar for å identifisere, vurdere og handtere klimarelatert risiko er integrert i banken si heilskaplege risikostyring. Klimarisiko er inkludert i banken sine styringsdokument for risiko og kreditt. Dette er handtert på styrenivå, og det føreligg klare retningslinjer for å vurdere og handtere konsekvensar av klimændringar. Dette er særleg viktig for bedriftsporteføljen, som er mest utsett for klimarisiko. Risikostyring og etterleving har ansvar for å inkludere klimarisiko i det overordna risikostyringsrammeverket.

Berekraft skal vere inkludert i alle risikostrategi-områda. Berekraftsgruppa har klimarisiko på agendaen og sikrar at dette blir eit fokus i alle fagområda i banken. Prosessar for å identifisere, vurdere og handtere klimarisiko er godt integrert i den overordna risikostyringa, og vil følgje utviklinga. Framover vil banken halde fokus på dette, og gradvis fokusere på naturrisiko. Dedikerte ressursar i berekraftsgruppa skal følgje opp dette.

Mål og metodar

Beskriving av metodane banken nyttar for å vurdere klimarelaterte risikoar og moglegheiter i lys av strategien og prosessar for risikostyring

Privatmarknad

På privatmarknaden gir grønne produkt som grønt bustadlån, klimalån og elbillån eit grunnlag for å evaluere klimarelaterte moglegheiter og risiko. Banken følgjer opp salet av desse låna regelmessig. Ved å samanlikne salet av grønne lån med tradisjonelle bil- og bustadlån, har banken ein enkel metode for å måle resultatet. Til dømes kan forskjellen mellom faktisk og estimert salstilvekst i den grønne bustadlånsporføljen nyttast som eit måltal for å vurdere om det kan vere risiko knytt til banken sitt potensiale for å utferde grønne obligasjonar i framtida.

Bedriftsmarknad

I 2022 starta banken måling av utsleppa i låneporteføljen ved å nytte karbonrelatert kreditteksponering. Vi arbeider for å finne metodar for

BEREKRAFTSVEDLEGG

å berekne utsleppa i banken si låneportefølje (scope 3) og har hatt dialog med andre banker. På noverande tidspunkt har vi gjort ei estimering av utsleppa basert på SSB sine data, men dette er ein metode med låg datakvalitet. Vi ønskjer å rapportere utsleppa med høgare kvalitet og vil følgje med på arbeidet i Finans Norge og PCAF for å finne den beste metodikken.

Berekninga viser at banken er mest eksponert for klimautslepp i bransjane landbruk, fiskeri og havbruk og industri. Landbruk og industri står åleine for ca. 70 prosent av det totale utsleppet i utlånsporteføljen på bedriftsmarknaden. Banken sine utlån til desse to bransjane utgjer ca. 17 prosent av den totale utlånsporteføljen.

Basert på SSB-tabellar 09288 og 08116	Totalt utslepp til luft i Norge (1000 tonn CO ₂ -ekv) 2022	SSF – andel av totalt utlån i Norge 2022	Tonn CO ₂ -ekv per MNOK utlån	BM utslepp for SSF (1000 tonn CO ₂ -ekv)
Landbruk	5 063	2,51 %	79,8	126,94
Fiskeri og havbruk	918	3,21 %	10,4	29,50
Industri, bergverksdrift og utvinning	12 501	0,80 %	125,6	100,32
El-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning	3 091	0,96 %	42,4	29,73
Bygg- og anleggsverksemd	2 186	0,57%	10,5	12,46
Omsetning og drift av fast eigedom	85	0,57 %	0,1	0,48
Transport elles og lagring, rørtransport	3 588	0,33 %	29,2	11,86
Varehandel, reparasjon av motorvogn	1 104	0,83 %	12,3	9,19
Tenesteytande næringer elles	508	0,12 %	2,5	0,59
Overnattings- og serveringsverksemd	116	3,26 %	5,1	3,78
Anna	10	2,89 %	0,4	0,29
Alle næringer	29 170	0,82 %	22,8	325,14

Metoden sine avgrensingar
Modellen går ut frå eit samla utslepp for ei gitt samansetning av ei rekkje underliggjande næringer innan ein næringsklasse. Avvik i næringer er ikkje tekne med i modellen og omsyn til regionale skilnader i utslepp og individuelle skilnader mellom selskap er ikkje inkludert. Metoden har usikkerheiter og gjer det vanskeleg å samanlikne ulike bankar si karboneksponeering.

Resultat og vidare arbeid
Utrekninga gir oss innsikt i bransjane med høgaste utslepp og størst utslepp per MNOK utlån. Dette bidreg til å rette merksemd mot dei bransjane med høgast utslepp, og det er naturleg å gje desse bransjane første prioritet i handlingsplanar for utsleppsreduksjon mot 2030 og 2050.

Eiga drift

Banken måler sitt eige klimagassutslepp i samsvar med GHG-protokollen, og har gjort det sidan 2019. Rekneskapan for 2022 viser ein reduksjon i utsleppa frå eiga drift. Det har vore ein auke av utslepp på grunn av tenestereiser etter pandemien, men samtidig har utslepp frå avfall og energibruk blitt redusert. Banken har lagt ein plan for å redusere utsleppa i tråd med langsiktige målsetnader, og rapporterer utsleppa i samsvar med den internasjonale standarden utvikla av The Greenhouse Gas Protocol Initiative. Rekneskapan blir utført av CEMAsys, og i 2022 vil banken rapportere fullstendig på alle scopes i klimarekneskapan, med atterhald om at utslepp i utlånsportefølje har ein låg datakvalitet. Les meir om dette i energi og klimarekneskap.

Ei beskriving av måla banken nyttar for å handtere klimarelaterte risikoar og moglegheiter og resultat i forhold til mål

Banken har som mål å integrere klimahandtering i alle aspekt av drifta. Vår hovudstrategi og berekraftsstrategi legg føringar for å handtere klimarelaterte risikoar og moglegheiter, og å arbeide mot måla om å bli klimanøytrale innan 2050. Dette vil innebere endringar i fleire delar av drifta vår. I denne delen legg vi fram resultat i forhold til klimarelaterte mål som banken har sett.

Mål	Resultat (status 31.12.22)
Vi skal i løpet av 2023 har utferda over 5 mrd. i grønne OMF-ar og 1 milliard i grønne seniorobligasjonar	Grønne OMF-ar: 1,9 mrd Grønne seniorobligasjonar: 200 mill



BEREKRAFTSVEDLEGG

Privatmarknad

Banken har hatt som mål å ha eit godt utval av produkt som stimulerer til berekraftige investeringar. Vi har sett ei svært positiv utvikling i volum grøne produkt det siste året.

Mål	Resultat (status 31.12.21)	Resultat (status 31.12.22)
Vi skal i løpet av 2023 ha 2,5 mrd. kr i grøne bustadlån og klimalån	Grønt bustadlån: 730 mill. kr Klimalån: 1,5 mill. kr	Grønt bustadlån: 2,60 mrd. kr Klimalån: 7 mill. kr

Banken har i tillegg hatt auka fokus på berekraft for kundar og banken sine rådgjevarar. Kunde-rådgjevarar på privatmarknaden har gjennomført e-læringskurs om klimarisiko. Berekraft har òg vore tema på fagsamlingar for kunderådgjevarane, spesielt innanfor fond og sparing.

Bedriftsmarknad

Som nemnt ovanfor er det for utlånsporteføljen på bedriftsmarknaden at vi har dei største klimarelaterte risikoane og moglegheitene. Vi har gjennomført ESG- og klimarisikoanalysar på kredittsaker over 3 MNOK i engasjement. Basert på desse fordelar ESG- og klimarisikoen slik:

Klassifisering Klimarisiko og ESG	Volum utlån	i % av utlån til BM
Høg risiko	23 559 076	0,20%
Moderat risiko	2 771 133 490	18,10%
Låg risiko	5 425 414 493	35,5%
Svært låg risiko	720 918 451	4,70%
Ikke klassifisert	6 328 622 348	41,40%
Sum utlån til BM	15 269 647 858	100%

Frå berekraftsstrategien hadde vi som mål at *vi skal ha kompetanse til å rådgje bedriftskundar i berekraftsarbeidet*, med tiltak om å gjennomføre opplæring av rådgjevarar hausten 2022. I år har dei tilsette på bedriftsmarknaden fått e-læringskurs om klimarisiko, og 50 av 65 har fullført dette. I oktober 2022 dedikerte banken to dagar til fagsamling for dei tilsette på bedriftsmarknaden kor temaet for samlinga var ESG- og klimarisikomodul – i samband med at det vart revidert med nye og forbetra spørsmål. På denne samlinga deltok 25 av 26 representantar, og det vart tilgjengeleggjort eit opptak som alle kunne sjå i etterkant.

Vi har kartlagt og estimert klimagassutsleppa i utlånsporteføljen. Dette har vore nyttig for banken i arbeidet med å sette inn trykket med utvida krav og forventningar til utsleppstunge bransjar. Dette er eit arbeid som vil fortsette i 2023, der vi ynskjer å lage meir detaljerte bransjemessige mål for reduksjon av utslepp mot 2030 og 2050. Meir informasjon om krav og forventningar til våre bransjar kan ein finne i *Policy for samfunnsansvar og berekraft på bedriftsmarknaden* i banken sitt berekraftsbibliotek.

Andel av utlånsporteføljen som kan definerast som berekraftig i samsvar med EUs taksonomi, kan ein lese om i kapittel om taksonomirelatert informasjon.

Eiga drift

Banken har som mål å vere fossilfri innan 2030. Scope 1-utslepp som omhandlar forbruk av fossilt brensel, hadde i 2022 ein nedgang på 3,7 tCO₂e, som er ein reduksjon på 25 %. Dette kjem hovudsakleg av at banken har fjerna nokre fossilbilar. For scope 2-utslepp, elektrisitet, hadde banken ein reduksjon på 181,1 MWh frå 2021 til 2022. Banken kjøpte opphavsgaranti for straumforbruket vårt i 2022. For scope 3-utslepp, tenestereiser, hadde banken ein auke på 78,1 % samanlikna med 2021. Samanhengen er auka reiseverksemd på grunn av opninga av samfunnet etter pandemien.

Banken vart resertifisert som Miljøfyrtårn i 2022.


Interessentanalyse

Banken jobbar kontinuerleg med interessentdialog. Dette omfattar mellom anna å identifisere interessentar, innhente innspel og integrere desse i drifta, og å kommunisere ut informasjon som er vesentleg for interessentane. Dialog og samarbeid med ulike interessentar er essensielt for at banken skal nå sine ambisjonar, behalde tillitt og ha eit godt omdøme i samfunnet.

Vi i Sparebanken Sogn og Fjordane er overbevist om at vi må imøtekomme interessene til eit breitt spekter interessentar, så vel som eigarane. For å lukkast med det er vi avhengig av interessentdialogen. For å sikre ein god interessentdialog, nyttar vi fleire verktøy, mellom anna spørje undersøkingar blant kundar og tilsette, og møter på forskjellige arenaer.

Oversikt over interessentar

Tabellen nedanfor viser grupper vi har definert som banken sine interessentar, oversikta er ikkje uttømmende.





BEREKRAFTSVEDLEGG

Vi har kartlagt interessentane våre, kva tema dei er opptatt av og listar nedanfor opp korleis vi arbeidar med nokon av interessentgruppene.

INTERESSENTGRUPPE	TEMA INTERESSENTANE ER OPPTATT AV	MØTEPLASS FOR DIALOG
Kundar <ul style="list-style-type: none">- Personkundar- Bedriftskundar- Lag og organisasjonar	<ul style="list-style-type: none">- Pris og vilkår- Sponsing og samfunnsansvar- Gode digitale løysingar- Lokal forankring- Økonomisk kompetanse- Open og etisk forretningsførsel- Klima og miljø	<ul style="list-style-type: none">- Kundemøter- Kundeundersøkingar- Dialog om berekraft i kredittsaker- Webinar, seminar og konferansar- ESG vurdeingar i kreditt saker til næringslivet- Sosiale medier
Tilsette <ul style="list-style-type: none">- Morbank- Dotterselskap- Tillitsvalde- Verneombod	<ul style="list-style-type: none">- Arbeidsvilkår- Arbeidsmiljø- Samfunnsansvar- Likestilling og mangfald- Personleg utvikling	<ul style="list-style-type: none">- Opplæring og kurs- Ulike arbeidsmøter og arbeidsgrupper- Medarbeiderundersøkingar- Årlege samlingar
Eigarar <ul style="list-style-type: none">- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane- Sparebankstiftinga Fjaler	<ul style="list-style-type: none">- Drift, lønsemd og resultat- Open og etisk forretningsførsel- Fordeling av gåver- Klima og berekraft	<ul style="list-style-type: none">- Faste møter
Lokalsamfunnet <ul style="list-style-type: none">- Ikkje- kundar- Politikarar- Utdanningsinstitusjonar- Gåvemottakarar- Sponsorat	<ul style="list-style-type: none">- Open og etisk forretningsførsel- Økonomisk kompetanse- Næringsutvikling- Samfunnsansvar, gåver og sponsorat- Støtte til utdanning og innovasjon- Stipend til unge talent	<ul style="list-style-type: none">- Arrangement- Gåver- Sponsorat- Media
Dotter- og deleigde selskap <ul style="list-style-type: none">- Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS- Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS- Bankeigedom Sogn og Fjordane AS- Frende Forsikring, Balder, SB 1 Finans MN AS, Vipps,	<ul style="list-style-type: none">- Drift, lønsemd og resultat- Samfunnsansvar- Klima og berekraft (ESG)	<ul style="list-style-type: none">- Fysiske og digitale møter- E-post og telefon
Ratingbyrå og analytikarar <ul style="list-style-type: none">- Moodys Analytics	<ul style="list-style-type: none">- Drift, lønsemd og resultat- Klima og berekraft (ESG)	<ul style="list-style-type: none">- Fysiske og digitale møter- E-post og telefon
Leverandørar <ul style="list-style-type: none">- IT, marknad, revisjon, konsulentverksemd, HR, HMS, pengetransport, sikkerheit, energi osb.	<ul style="list-style-type: none">- Pris og vilkår- Arbeidsrettar- Retningslinjer og policy innan berekraft- Ansvarleg innkjøp	<ul style="list-style-type: none">- Dialog rundt anbod- Fysiske og digitale møter- E-post og telefon



BEREKRAFTSVEDLEGG

INTERESSENTGRUPPE	TEMA INTERESSENTANE ER OPPTATT AV	MØTEPLASS FOR DIALOG
Styresmakter	- Drift	- Fysiske og digitale møter
- Finanstilsynet	- Reguleringar	- E-post og telefon
- Norges Bank	- Personvern (GDPR)	- Rapportering
- Konkurransetilsynet	- Kvitvaskingslova	- Inspeksjon
- Datatilsynet	- Informasjonssikkerheit og stabile IT-system	
- Storting og regjering	- Ansvarleg utlån og investering	
- Fylkes-og kommunale organ		
Investorar	- Eigarstyring og selskapsleiing	- Heimeside
- Investorar, meklarar	- Arbeidsrettar	- E-post og telefon
	- Ansvarleg og etisk forretningsførsel	
	- Berekraft (ESG)	
	- Berekraftige produkt	
Styret/generalforsamling	- Drift, lønsemd og resultat	- Faste månadlege møter
- Styreleiar og -medlem	- Eigarstyring og selskapsleiing	- Fysiske og digitale møter
	- Klima og berekraft	- E-post og telefon
Konkurrentar	- Rammevilkår for banknæringa	- Møter
- Lokale, nasjonale og internasjonale aktørar	- Klimarisiko	- Dialog
	- Arbeid med berekraft (ESG)	- Ulike arrangement
Interessentorganisasjonar	- Banken sitt arbeid med berekraft	- Møter
- Finans Norge	- Likestilling og mangfald	- Konferansar og seminar
- UN Global Compact	- Klima og miljø	- Rapportering
- Miljøfyrtårn		
- Miljøvernorganisasjonar		
Media	- Samfunnsansvar	- Pressemeldingar/konferansar
- Lokalaviser	- Støtte til lokalt næringsliv	- Blogginlegg, sosiale media
- Regionale og nasjonale media	- Drift, lønsemd og resultat	- E-post og telefon
	- Likestilling og mangfald	



BEREKRAFTSVEDLEGG

Oversikt over interessentar

I 2022 gjennomførte banken ei vesentlighetsanalyse og avdekket kva berekraftstema som var viktig for interessentane våre. I arbeidet med analysa vart det gjennomført spørjeundersøkingar med personkundar og tilsette, og dialog med våre største eigarar, leverandørar og andre samarbeidspartanarar. I undersøkinga kom det tydeleg fram at både eigarar, tilsette og kundar forventa at banken har berekraftsarbeid høgt på agendaen. I undersøkinga vart interessentane bedt om å liste opp kva berekraftstema dei meinte var mest vesentlege for banken. For å sjå nærare på kva tema som er vesentlege har vi sett svara frå undersøkinga inn i ei matrise. Tema som er sett på som dei mest vesentelege for interessentane og banken er rapportert i GRI-indeksen i årsrapporten og i berekraftsvedlegga.

Viktig for interessentane	Vesentleg	<ul style="list-style-type: none"> Digital sikkerhet 	<ul style="list-style-type: none"> Økonomisk kriminalitet Likestilling Anti-korrupsjon Ansvarleg utlån
	Viktig	<ul style="list-style-type: none"> Gåver til almennnyttige formål Personvern Lokalt eigarskap 	<ul style="list-style-type: none"> Stille berekraftkrav til kundar Redusere klimagassutslepp Stille beredskapskrav til leverandørar
		Viktig	Vesentleg
Viktig for Sparebanken Sogn og Fjordane			

Økonomisk kriminalitet

Viktigaste styrande dokument

Overordna rutine for tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering.

Heng saman med FN's berekraftsmål (SDG)



Kven har ansvaret for dette i banken?

Divisjon for forretningsstøtte ved avdeling økonomisk kriminalitet

ØKONOMISK KRIMINALITET

KVIFOR ER DETTE VESENTLEG FOR OSS

Økonomisk kriminalitet, som bedrageri, korrupsjon, arbeidslivskriminalitet, kvitvasking og skatteunndraging er eit alvorleg samfunnsproblem og ein trugsel mot velferdssamfunnet samstundes som det undergrev eit berekraftig næringsliv med fri konkurranse på like vilkår. Nedkjemping av økonomisk kriminalitet, som kvitvasking av pengar tent på kriminell verksemd er eit viktig arbeid. Det er ein del av samfunnsoppdraget vårt å sørge for at næringa ikkje blir utnytta til ulovlege forhold gjennom tenesta og produkta våre.

KORLEIS HANDTERER OG EVALUERER VI DETTE TEMAET?

Dette er eit område som har høg prioritet i banken. Vi tar samfunnsansvaret på alvor gjennom å sikre god etterleving av lovar og reglar knytt til arbeid mot kvitvasking og terrorfinansiering. Dette for å sikre god økonomisk berekraft og samfunnsutvikling. Banken skal identifisere og vurdere risikoen for kvitvasking og terrorfinansiering knytt til verksemda, og syte for nødvendige mottiltak baserte på denne risikovurderinga. Banken har ingen toleranse for å verte nytta til kvitvasking eller terrorfinansiering.

GJENNOMFØRTE TILTAK I 2022

